



Årsmelding Noregs Mållag 2022–2024





Form: Fonna Forlag
Foto framseite: Jonas Ekströmer / TT Nyhetsbyrån

Årsmelding for Noregs Mållag 2022–2024 med arbeidsprogram for 2022–2026

Innhold

- 4** Leiar
- 6** Føreord
- 8** Opplæring
- 22** Kultur og media
- 30** Samfunnsliv
- 34** Det offentlege Noreg
- 40** Organisasjonen
- 54** Økonomi
 - 57 REKNESKAPEN
 - 62** Tillitsvalde, tilsette og oppnemnde
 - 64** Norsk Målungdom
 - 66** Nærskylde
 - 74** Vedlegg og statistikk
 - 74 NYNORSK SKULEMÅL
 - 76 LAG OG MEDLEMSTAL
 - 82 MØTEVERKSEMD
 - 85 MØTEVERKSEMD NYNORSKSTAFETTEN
 - 88 PRESSEMELDINGAR OG DEBATTINNLEGG
 - 89 SKULEMÅLSRØYSTINGAR 2011–2023
 - 90 REVISJONSmeldingar

Leiar

Foto: Kristianne Marøy



Då Noregs Mållag var samla til landsmøte på Gardermoen for to år sidan, hadde vi det høgste medlemstalet sidan 1985. Når vi no møtest til landsmøte igjen, har vi sett enno ein medlemsrekord: 15 483 (2021) har blitt til 15 682 (2023). Få ting er kjekkare enn medlemsvekst. Vi må vinne medlemene på nytt kvart år, og veksten dei siste åra er eit resultat av godt arbeid. Javisst kom det mange nye medlemer som protest mot FpU sin F**K NYNORSK-kampanje i 2021, og svært mange feira Nobelprisen til Jon Fosse med å melde seg inn i mållaget. Likevel: Størsteparten finn vegen til mållaget fordi dei ser at arbeidet vi gjer er viktig. Vi må vere relevante og gjere alt vi kan for å tryggje rettane til nynorskbrukarane, og vi må heile tida verve nye medlemer slik at vi blir ein endå sterkare organisasjon. Då kan vi setje meir makt bak dei politiske krava våre.

Denne perioden har vore prega av arbeidet med ny opplæringslov. Det er få saker vi har jobba så grundig og systematisk med, som denne lova. Då Stortinget banka henne gjennom, hadde vi vunne store og viktige sigrar, men måtte også konstatere at vi ikkje kom i mål med alt vi ville.

Det første først: Odda-modellen blir no nasjonal politikk. Ungdomsskulelever har fått ein lovfesta rett til å gå i eigne nynorskklassar. Det er verkeleg ikkje kvar dag vi får lovfesta heilt nye rettar som er så viktige for nynorskelevane. I språkblanda område vil dette kunne motverke språkbyte frå nynorsk til bokmål, og sikre ei kvalitativt betre lese- og skriveopplæring. Her er det berre å gratulere og takke alle i mållaget som har jobba utrøytteleg med saka over fleire år. Det er likevel for tidleg å sleppe saka heilt. Kommunane må få god informasjon om dei nye rettane og gode vilkår for å innfri dei.

Vi fekk også gjennomslag for at skriveprogram må kunne nynorsk for å vere lovlege å bruke i skulen. I dag er nynorsk stavekontroll anten mangelfull eller fråværende. Mange elevar får raude strekar under nynorske ord dei har skrive rett.

Altfor stor del av skulekvardagen til nynorskelevane går føre seg på bokmål, og i ei tid der meir og meir av opplæringa skjer på skjerm, blir denne trenden forsterka. Årsaka er enkel: mangel på digitale læremiddel og læringsressursar på nynorsk. Læremiddel har krav på seg til å liggje føre i både nynorsk- og bokmålsversjon, medan læringsressursar ikkje har det. Det er høgst problematisk når vi veit at ulike læringsressursar dominerer i klasserommet. Vi ønskte eit krav om at digitale læringsressursar som er utvikla til bruk i skulen, må finnast på nynorsk. Det gav ikkje Stortinget oss. Dei vil heller undersøkje kor stort problemet er og kome tilbake til spørsmålet. Eg er ganske trygg på kva svar dei finn.

2023 blei eit jubelår for nynorsken. Noregs Mållag sette medlemsrekord, vi fekk viktige politiske gjennomslag, og Jon Fosse vann Nobelprisen i litteratur. Han har vist at nynorsk er det vesle språket for den verkeleg store litteraturen, og hausten i fjor blei ein einaste lang Fosse-fest. Det var useieleg stort å vere til stades i Stockholm då svenskekongen gav nynorsk-kongen prisen. Sjølv takka Fosse nynorsken, og sa det var ein pris til nynorsken og den nynorske målreisinga. Sjølv takk, Jon!

Styret i Noregs Mållag svarar til landsmøtet, og arbeidsprogrammet er den store bestillinga frå organisasjonen til styret: Dette skal de jobbe med og for. Eg er stolt over det vi kjem tilbake til landsmøte med etter to av fire år i inneverande arbeidsprogramperiode. Vi

har kunna gule ut mange punkt i programmet. Det er viktig i seg sjølv, men motiverer til innsats i to nye år.

Det har lenge vore eit arbeidsprogrampunkt at Noregs Mållag skal kome i eige hus, og i fjor lukkast vi endeleg med å gå frå leige til eige. No har vi nyoppussa og flotte kontorlokale i Dronningens gate i Oslo - og vi eig dei sjølv. Der er de alltid velkomne. Vi har flotte møterom, kontor og lager, og dette blir eit løft både for sentrallekken og for resten av organisasjonen som kan kome innom, for små og store møte. Dessutan kjenner eg meg trygg på at det er ei økonomisk trygg investering å sitje på fast eigedom i hovudstaden.

Det er krevjande å oppsummere to innhaldsrike år i ein kort leiarteig, men over har eg løfta fram nokre av dei største hendingane. Den nynorske kvardagen er likevel full av både små og store kampar som må kjempast. Det er fredstid i mållaget, men stor vilje til strid.

Det kjem godt med når vi halde fram kampen for at du og eg skal få sjå, møte og bruke språket vårt, overalt og alltid!.

Peder Lofnes Hauge
Peder Lofnes Hauge
leiar i Noregs Mållag



Styret 2022–2024: (f.v.) Anders Riise, Inger Johanne Sæterbakk, Kjetil Aasen, Peder Lofnes Hauge, Synnøve Marie Sætre, May Britt Jensen og Tobias Christensen Eikeland. (Foto: Kristianne Marøy)

Føreord

Styret legg med dette fram årsmelding for perioden 2022–2024 slik § 5.1 i lov for Noregs Mållag seier.

Årsmeldinga dekkjer perioden 14. februar 2022 til 6. mars 2024. Dei siste vekene fram til landsmøtet vil bli oppsummerte i årsmeldinga for neste arbeidsbolk.

Noregs Mållag er ein landsfemnande, friviljig medlemsorganisasjon med skrivarstove i Oslo. Det har ikkje vore fysiske ulukker eller skadetilfelle i perioden. Sjukefråværet har vore 41 dagar i 2022 og 82 dagar i 2023, noko som utgjer 2,5 og 5,1 prosent. Årsaka til det høgare fråværet i 2023 er ei langtidssjukmelding, og i ein liten stab gjer slike fråvær store prosentutslag.

Arbeidsmiljøet blir rekna som godt, og Noregs Mållag følgjer prinsippa for likestilling i arbeidslivet både når det gjeld lønnpolitikk og tilsetjingar. Verksemda til Noregs Mållag ureinar ikkje det ytre miljøet. Årsrekneskapen for 2022 gjekk 64 000 kroner i overskot og i 2023 vart det 3 461 000 kroner i overskot. Det uvanlege overskotet kjem av salet av leilegheita Mållaget har eigd i Oslo sentrum. Pengane er brukte til kjøp av kontorlokale, men inntekta skal etter rekneskapsreglane inntektsførast i driftsrekneskapen. Den samla eigenkapitalen er eit godt grunnlag for drift dei komande åra. Sommaren 2023 kjøpte Noregs Mållag kontorlokale, og såleis har den langsiktige økonomiske situasjonen endra seg til det betre, om han kortsiktig er nokså lik som før. No er vi i starten på ei tid der vi kan byggje kapital

gjennom å betale ned på eige lån i staden for å betale husleige til andre.

Årsmeldinga er ein rapport for dei første to åra av den fireårige arbeidsprogramperioden 2022–2026. Teksten følgjer strukturen i arbeidsprogrammet så godt det lèt seg gjere. Årsmeldinga omtalar i hovudsak arbeid som er gjort eller som det er tatt initiativ til frå styret og skrivarstova i Noregs Mållag. Ho omtalar dessutan noko av det arbeidet lokal- eller fylkeslag gjer og også tilskipingar og særskilde hendingar som nærskyldde organisasjonar har stått for. Årsmeldinga tar likevel ikkje mål av seg til å yte rettferd til det store arbeidet som blir lagt ned av lokal- og fylkeslaga i organisasjonen.

Årsmeldinga skal danne grunnlaget for landsmøtet si vurdering av arbeidet til styret og stoda for målreisinga og heile samskipnaden. I tillegg har årsmeldinga ein viktig funksjon som ein rapport frå Noregs Mållag til offentlege og private tilskotsytarar og samarbeidspartnarar. Språkrådet gir år om anna ut rapporten Språkstatus, sist gong 2021. Nynorsk kultursentrums tidlegare gitt ut Språkfakta, og Ottar Grepstad følgde opp hausten 2020 med Språkfakta 2020. Saman gir desse ulike rapportane eit utfyllande oversyn over stoda for nynorsk.

OSLO, MARS 2024

Peder Lofnes Hauge (leiar) | Synnøve Marie Sætre (nestleiar) | Anders Riise
Inger Johanne Sæterbakk | May Britt Jensen | Tobias Christensen Eikeland (NMU)
Espen Tørset (1. vara)

Arbeidsprogram 2022–2026

All tekst med oransje bakgrunnsfarge er det vedtekne arbeidsprogrammet frå landsmøtet i 2022.

Innleiing

Stoda for nynorsk i dag er delt. I dei sterkeste områda, dei såkalla kjerneområda, aukar bruken av og statusen til nynorsken. Samstundes aukar presset i utkanten av kjerneområda, dei såkalla randsonene. Her er språkskiften stort, og nynorsk er mindre synleg i ålmenta.

Nynorsk er eit språk for heile Noreg, med eit ankerfeste i kjerneområda. Sterke kjerneområde styrer nynorsken som nasjonalspråk. Kjerneområda og nynorskbrukarane utanfor kjerneområda er gjensidig avhengige av kvarandre. Det finst nynorskbrukarar over heile Noreg, og utan dei som brukar og arbeider for meir nynorsk, er offisielle språkrettar og statusen til nynorsk som offisielt språk utsette.

Nedgangen i talet på nynorskelevar er i stort mon eit resultat av demografiske endringar. Det er viktig å sikre befolkningsgrunnlaget i nynorskområda, og Noregs Mållag må derfor stø ein politikk som sikrar at det bur folk i nynorskområda, samstundes som nynorsken vert sikra i byane.

Nynorsk er ein livskraftig skriftkultur med stor tekstproduksjon, og stadig nye forfattarar skriv nynorsk. Det vert skrive meir nynorsk enn nokon gong, og motstanden mot nynorsk er mindre enn han var. Nynorsken er meir enn eit skriftspråk, han er òg ein kultur og ein identitet. Noreg er eit fleirspråkleg land, og nynorsk er ein sentral del av språkmangfaldet i Noreg.

Den 1.1.2022 tredde den nye språklova i kraft. Med det har Noreg fått ei lov som seier klårt frå om at det offentlege skal ta eit særleg ansvar for å fremje nynorsk som det mindre brukte norske språket. Dette er viktig for å kunne få på plass dei politiske tiltaka som må til for å sikre reell jamstilling mellom bokmål og nynorsk, og sikre nynorsk som ein livskraftig skriftkultur med trygge brukarar.

Fem prioriterte saker

Gjennomføring av språklova

Den nye språklova er svært viktig å følgje opp framover. Føremålsparagrafen i lova slår fast det offentlege sitt særlege ansvar for å fremje nynorsk, som det minst brukte norske skriftspråket. Dette må føre til ein langt meir offensiv språkpolitikk.

Ny opplæringslov

Noregs Mållag fekk viktige gjennomslag i framlegget til ny opplæringslov. Særleg er språkdelte ungdomsskule ein viktig siger. Fram til den nye opplæringslova er vedteken og sett i kraft, må arbeidet for å få gjennomslag for fleire av krava våre, særleg krava til digitale lærermiddel, digitale læringsplattformer og kontorstøtteprogram, vere høgt prioritert.

Digitalisering og språkteknologi

Utviklinga av språkteknologisk programvare, læringsverktøy, lærermiddel og anna programvare har i aukande grad innverknad på språktillhøva i Noreg. Om staten ikkje grip inn, vil denne utviklinga i stor grad vere styrt av internasjonale selskap utan ansvar for den norske språksituasjonen. Det er viktig å leggje politisk press på dei store selskapa og på dei store prosjekta som skal arbeide med språkteknologi i Noreg.

Lærar- og barnehagelærarutdanningane

I dag er det ulik praksis for å gi nynorskopplæring i lærarutdanningane på dei ulike utdanningsinstitusjonane. Lærarutdanninga må gjere framtidige lærarar kompetente til å undervise på og i nynorsk, og barnehagelærarutdanninga må gjere barnehagelærarane i stand til å førebu borna på å verte nynorskelevar. Staten og utdanningsinstitusjonane må ta større ansvar for å oppnå dette.

Organisasjon

Noregs Mållag har auka medlemstalet frå 10.433 medlemer i 2011 til 15.483 i 2021. Vi må vere i stand til å auke medlemstalet vidare og få fleire aktive medlemer og lag. Det må vere ei særleg oppgåve for Noregs Mållag å rekruttere fleire medlemer mellom personar med minoritetsbakgrunn. Ein større og sterkare organisasjon gjer det mogeleg å sikte høgare og nå meir ambisiøse mål. Det er eit sjølvstendig mål å ha ein så sterk organisasjon som mogeleg. Det er òg viktig for å få større politisk gjennomslag.

Opplæring

Det er i skulen nye nynorskbrukarar kjem til og fell frå. Korleis born vert møtte som nynorskelever, er avgjerande for om ein klarer å halde på desse borna som nynorskbrukarar livet ut. Korleis born møter nynorsk som sidemål, er avgjerande for om dei vel å byte hovudmål til nynorsk seinare. Difor er opplæringslova ei vel så viktig språklov som språklova. Den nye opplæringslova kjem mest truleg til å verte vedteken i denne fireårsperioden, og arbeidet med lova vert viktig å prioritere for Noregs Mållag.

BARNEHAGE

I dag er det ikkje fastsett noko oppleringsspråk for barnehagane. Det tyder at born som skal ta til med nynorsk på skulen, i praksis kan gå gjennom barnehagen utan å møte nynorsk i det heile. Noregs Mållag meiner at barnehagen må førebu borna i nynorskområda til å verte nynorskelever, og at alle born skal møte nynorsk og den lokale dialekten uansett kvar i Noreg dei bur.

Noregs Mållag meiner:

- Barnehageborn må få språklege rettar slik skuleelevar har.
- Rammeplanen for barnehagelærarutdanninga må krevje at barnehagelærarane skal kunne førebu borna på å verte nynorskelever, og at alle skal møte nynorsk og den lokale dialekten, uansett kvar dei bur i Noreg.

Over 90 prosent av alle born i alderen 1–6 år går i barnehage, og barnehagen har i mange år vore minst like viktig for språklæring og språkopplæring som heimen er. Det opnar for ei mogleg medviten språkopplæring som førebur borna til å leve i eit tospråkleg Noreg og som sikrar at overgangen til skulen blir så god som råd.

Språklæringa som borna får i barnehagen, vil ha store konsekvensar for både skrift- og talemålsutviklinga i Noreg. Styresmaktene har siste tiåra satsa tungt på å auke kunnskapen om språk og språkutvikling, vere seg fleirspråklege born, teiknospå og siste åra også samisk. Derimot finst det knapt eit einaste ord i sentrale styringsdokument om korleis barnehagane førebur dei over 7000 ungane - som skal starte som nynorskelever på skulen.

Sidan 2014 har Noregs Mållag gjennomført årvisse vitjingar i dei aller fleste nynorskkommunane i Noreg. På desse kommunevitjingane har vi vore i godt over 100 barnehagar der opplæringsmålet i skulen er nynorsk. I altfor mange av desse barnehagane er det ikkje ein opplagd samanheng mellom språket ein møter, syng, les og leikar på i barnehagen og opplæringsspråket i skulen. I samtalar med styrarar og barnehagelærarar i desse barnehagane kjem det fram at dei ikkje på noko som helst tidspunkt har tematisert at barnehagane skal førebu borna og foredra deira på at borna skal bli nynorskelever, t.d. gjennom val av songar, høgtlesingsbøker og andre språkstimuleringstiltak. Svært få barnehagelærarar utdanner tematiserer dette.

Barnehagen skal ikkje vere ein skule der borna blir målte og vurderte i ‘kompetansar’. Barnehagen skal framleis vere prega av leik og moro, av utforsking og læring gjennom deltaking. Like fullt er denne leiken og moroa også læring. Borna tek med seg dei røynslene dei får gjennom leik og andre aktivitetar, som grunnlag for å byrje på skulen. Det store skiljet i språklæringa mellom barnehagar og nynorske barneskular sikrar ikkje, slik lova krev, ein trygg og god overgang frå barnehage til Barneskule.

Juni 2023 vart rammeplanen for utdanninga av barnehagelærarar vedtatt. Rammeplanen stadfestar at kandidatane skal meistre norsk språk, både bokmål og nynorsk på ein kvalifisert måte i profesjonssamanhang, men gjer det ikkje tydeleg at kandidatane må kunne førebu borna til å starte med både nynorsk og bokmål

som hovudmål i barneskulen. Noregs Mållag var aktiv i høyringsrunden før rammeplanen vart vedtatt.

Hausten 2023 var der ute ei høyring på endringar i barnehagelova. I denne runden hadde departementet føreslått endringar til lovteksten om styring og finansiering av barnehagane. Språket i barnehagen er eit leiaransvar, og i etableringa og drifta av barnehagen er språklege krav viktige for at borna skal få språkstimming som svarar til hovudmålet dei seinare skal ha på skulen.

- Barnehageborn skal møte nynorsk gjennom språkstimmingsmateriell, litteratur, leik og song./Alle barnehageigarar, både offentlege og private, må ta ansvar for nynorsk./Mållaget sentralt skal arbeide saman med lokale mållag for lokale rammeplanar som seier noko om korleis borna skal møte nynorsk.

I dei 90 nynorskkommunane i Noreg kan vi telje på ei hand dei som strekar under i kommuneplanane sine at barnehagen skal førebu borna og foreldra på at borna skal bli nynorskelevar. Skrivarstova har gått gjennom alle årsplanar og andre planar til alle barnehagar som sender born til nynorskskular. I dei tre jørkommunane Hå, Time og Klepp er det snaue 7000 nynorskelevar. I dei 53 barnehagane i desse tre kommunane er det fem barnehagar som nemner nynorsk i planane sine. Ingen av kommunane nemner nynorsk i 'kvalitetsplan for skule og barnehage'.

Like fullt byrjar arbeidet til målrørsla, særleg lokal- og fylkeslaga med kvart å bere frukter:

I Arna har Garnes skule og dei barnehagane som sender ungar til skulen, samarbeid tett om språklæringa mellom barnehage og skule. Barnehagane og skulen samarbeider om og dreg vekslar på kvarandre om språklæringa. Føremålet for Garnes skule er å auke talet på nynorskelevar i 1. klasse. Dette er mellom dei første organiserte forsøka på å skape samanheng i språklæringa mellom barnehagar og nynorskskular. Såleis kan det ta til før det tar til å verke, men det er berrsynt at slike tiltak er avgjerande for å styrke og tryggje nynorskskular i randsona. I Hordaland har «Garnes-modellen» vorte presentert for styrarane i barnehagane i Øygard kommune og fylkeslaget og lokallaga Alver prøver å få Alver kommune til å gjere like eins. Saman med Hordaland Mållag tok vi opp emnet med Hardanger og Voss kompetanseregion.

I Gudbrandsdalen har Austmannalaget sett i gang eit 3-årigt tiltak som skal skape betre samanheng i språklæringa mellom barnehage og skule. I Ålesund har lokal- og fylkeslaget sett i gang kurs for dei tilsette i over 60 barnehagar. Nynorssenteret er tungt inne i begge tiltaka med svært dyktige fagfolk. Desse tiltaka har kome i gang etter tett samarbeid mellom skrivarstova og laga.

I perioden har skrivarstova saman med lokallag vitja så vel mange barnehagar og skular som kommunale leiarar i oppvekstavdelinga der det overordna målet har vore å skape medvit om samanheng i språklæringa mellom barnehage og skule. På Nynorskstafetten i 2023 var samanhengen barnehage – skule eit sentralt emne i alle kommunar der nynorsk er hovudmålet på skulane.

SKULE

Noregs Mållag fekk viktige gjennomslag i framlegget til ny opplæringslov. Særleg er språkdelte ungdomsskule ein viktig siger. Fram til den nye opplæringslova er vedteken og sett i kraft, må arbeidet for å få gjennomslag for fleire av krava våre, særleg krava til digitale læremiddel, digitale læringsplattformer og kontorstøtteprogram, vere høgt prioritert.

NY OPPLÆRINGSLOV

Noregs Mållag har vore spesielt opptatt av at situasjonen for digitale læremiddel og læringsressursar er svært därleg for nynorskelevane. I 2018 laga vi ein eigen rapport om dette emnet og hadde kunnskapsministeren på landsmøtet for å setje søkjelyset på det. Allereie då var målet lovendring og at det måtte kome i arbeidet med ny opplæringslov. I 2019 kom ein NOU, og etter høyringsrunden la Kunnskapsdepartementet fram framlegg til ny opplæringslov rett før stortingsvalet i 2021. Denne fekk ein eigen høyringsrunde, og deretter vart det sagt at ny opplæringslov var venta før påske i 2023. På landsmøtet i Noregs Mållag i april 2022 var dåverande kunnskapsminister Tonje Brenna på besøk, og ho gav få lovnader til den nye lova. Våren og hausten 2022 var vi i kontakt med det sentrale politiske miljøet for å peike på dei tre viktigaste sakene frå høyringsværet vårt. Det viktigaste var språkdelte ungdomsskule, krav om skriveprogram på nynorsk og bokmål, og krav om at også læringsressursar vart lagde inn i lova. På vinteren 2023 hadde vi fleire møte med dei viktigaste politiske partia på Stortinget, der vi la vekt på desse krava. Opplæringslova har vore høgt prioritert i store delar av arbeidsperioden. Det har gått på kostnad av mange andre arbeidsfelt, men styret meiner likevel at det har vore ei rett prioritering. Opplæringslova er ei vel så viktig språklov som språklova, og det var viktig å gjere det vi kunne for å kome godt i mål her.

Då opplæringslova vart lagd fram av kunnskapsministeren, var vi nøgde med særskilt at språkdelte ungdomsskular blir ein del av opplæringslova og vedtak om at skriveprogram i skulen skal vere på både nynorsk og bokmål. I pressemelding 24. mars var Noregs Mållag svært tydelege på at framlegget til opplæringslov forsterka læremiddelkrisa for nynorskelevane. Leiar i

Opplæring

Noregs Mållag peika på at «departementet har laga eit kunstig skilje mellom «læremiddel» og «læringsressursar». Produsentane utnyttar dette smetholet i lova og lagar produkt som ikkje har nynorskversjon. Dette må Stortinget stogge med eit tydeleg lovkrav.»

Ei vike etter at den nye opplæringslova var lagd fram, hadde vi vårseminar i Ålesund. På førehand var det planlagt slik at emne knytte til opplæringslova var ein svært sentral del av programmet. Spesielt gjenomgangen til nestleiar Synnøve Marie Sætre over kva som var føreslått og ikkje, vart veldig viktig for det vidare arbeidet. Vårseminaret vart også ein viktig start på kampanjearbeidet for å få forbetra lova. Rett etter lova vart lagd fram, sende vi også ut ein SMS med spørsmål til medlemene våre om å gi støtte. Vi fekk inn 150 000 kroner til støtte for kampanjearbeidet til Noregs Mållag.

- Definisjonen i opplæringslova av kva eit læremiddel er, må femne om meir, slik at skuleigar ikkje kan fylle skulekvardagen til nynorskelevane med digitale læringsressursar på bokmål og engelsk.
- Skuleigar må ta ansvar for å kjøpe inn og bruke digitale verktøy som finst på nynorsk. Skuleigar må også sikre at nynorskversjonen vert brukt. Hovudmålet til eleven skal vere standardinnstilling på alle digitale læremiddel og læringsverktøy.
- Det må finnast ei kvalitetssikra liste over digitale læremiddel som finst på både nynorsk og bokmål.

LÆRINGSRESSURAR SOM ER UTVIKLA TIL BRUK I SKULEN

Då det vart tydeleg at lovproposisjonen til ny opplæringslov ikkje hadde med nokon endringar i definisjonen på eit læremiddel, eller andre element som skulle få språkkrav på same vis som dei tradisjonelle læremidla hadde, vart dette sett øvst på prioriteringslista. Desse avklaringane kom vinteren 2023, og i juni 2023 skulle den nye opplæringslova til vedtak i Stortinget.

I samråd med nærskyldje vart det lagt planar for det politiske arbeidet fram mot behandlinga i Stortinget. Det var spesielt nært samarbeid med Norsk Målungsdom, Nynorskcenteret, LNK og Nynorsk kultursentrums. Norsk Målungsdom og Noregs Mållag laga eige kampanjemateriell med teksten: «Vi støttar nynorskelevane!» For å koordinere arbeidet oss i mellom hadde vi ganske ofte og jamlege møte utetter vinteren og våren. Vi valde å gå vekk frå ønsket om at læremiddeldefinisjonen skulle bli utvida, til at vi heller ønskte eit tillegg i lovparagrafen om læremiddel. Dette gjorde vi fordi det var sterke signal frå styresmaktene om at ei endring av læremiddeldefinisjonen ikkje kunne kome til på den måten vi føreslo. Det ville gi eit altfor vidt omgrep. Vi bestemte derfor at vi heller kunne jobbe for at

«læringsressursar utvikla til bruk i opplæringa» skulle få eit parallelkrav. Omgrepet var det departementet sjølv som hadde kome fram til, og det gav eit tydeleg signal til kva type element som i det minste måtte ha parallelkrav til seg.

Vidare arbeidde vi på mange ulike vis med korleis vi skulle nå ut med bodskapen. Det var viktig at vi kunne gjere det tydeleg at dette ville svare på ei utfordring i klasserommet som mange kunne kjenne igjen. Derfor måtte vi kommunisere også med andre enn utdanningspolitikarane.

I februar 2023 fekk Noregs Mållag økonomisk støtte frå Sparebanken Vest til det politiske prosjektet med å kjempe for læremiddel-kvardagen til nynorskelevar. Pengane gav oss rom for å spele på mange strengar på ein gong. I samarbeid med byrået TRY laga vi ein kampanje. Vi ville nå ut med bodskapen om at nynorskelevar ikkje får sjå språket sitt i klasserommet, men at løysinga er rett rundt hjørnet. Vi fekk blant anna lov til å vise fram eleven Liv med ein tekst om skulekvardagen hennar. Det var TRY som administrerte kampanjen. Han vart lansert 4. april 2023, og var synleg i sosiale medium og på reklameplassar i avisar og andre nettsider.

Det var jamt og trutt ute lesarbrev og kronikkr om sakta. Spesielt tekstane «Mellan appar og berbare skjermar heve nynorsken mista sin heim» og «Det heiter ikkje: eg – no lenger. På internett heiter det jeg.», skrivne av Peder Lofnes Hauge, fekk mykje merksemd og vart godt lese.

Før den endelege lovproposisjonen for opplæringslova vart lagd fram, samla vi støtte frå lokalparti, kommunar, organisasjonar og institusjonar. Alle stilte seg bak kravet om at skriveprogram og alle digitale læremiddel og læringsressursar som blir laga for skulen, MÅ finnast på nynorsk, utan atterhald.

I byrjinga av mai 2023 lanserte vi lista som viste at 120 ordførarar hadde skrive under oppropet vårt for å sikre nynorskkrav til læringsressursar laga for bruk i skulen. Teksten ordførarane stilte seg bak, var denne:

«Den nye opplæringslova er ikkje god nok for lærarane og nynorskelevane. Språkdeling i ungdomsskulen og krav om nynorske skriveprogram er veldig bra, men situasjonen i nynorskklasseromma er så alvorleg at utan endringar i Stortinget vil den nye opplæringslova føre til svært ulike læringsvilkår mellom nynorsk- og bokmålselevane.

Difor ber vi Stortinget leggje «læringsressursar som er laga for bruk i opplæringa» inn under parallelkravet om bokmåls- og nynorskversjon. Berre slik kan nynorskelevane få ein skulekvardag på språket sitt.»

I mai hadde vi også kampanje på Youngstorget utanfor landsmøtet i Arbeidarpartiet. Det var tydeleg at om vi fekk snudd Arbeidarpartiet, ville vi også få gjennomslag for framlegget vårt. Derfor samla vi staben og tilsette i Norsk Målungsdom til aksjon før lands-



Det blir også tid til lagbilete når statsråden for kunnskap vitjar landsmøtet. F.v.: Synnøve Marie Sætre, nestleiar i Noregs Mållag, Tonje Brenna, dåverande kunnskapsminister, Tobias C. Eikeland, leiar i Norsk Målungdom og Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag.
(Foto: Kristianne Marøy)

møtet i Ap. Medan delegatane stod i kø på veg inn til landsmøtet, delte Noregs Mållag ut flygeblad og tok læringsressurs-praten med landsmøteutsendingane i køen. Vi arbeidde for at møtet skulle vedta gode ord i landsmøtefråsegnene og at dei skulle ta med læringsressurs-praten inn i landsmøtet. Saka vart diskutert på talarstolen og i fråsegnsnemnda, men vi fekk ikkje ein like tydeleg ordlyd vedtatt, som vi hadde ønskt.

Vi møtte sjølvsgatt i høyringa i utdanningskomiteen på Stortinget, samordna med dei andre nynorskforetaka, og vi hadde også tett kontakt med dei viktigaste partia heilt inn mot sluttbehandlinga i partigruppene. Sjølv etter mykje arbeid vart det ikkje gjennomslag i Stortinget. Opplæringslova vart vedtatt utan at læringsressursar fekk parallellekkrav, og læremiddelsituasjonen vart ståande uendra for elevar. Utdanningskomiteen vedtok ein merknad til lova med krav om at departementet må hente inn kunnskap om læringsressursar:

«Stortinget ber regjeringen gjennomføre en kunnskapsinnhenting rundt omfanget av bruken av læringsstøttende ressurser i oppleringen som ikke foreligger på begge målformer, og komme tilbake til Stortinget med en vurdering av i hvilken grad dette påvirker særlig nynorsk-elevenes rett til opplaring på eget språk.»


Etter vedtaket uttrykte Mållaget at vi var sterkt skuffa over at det ikkje vart endring. Og vi var tydelege på at dette skulle vi kjempe vidare for.

Hausten 2023 møtte vi leiar og nestleiar av utdanningskomiteen på Stortinget til ein samtale om utfallet av opplæringslova og arbeidet vidare for å finne ei løysing på læremiddelutfordringa. Noregs Mållag har vidare følgt med på prosessen med kunnskapsinnhentinga, som Utdanningsdirektoratet har fått oppgåva med å utføre. I starten av februar 2024 leverte vi innspel til Udir om korleis arbeidet med kunnskapsinnhentinga best bør utførast. Det vart også spelt inn at dette er eit godt høve til samtidig å lage ei oversikt over kva ressurser som i dag er på både bokmål og nynorsk. Udir har sett som mål å levere rapporten til desember 2025.

ANDRE TILTAK

Ordninga med rådgjevande skulemålsrøystingar skal videreførast. Likevel skal det ikkje vere høve til å endre skulemålet frå nynorsk til bokmål dersom det er fleirtal for nynorsk i røystinga. Det må uansett vere to tredjedels fleirtal i kommunestyret for å endre skulemålet frå nynorsk til bokmål.

Arbeidet for at skulemålsrøystingsregelverket som eit minimum må videreførast, har vore del av heile



Ein prat med Maurtua barnehage i Bø i høve Nynorskstafetten 2022. Inger Årdalen, styrar i Maurtua barnehage (t.v.) og Hege Lothe, informasjons- og organisasjonsrådgivar i Noregs Mållag. (Foto: Vemund Knudsen)

prosessen med opplæringslova. For å korte ned opplæringslova er delen om røysterett og organisering av røystinga tatt ut av opplæringslova og står no berre i forskrifta. Samanlagt er regelverket som er føreslått, likt, men det har fått noko svakare status. Regjeringa kan no utan å gå gjennom Stortinget endre på reglane for kven som til dømes har røysterett ved skulemålsrøysting.

Noregs Mållag har vore tydeleg på at dette er ei svekking av regelverket. I innspel til ny forskrift for opplæringslova har vi også spelt inn at om fleirtalet i ei folkerøysting om skulemål i ein kommune ønskjer nynorsk som opplæringsspråk, må det vege tungt nok til at kommunen ikkje kan gjere vedtak som går mot folkerøystinga. Vi har i tillegg tatt opp med komiteen at endring av opplæringsspråket til bokmål må ha to tredjedels fleirtal i kommunestyret for å kunne gjenomførast.

- Opplæringsspråket i skulen skal vere norsk, samisk eller norsk teiknspråk, og det må ikkje opnast for forsøk med engelsk som opplæringsspråk.

I ny opplæringslov er det slått fast at opplæringsspråket skal vere norsk, samisk eller norsk teiknspråk.

Opplæringslova har også slått fast ein ny regel om hovudmål på ungdomsskular og vidaregåande skular. Det lagar spesielt utfordringar for vidaregåande skular. Der vel eleven sjølv hovudmål og har ikkje rett på språkdelte grupper. Såleis vil dei fleste vgs-klasseromma i randsonene ha elevar med begge hovudmåla. I eit slikt opplæringsmiljø er det svært uheldig om skulen har eit vedtak om bokmål som hovudmål. Det skal seiast at også Noregs Mållag i dei første høyringsinnspela berre kommenterte at dette kunne ha ein positiv effekt for elevar på skular der det vart gjort vedtak om nynorsk. Seinare har vi i større grad tatt inn over oss rekkevidda av uheldige konsekvensar ei slik einsretting av undervisningsspråket vil ha. Den siste tida før behandlinga av lova åtvara vi såleis politikarane sterkt mot å ha dette punktet med i lova, fordi konsekvensane ikkje var utgreidde på noko nivå. På nyåret 2024 har det vore diskusjonar i Vestland rundt hovudmålet i Bergens-skulen. Noregs Mållag jobbar i denne prosessen for at dei vidaregåande skulane i Bergen og Askøy skal få nynorsk som hovudmål, på same vis som i resten av Vestland.

- Skuleeigar må ta ansvar for at lærarar som skal undervise i og på nynorsk, har naudsynt kompetanse.

Både i arbeidet med opplæringslova, forskrift til opplæringslova, rammeplan for lærarutdanningane og kvalitetsutvikling i skulen-utgreiinga har Noregs Mållag spelt inn ansvaret kommunar og fylkeskommunar har for kompetanse i skulen. I den nye opplæringslova er ansvaret slått fast i § 17-1, ved teksten «Kommunen og fylke skal sørge for rett og nødvendig kompetanse i skulen». Vi har også hatt fokus på at lærarutdanninga og tilbod om vidareutdanning er viktig for at skuleigar skal kunne ta dette ansvaret.

- Nynorskelevar og bokmålselevar må gå i ulike grupper heile grunnskulen. Skulane må få tilstrekkelege midlar til å gjennomføre språkdeling.

Då opplæringslova vart lagt fram, vart det klart at språkdelt ungdomsskule vart ein svært viktig siger. Det er veldig lenge sidan nynorskelevane har fått tildelt ein ny rett, og slik sett var dette ein svært kjærkomen siger. Mållaget har tatt opp med Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet korleis denne retten praktisk skal gjennomførast. Dette er framleis ikkje heilt klart, og det har ikkje gått ut tydeleg melding til kommunane eller skulane om korleis retten skal administrerast. Frå 2024 er det lagt inn pengar i statsbudsjettet til tiltaket, og det er såleis heilt klart at regjeringa meiner alvor med å følgje opp den nye retten til å gå i eiga gruppe ut ungdomsskulen. Vi har arbeidd mykje for å sikre at finansieringa ikkje skulle bli ei utfordring i kommunane, og er glade for at det er på plass. Samtidig treng nok kommunane meir informasjon om detaljane i korleis dei vil kome ut økonomisk.

- Kravet om at det må vere att 10 elevar med det vedtekne opplæringsmålet i klassen for at ein kan skipe parallelklasser, må kome attende.

Mållaget har i fleire høyringsrundar knytte til opplæringslova, spelt inn at dette er eit viktig krav for dei få skulane det faktisk gjeld. Vi fekk ikkje gjennomslag i arbeidet med opplæringslova.

- Sidemålsundervisninga må byrje tidlegare, i tråd med læreplanen, og verte betre.
- Det skal vere eigen karakter i sidemål gjennom heile ungdomsskulen og vidaregåande skule. Eksamens i sidemål i vidaregåande skule skal vere obligatorisk.

Det har vore færre ordskifte om sidemål i denne perioden, men det har ved fleire høve vore stilt spørsmål

ved sidemålskarakteren på ungdomsskulen. Vinteren 2023 lanserte Høgre ei ungdomsskulereform. I denne er eitt av punkta at dei vil kutte sidemålskarakteren på ungdomsskulen. Framlegget kom utan mykje argumentasjon og vart heller ikkje gitt så mykje merksem. Noregs Mållag sende ut pressemelding med reaksjon på reforma. I november 2023 vart NOU 2023: 27 Et nytt system for kvalitetsutvikling – for elevens lering og trivsel lagt fram. Blant framlegga til tiltak er å kutte eksamenskarakter i ungdomsskulen. Utvalet vil med andre ord ta vekk alle eksamenskarakterar i ungdomsskulen. Sjølv om ikkje dette direkte rammar sidemålet aleine, er det ei innsikt å ta med seg. Diskusjonen rundt karakter i ungdomsskulen vil vi nok sjå meir til framover. Her er det viktig at karakteren i sidemålet ikkje skal bere meir bør enn andre karakterar. Noregs Mållag har svart på høyringa for utgreiinga og gjort det tydeleg at sidemålskarakteren er viktig.

Vi argumenterte med at i eit norskfag med ein full læreplan er eksamenskarakteren viktig for å sikre plass og rom til undervisning i nynorsk, spesielt som side-mål. Eksamenskarakteren er slik sett eit viktig insentiv for å sikre opplæring. I krava vi sender til dei politiske partia i programarbeidet mot valet i 2025, er det å halde på og løfte sidemålsordninga eitt av fem krav. Der skriv vi mellom anna:

«Obligatorisk skriftleg opplæring i begge skriftspråk på ungdomsskulen og vidaregåande skule er viktig. Eleven sin kunnskap i sidemålet må vurderast, både på ungdomsskulen og i studieførebuande vidaregåande opplæring. Denne kompetansen må også synleggjera på vitnemålet. Vurderinga i vidaregåande opplæring må vere gjennom eigen standpunkt-karakter og obligatorisk eksamen. Eksamens i sidemål og hovudmål skal gjennomførast samstundes i Vg3 og med same krav, men på to ulike dagar.»

I valkampen for fylkes- og kommunevalet 2023 rulla Framstegspartiets Ungdom (FpU) på nytt fram rullebanner med påskrifta F***K NYNORSK. Noregs Mållag var igjen tydeleg på at dette ikkje er grei kommunikasjon. Vi hadde fleire innlegg på Facebook og Instagram om saka og var også i debatt med FpU om kampanjen. Vi fekk fleire innmeldingar på saka.

- Det må setjast inn tiltak for å hindre språkskifte fra nynorsk til bokmål i ungdomsskulen og vidaregåande. Elevar med nynorsk som hovudmål i vidaregåande skule skal få ekstra konkurransepeng for å hindre taktisk språkskifte og oppmode elevar til å halde på nynorsk.
- Opplæringsspråket skal følgje eleven ut grunnskulen.

Det sentrale tiltaket vi har arbeidd med i perioden for å bidra til å hindre språkskifte i skulen, er å få gjennomslag for språkdelte klassar i heile grunnskulen. Vi veit at



James K Puchowski fekk tildelt nynorskstipend på 50 000 kroner. Han fekk stipendet for å lage ei innføringsbok for studentar om nynorsk og språkstoda i Noreg. Synnøve Marie Sætre, nestleiar i Noregs Mållag, delte ut stipendet på samling for tillitsvalde og unge vaksne hausten 2022. (Foto: Hege Lothe)

mange elevar byter hovudmål når dei kjem i mindretal, så det å få gå i eigen nynorskkasse, er eitt viktig grep, blant fleire. Vi spelte også inn i arbeidet med opplæringslova at opplæringsspråket må følgje eleven ut grunnskulen (altså at ein ikkje kan bytte hovudmål før på vgs.), men fekk ikkje gjennomslag for det.

- Statsforvaltaren eller Språkrådet må føre tilsyn med at dei språklege rettane til nynorskelevane etter opplæringslova ikkje vert brotne.

Riksrevisjonen har nyleg sett i gang eit arbeid for å undersøkje om alle elevar i den norske skulen får oppfylt rettane sine til læremiddel etter lova. Noregs Mållag har fått kome med innspel til arbeidet, og rapporten er venta å liggje føre før sommaren 2025. Vi bad for eit par år sidan om at Riksrevisjonen måtte gå gjennom alle sider ved det å vere nynorskelev. Dette arbeidet legg ikkje eit så vidt mandat til grunn, men det er eit svært viktig felt dei no tek tak i, så vi er glade for gjennomgangen.

- Dei største byane må ha eit fast tilbod om nynorskkasse, utan minstekrav til elevar.

Dette er også eit krav Mållaget har spelt inn i arbeidet med opplæringslova, utan på noko vis å vinne fram med det. Opprettinga av nynorskklassar på bokmålskskular skjer med ujamne mellomrom. I den tidlegare sterke parallelklasseregionen Sandnes/Nord-Jæren, merkar vi at arbeidet går mykje tregare enn før, og at interessa for slike klassar i kommunane er lågare enn før. Attåt Bergen har det vore arbeidd med parallelklasse i Trondheim, Ålesund, Ås, Sola, Karmøy og Aure. Somme av klassane som er oppretta, kom rett etter folkerøystingar om opplæringsmålet, i Aure og Karmøy. Fleire av dei nye nynorskklassane på bokmålskskular kjem på skular som nett har endra hovudmål frå nynorsk til bokmål etter folkerøystingar. Det gjeld m.a. på Karmøy og i Aure.

Som ein del av den svært offensive satsinga på Bergen som ‘nynorsksbyen’, sette bystyret av 1,7 millionar kroner for å styrke nynorskoplæringa allment

og særleg i Arna. Så vel leiinga i Noregs Mållag som skrivarstova har hatt fleire møte med kommunen saman med Bergen Mållag, Arna Mållag og Hordaland Mållag. Dessverre har vi ikkje fått mykje innverknad på satsinga *nynorskklasse på Minde skole*. Kommunen sette dessverre i gang alt for seint og dei sende ut til dels misvisande informasjon - mellom anna fekk alle foreldre til 6-åringar i Arna melding om at «nynorskelevane i 1. klasse i Bergen skal og må gå Minde skole». Mållaga i Bergen og skrivarstova sette i gang ein offensiv på våren, men det viste seg å vere for seint, og det vart ingen nynorskklasse på Minde. Seinare har kommunen tillate at ei lita gruppe på under ti ved Kringlebotn skole skal få ha nynorsk som hovudmål alle åra på barneskulen.

- Sentrallekken i Noregs Mållag må ha eit ekstra oppsyn med skulemålet i randsone. Skuleeigar må få styrkt kunnskapen om nynorskelevane sine rettar. Nynorskelevar skal ikkje misse språket sitt når skular vert lagde ned/Komande 1. klasseforeldre i randsona må prioriterast slik at dei får informasjon og oppmoding om å velje nynorsk for dei nye unge skuleborna.

I brytningsområde mellom nynorsk og bokmål er det støtt press på nynorskskular. Det gjeld rundt dei store byane, men òg i ytterkantane av randsone, t.d. gamle Fræna kommune i Romsdal. Somme lag har tradisjon med å påverke foreldre til nye elevar til å velje nynorsk, og dette er eit viktig tiltak for å sikre nok nynorskelevar på skulen. Til sist er det tyngre og strukturelle tiltak over tid som kan sikre stabilt høge tal på nynorskelevar i randsone. Det er òg slike tiltak som kan undergrave framtidige røystingar på nynorskskular i randsona. I åra 2022–2024 har Noregs Mållag som eitt tiltak, fordele godt og vel 1,8 millionar kroner til fylkeslaga våre som har nynorskelevar i «utsette» område / randsone. Fylka har prioritert ulikt innanfor dei rammene dei har fått, og det har også vore intensjonen sentralt at kvar gjer dei tiltaka ein har mest tru på hos seg.

I perioden har skrivarstova saman med lokallag tatt initiativ til tiltak for å auke talet på nynorskelevar andsynes skulane, barnehagane og kommunane, mellom anna i Hustadvika i Romsdal og Sola og Sandnes i Rogaland. I Arna i Bergen har vi saman med Arna Mållag drege i gang eit større arbeid for å sikre nynorskskulane i bydelen. Dette skjer i samarbeid med Bergen kommune som har sett av nokså store summar for å hjelpe til. Dette er eit sentralt tema også på Nynorskstafetten der vi møter skulane, barnehagane og kommunane. Det har vore og er ein tendens til at kommunar kan ofre vilkåra for nynorskelevar der som «andre omsyn» veg tyngre: Det gjeld blanding av elevar med ulikt hovudmål der påstanden alltid er

at nynorskklassane er stabile og rolege klassar, medan bokmålklassane er problemklassar. Derfor blandar skulen elevane fordi sosiale omsyn veg tyngre enn språklege rettar. I Alver kommune gjer Alversund skule dette. Lindås Mållag og skrivarstova arbeider for å få skulen til å avslutte lovbrotet. Vilkåra for nynorskelevane er eit sentralt emne vi drøftar med kommunane på Nynorskstafetten.

Eit alvorleg trugsmål mot framtida til nynorsk er det store språkskiftet mange nynorskelevar gjer anten ved overgangen til vgs eller medan dei går på vgs. Saman med fylkeslaga i Møre og Romsdal fekk vi fylket til å vedta og lage ein skulemålsplan som særleg skal vere eit verktøy for å minke talet på språkskifte frå nynorsk til bokmål. Molde vgs har starta eit arbeid som skal verke mot språkskifte. Noregs Mållag har spreidd informasjon om tiltak ved Molde vgs både i Åleund og andre stader. Vonleg kan dette vere starten på eit landsfemnande samla tiltak mot språkskifte frå nynorsk til bokmål.

- Arbeidet for å vinne skulemålsrøystingar skal vere høgt prioritert.

BAGN SKULE, SØR-AURDAL 1. APRIL 2022

Det vart tap i røystinga. Bokmål 175, nynorsk 118. Frammøtet var på 19,8 %. Totalt 1488 røysteføre. Laget gjennomførte ein stor aksjon på bygdatunet helga før røystinga. Dei laga veldig bra flygeblad som vart sendt til alle husstandane. Det vart ikkje gjennomført dørgåing, og det er mest truleg hovudårsaka til tapet. Dette var fjerde tapet i Oppland utan organisert motstand. Det fortel nokså mykje om kor veikt nynorsk står i området.

SAULAND SKULE, HJARTDAL 6. MARS 2023

I folkerøystinga vann nynorsk med 189 røyster mot 158 røyster for bokmål. Det var 1270 røysteføre og eit frammøte på 27,7 %. Trass i fleirtal for nynorsk i folkerøystinga vedtok kommunestyret i Hjartdal 26. april med 9 mot 8 røyster å endre opplæringsmålet til bokmål. Same dag som det var folkerøysting, gjekk ordføraren knallhardt ut i lokalavisa og NRK og oppmoda om å røyste bokmål. På grunn av direkte feil i saksframstillinga frå kommunen og ordføraren på kommunestyremøtet som vedtok å endre hovudmålet på Sauland skule, sender fem kommunestyrerepresentantar inn klage på vedtaket og krev lovlegkontroll av vedtaket. Kommunen svarar rett før skuleslutt at dei sender saka til statsforvaltaren for behandling, trass i at saka først skal opp i kommunestyret før det blir sendt til statsforvaltaren. Ordføraren går i juni ut i NRK radio og seier at saka skal beint til statsforvaltaren. I august, rett før skulestart, melder statsforvaltaren frå

Opplæring

om at saka først må opp i kommunestyret. Målfolk og kommunestyrerrepresentantar i Hjartdal ber Noregs Mållag hjelpe til med ei juridisk vurdering. HTL Advokatfirma ved Steinulf Tungesvik lagar ei grundig juridisk vurdering som «vurderer at summen av saks-handsamingsfeil, skjønnsmanglar og mogleg myndemisbruk er stor og alvorleg, og at det er sannsynleg at feila kan ha påverka utfallet, dvs. minst ei røyst i kommunestyret. Då er vedtaket ugyldig.» Lovlegkontrollen kom opp på kommunestyremøte 1. november, og der tok ikkje kommunen med den juridiske vurderinga frå HTL Advokatfirma fordi vurderinga «er subjektiv og inneheld feil slik kommunen ser det». Kommunestyret vedtek med 10 mot 7 røyster at det ikkje var gjort noko gale i saksbehandlinga. Saka er no hos statsforvaltaren i Telemark. Det må leggjast til at kommunen heller ikkje har journalført brev i saka, og at årsaka er at sakspapira har lege hos saksbehandlaren; kommunedirektøren.

Det har vore og er uro på mange skular. Det gjeld særleg der omlandet til nynorskskulen er dominert av bokmål. Noregs Mållag har saman med lokallaga til no fått stoppa røystingar på Angvik skule i Gjemnes og Bud skule i Hustadvika. Ei anna utfordring for ein god del nynorske småskular blir den demografiske og administrative utviklinga: Folketalet på bygdene søkk, og det pressar seg fram større kommunar. I gamle Bø kommune, no Midt-Telemark kommune er det på tale å slå i hop to skular der den eine skulen har stort fleirtal av bokmåselever. I Sel er Heidal skule under press for å bli lagd ned osb. Dette kan føre til ei rad folkerøystingar om opplæringsmålet.

- Det skal setjast i gang fleire positive sidemålsforsøk på nynorsk.

Fram til om lag 2010 var det mykje godt Noregs Mållag og lokallaga som drog i gang positive sidemålsforsøk, ofta bruk av nynorsk som undervisningsspråk og språk i læreboka i andre fag enn norsk. Deretter har staten gjennom nynorskenteret tatt ansvaret for å lage og få sett i gang ulike gode nynorsktiltak. Eit slikt tiltak som var skapt av Nynorskcenteret, var bruk av nynorske læringsressursar tverrfagleg, i dette tilfellet bruk av Norsk barneblad systematisk i undervisninga. Tiltaket vart gjennomført på Nordby skole i Rælingen kommune og var svært vellukka. Seinare har mange lokallag i bokmålskommunar følgt opp og prøvt å få sett i verk same tiltak på skular. Per i dag er det over 30 bokmåls-skular der 700 elevar på mellomsteget og i ungdomsskulen (Framtida junior) bruker nynorsk i undervisninga i fleire fag jamleg. Dette er eit viktig tiltak som vi vonar mange vil ta i bruk og at det vil gi gode resultat.

- Timetalet til for- og etterarbeid i norskfaget må aukast, slik at det samsvarer med vurderingsbøra norgeskårarar har.

Vi har spelt dette inn i arbeidet med opplæringslov og endringar i rammeplanen for lærarutdanninga, men ikkje fått gjennomslag.

- Fritaksregimet for vurdering i sidemål er for vidt.

I skuleåret 2022–2023 hadde 21 % av elevane fritak frå vurdering i sidemål. Det er ein auke på 3 prosentpoeng frå året før. Tal frå Oslo kommune viser 28 % elevar med fritak på 10. trinnet. Det finst lite forsking på emnet, og truleg er ei forklaring at det har vore ein nokså stor auke i talet på elevar som har kome til Noreg. Dei signala Noregs Mållag får frå skular og kommunar, er at dei er restriktive med å gi fritak, men vi veit samtidig at det kan vere vilkårleg frå skule til skule kva grunnlag slike fritak blir gitt på. Framleis melder både elevar og foreldre til elevar frå om at dei blir «rådde til» å søkje fritak på grunn av opphavslandet til foreldra. Noregs Mållag har bede om å få oversikt over kva rutinar skulane i Oslo har for å vedta fritak for vurdering i sidemål, men framleis ikkje fått svar. Skulemållsskrivaren hadde møte med leiaren i utdanningskomiteen i Oslo om emnet i mai 2022, der vi uttrykte uro over det høge talet og spelte inn at dei må ha gode rutinar, slik at ikkje fleire enn dei som treng det, får fritak. Vi gav uttrykk for den same uroa i høyringsfråseigna vår til forskrifta til opplæringslova, og bad om at regelverket må gjerast tydelegare.

LÆREMIDDEL

I 2024 er det 50 år sidan det vart lovfesta at alle lærebøker og lærermiddel i andre fag enn norsk skal ligge føre på både nynorsk og bokmål til same tid og til same pris. Det er framleis slik at nynorskelevane ofte får lærermidla sine seinare enn bokmåselevane. Med inntoget av digitale lærermiddel har dette forverra seg, og mange digitale lærermiddel som vert brukte i skulen, finst berre på bokmål. Digitale lærermiddel og læringsplattformer på nynorsk er ei av dei viktigaste sakene Noregs Mållag skal arbeide med i arbeidsprogramperioden.

Noregs Mållag meiner:

- Det skal gå minst eitt år frå ein læreplan vert vedteken, til han vert innført, slik at forlaga får god nok tid til å produsere både nynorsk- og bokmålsbøker.



Nynorskdagen 12. mai 2022 vart ein jubeldag! Då måtte det skaffast kake og pynt! Frå venstre (Ivar Aasen, som alltid er med oss!), Rebekka Hugøy Hovland, Olav Wixøe Svela, Hege Lothe, Frida Pernille Mikkelsen, Erik Grov og Marit Aakre Tennø. (Foto: Kjartan Helleve)

Opplæring

Dette punktet har vi ikkje fått prioritert i denne årsmeltingsperioden.

- Retten foreldre har til å be om bokmålsbøker til nynorskelevane i andre fag enn norsk, må opphevast.

Vi spelte problemstillinga inn til opplæringslova, og tok det med som talepunkt i fleire møte i samband med arbeidet med lova. Vi har ikkje vorte hørde på dette punktet. Departementet skriv at det er naturleg at læremidla til eleven skal stø opp om hovudmålet, og legg til grunn at foreldre gjer rett val. Derfor vidarefører dei også lovteksten. Den nye opplæringslova er som tidlegare lovtekst, som seier at foreldre vel om læremidla skal vere på bokmål eller nynorsk.

- Språkdelte bøker i norskfaget skal ikkje ha overvekt av bokmål. Ei eventuell skeivfordeling må vere i favør av nynorsk.

Dette punktet har vi ikkje fått prioritert i denne årsmeltingsperioden.

LÆRARUTDANNINGANE

I dag er det ulik praksis for å gi nynorskopplæring i lærarutdanningane på dei ulike utdanningsinstitusjonane. Etterutdanningstilboden i nynorsk er òg for dårlig. I det heile finst det ikkje eit system for å sikre at lærarutdanninga gjer framtidige lærarar kompetente til å undervise på og i nynorsk som hovudmål. Det er viktig at alle lærarar, også dei som underviser i andre fag enn norsk, kan bruke nynorsk som undervisningsspråk.

Noregs Mållag meiner:

- Norsk skal vere obligatorisk fag også på grunnskulelærarutdanninga for 5.–10. klasse.
- Lærarstudentar som har hatt fritak frå vurdering i sidemål i den vidaregåande skulen, skal ikkje få fritak i lærarutdanninga.
- Det må leggjast opp pensum, drivast opplæring og nivået til studentane må vurderast i både nynorsk og bokmål.
- Det må stillast krav til kva skriftleg dugleik studenterne skal gå ut av utdanninga med, og nynorskkompetansen må kome fram på vitnemålet. Det skal gjennomførast nasjonale deleksamenar for å sikre dette.
- Lærar- og lektorstudentane som skal undervise i norsk, må få opplæring i nynorskdidaktikk.

- Lærarutdanningane må leggje grunnlaget for at lærarstudentane går ut av utdanninga med gode haldningar til nynorsk.

Låg nynorskkompetanse blant lærarar er eitt av dei største trugsmåla mot nynorsken i skulen og ein av grunnane til språkskifte, særleg i randsonene. Læreplanverket definerer lesing og skriving som grunnleggjande ferdigheter som skal øvast opp i alle fag, og slår mellom anna fast at «desse ferdighetene er del av den faglege kompetansen og nødvendige reiskapar for læring og fagleg forståing. Dei er òg viktige for utviklinga av identitet og sosiale relasjonar hos elevane og for å kunne delta i utdanning, arbeid og samfunnsliv. [...] Lærarar i alle fag skal støtte elevane i arbeidet med grunnleggjande ferdigheter.» For å nå måla i læreplanverket også for nynorskelever, er det avgjerande at lærarane i alle teoretiske fag har reelle kvalifikasjonar i nynorsk, ikkje berre formelle. Det vil opne for at også nynorskelever kan få den avgjerande mengdetreningen som ligg til grunn for ei god lese- og skriveopplæring.

Våren 2023 vart det vedtatt endringar i rammeplanane for lærarutdanningane. Det var føreslått å stryke kravet om at studieplanane skal skrive ned utvikling av kommunikasjonsferdigheter – munnleg og skriftleg (bokmål og nynorsk). Noregs Mållag spelte inn at det er viktig med slike presiseringar. I vedtaket om rammeplanane er presiseringa framleis med.

Det er varsle stortingsmeldingar om 5.–10. trinn og om profesjonsutdanningane våren 2024. Noregs Mållag har levert innspel til arbeidet, med særleg vekt på lærarutdanningane. Lærar-, lektor og barnehagelærarutdanninga er viktige profesjonsutdanningar for statussen, situasjonen og vilkåra til nynorsk.

Vi spelte mellom anna inn dette til arbeidet med profesjonsmeldinga sommaren 2023:

«Ein treng eit større løft for nynorsk i lærarutdanningane. Noregs Mållag ønskjer at det skal kome fram på vitnemålet kva nynorskkompetanse kandidaten har. Det bør gjennomførast nasjonale deleksamenar for å sikre dette. Lærarstudentar som har hatt fritak frå vurdering i sidemål i den vidaregåande skulen, skal ikkje få fritak i lærarutdanninga. Det må vere pensum, drivast opplæring og nivået til studentane må vurderast i både nynorsk og bokmål. Lærar- og lektorstudentane som skal undervise i norsk, må få opplæring i nynorskdidaktikk. Det må også finnast betre tilbod om etterutdanning i nynorsk. Utdanningane må leggje grunnlaget for at lærarstudentane går ut av utdanninga med gode haldningar til nynorsk. Slik møter ein utfordringa med at nynorskkompetansen er for låg blant lærarar.»

NYNORSK FOR VAKSNE INNVANDRARAR

Alle nynorskkommunar skal ha nynorsk som opplæringspråk for vaksne innvandrarar. At dei vaksne får opplæring på det same språket som borna i ein kommune, og på same språk som all kommunal informasjon vert formidla på, er ein føresetnad for å kunne verte ein del av det lokalsamfunnet ein er bur i.

Noregs Mållag meiner:

- Opplæringspråket skal vedtakast av kommunestyret.

Noregs Mållag er opptatt av at det er viktig at språkpolitikken er ein del av det lokale sjølvstyret, og det er viktig at heile kommunestyret er med og legg viktige føringar for språkpolitikken. Det er nok dessverre framleis fleire døme på at kommunestyre har gjort nynorskvedtak som gjeld deira eiga vaksenopplæring, men at dette ikkje blir følgt opp av tenesta. Vi må vere til hjelp når problemstillinga blir tatt opp lokalt.

- Opplæringa i nynorskkommunane skal vere på nynorsk.

Det er om lag halvparten av nynorskkommunane som har opplæringa av vaksne innvandrarar på nynorsk. Dei aller fleste har skifta til nynorsk etter at Mållaget tok til å arbeide med saka for ein del år sidan. På det meste var det noko over 50 kommunar, men etter dei siste komunesamanslåingane er talet no rundt 40. Vi ønskjer at alle nynorskkommunane skal gå over til nynorskopp-læring og meiner vi har gode argument for det. Vi tar opp problemstillinga med alle dei aktuelle kommunane når vi er på Nynorskstafetten. I dette spørsmålet slit vi med å få gjennomslag fordi det blir peika på at det er få læremiddel på nynorsk. Men vi merkar også at det er vel så viktig at det er vanskeleg å få vekk den vanen som har innarbeidd seg over år, at undervisninga er på bokmål.

Læremiddel for vaksne innvandrarar må inn under opplæringslova, og dei må kome på same tid og til same pris på bokmål og nynorsk. Offentlege aktørar (t.d. universitet) som utviklar norskspråklege læremiddel, medrekna for opplæring i norsk som andrespråk, må gjere dei tilgjengelege på både nynorsk og bokmål.

I dei prioriterte innspela frå Nynorsk forum til regjeringa og Stortinget la Nynorsk forum vekt på at den førre løyvinga til nynorske læremiddel var i 2016, og at sektoren treng ei ny satsing frå staten. Dette arbei-

det har vi ikkje lukkast med, og må halde fram i neste toårsperiode.

I arbeidet med opplæringslova kom Noregs Mållag med innspel om at læremiddel for vaksne innvandrarar må inn under opplæringslova. Dette fekk vi ikkje gjennomslag for, og i det siste spissa påverknadsarbeidet, måtte vi prioritere å arbeide først og fremst med situasjonen for læringsressursar i skulen. Dermed var ikkje dette punktet prioritert.

På LNK-landstinget i juni 2023 vart informasjons- og organisasjonsrådgivar Hege Lothe invitert til å halde eit innlegg med tittelen «Gjeremålsliste for nynorske folkevalde». Dette var ei konkret liste med kva du som folkevald kan gjere for nynorsken i din kommune. Styret i LNK har hatt gjeremålslista som sak i styremøte, og det er semje mellom LNK, Nynorzsenteret og Noregs Mållag at vi i fellesskap skal invitere til digital folkevaldopplæring med dette som emne. Læremiddelstoda var også tema i eit møte med kommunal- og distriktsminister Erling Sande 8. februar 2024. Då peika vi på at det er på høg tid med ei løyving som gir rom for å fornye dei nynorske læremidla.

- Arbeidsinnvandrarar frå EØS-området skal ha rett til norskundervisning. I nynorskkommunar skal denne opplæringa vere på nynorsk.

Desse synspunkta spelte vi inn i ei høyringsfråsegn til NOU-en *Mellom mobilitet og migrasjon* i april 2023. Mellom anna kritiserte vi at nynorsk og bokmål ikkje var tematisert, tok til orde for ei straksløyving for å få fleire nynorske læremiddel og bad om at også læremiddel for vaksne innvandrarar må få det same parallellitetskravet om å ligge føre på bokmål og nynorsk til same tid og pris, som i dag finst for læremiddel i grunnskulen og den vidaregåande skulen.

- Kommunane skal sikre at ordninga med språkpraksis vert gjennomført slik at vaksne innvandrarar får gode høve til å lære det lokale talemålet.

Fleire av våre lokale mållag eller våre lokale mållagsmedlemer er engasjerte i ulike språkkafear rundt omkring i heile Noreg. Dette er like aktuelt arbeid i bokmålsområde som nynorskområde. Hausten 2022 laga vi saman med Studieforbundet kultur og tradisjon eit eiga digital motivasjonssamling for lokallag som kunne tenkje seg å starte slikt arbeid. Vi har ikkje vore i direkte kontakt med kommunane for å sikre ordninga med språkpraksis gjennom opplæringa som kommunen tilbyr.

HØGARE UTDANNING OG FORSKING

Norsk språk er under press i akademia, særleg nynorsk. Engelsk er meir og meir brukt både i pensumlitteratur, i undervisning og i vitskapleg arbeid. Det er viktig at norsk fagspråk vert utvikla og brukt i høgare utdanning, dette gjeld særleg nynorsk fagspråk. Studentane må få møte nynorsk i studiekvarden. Utdanningsinstitusjonane skal leggje til rette for at studentane faktisk har høve til å bruke nynorsk på eksamen og i andre innleveringer.

Det står utfordringar i kø for norsk fagspråk i akademia, slo ein rapport frå Språkrådet og Universitetet i Bergen fast i januar 2023. Rapporten viste at universiteta og høgskulane mangla kultur for skriving på norsk blant vitskaplege tilsette. Det kom fram at dei blir oppmoda om å skrive på engelsk, at det er lite karrierefremjande å skrive norsk, og at det er lite tid til å skrive norske fagtekstar. Det manglar også norsk fagterminologi.

I juni 2023 lanserte dåverande forskings- og høgare utdanningsminister, Ola Borten Moe, ein ny handlingsplan for norsk fagspråk i akademia. Handlingsplanen går frå ord til handling, og inneheld fleire nye tiltak og reglar for å sikre det norske språket i høgare utdanning. Planen kom som ein del av eit større arbeid med norsk fagspråk i regjeringa. Statsråden la også fram lovproposisjon for ny universitet- og høgskolelov, som vart vedtatt vinteren 2024.

Noregs Mållag meiner:

- Høgare utdanning må ta større ansvar for å ta vare på og vidareutvikle norsk fagspråk. Universitets- og høgskulesektoren må ha språkstrategiar for å fremje norsk og særleg nynorsk på sine institusjonar, både som fagspråk og som administrasjonsspråk.
- Universitets- og høgskulesektoren må verte målt på språkpraksis, og det må vere eit tema i styringsdialogen med departementet.

Den nye universitet- og høgskolelova slår fast at universitet og høgskular skal bruke, utvikle og styrke norsk fagspråk, både bokmål og nynorsk. Lova slår også fast at undervisningsspråket skal vere norsk eller samisk, og at institusjonane berre kan gjøre unntak frå dette med fagleg grunnlag. Tidlegare har lova berre sagt at universitet og høgskular har ansvar for vedlikehald og vidareutvikling. Det er viktig at det no er tydeleg at ansvaret også er å bruke fagspråket og å styrke det.

Statlege universitet og høgskular er omfatta av språklova. Såleis har dei eit spesielt ansvar for å bruke, utvikle og styrke bokmål, nynorsk og samiske språk.

Handlingsplanen for norsk fagspråk gir føring om at norsk skal vere administrasjonsspråket ved universitet og høgskular. Planen seier også at institusjonane saman med departementet må evaluere arbeidet med norsk fagspråk og terminologi ved universiteta og høgskulane, medrekna arbeidet institusjonane gjer med eigne språkstrategiar.

- Universitet og høgskular må stille krav til at utanlandske forskrarar som vert tilsette, skal lære seg norsk innan ei viss tid, slik at dei kan undervise og formidle på norsk.

Målet om at norske studentar skal lære å bruke norsk fagspråk, føreset at undervisarane sjølvé meistrar norsk. Universiteta og høgskulane har dei siste tiåra rekruttert stadig fleire tilsette frå utlandet. I små og store fagfelt kan det vere nyttig å hente kompetanse og erfaring frå ein brei internasjonal arbeidsmarknad, men det er gjort for lite for å sikre språkkompetansen til den internasjonale arbeidskrafta. Mange manglar språkkunnskap til å delta i eit norskspråkleg arbeidsmiljø og til å undervise på norsk når stillinga inneber undervisningsoppgåver.

Handlingsplanen for norsk fagspråk føreslår å forskriftsfeste eit krav om norskkompetanse på nivå B2 innan tre år for fast tilsette som har undervisningsoppgåver og som ikkje har norskkunnskapar på minst dette nivået ved tilsettjing. I tillegg er det lagt inn eit krav om at doktorgrads- og postdoktorstipendiarar som ikkje har kunnskapar i norsk ved tilsettjing, får tilbod om norskopplæring og krav om gjennomføring av norskopplæring tilsvarende minst 15 studiepoeng. Departementet seier også at dei vil følgje opp systema for norskundervisning og -vurdering ved universiteta og høgskulane, i dialog med institusjonane og Universitets- og høgskulerådet, og arbeide for at formidling på norsk og utvikling av norsk fagspråk og terminologi skal leggjast meir vekt på i rekruttering og merittering (jamfør NOR-CAM).

- Det må finnast lærebøker og pensum på nynorsk, særleg i dei store faga med mange studentar.
- Studentane skal møte pensum på norsk, og ein større del av pensumet må vere på nynorsk.

Departementet har gjennom handlingsplanen slått fast at dei vil vidareutvikle lærebokordninga i Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) for å stimulere til meir skriving og bruk av læremiddel på norsk, og vurdere ei styrking av ordninga når det er behov for det. I tillegg vil dei sikre gode vilkår for å skrive, gi ut og omsetje lærebøker for høgare

utdanning og fagbøker for profesjonsmarknaden på norsk ved å innlemme desse bøkene i verkeområdet til boklova. Gode støtteordningar for desse lærermidla er kvart år også blant krava som Nynorsk forum sender departementet i samband med statsbudsjettarbeidet.

Det blir viktig at Noregs Mållag følger opp dette arbeidet i perioden framover. I arbeidet med å sikre norsk fagspråk og norsk som opplæringsspåk ved universitet og høgskule er faren stor for at nynorsk hamnar i blindsona. Vi må arbeide for at tiltaka blir retta mot nynorsk og i større grad sikrar nynorsk språk i lærebøker og pensum.

- Universitets- og høgskulesektoren skal stimulerast til å publisere på nynorsk.
- Finansieringssystemet i høgare utdanning må premiere formidling til ålmenta og utgjeving av lærebøker, avhandlingar og forskingsrapportar på norsk, særleg nynorsk.

Undersøkinga om norsk fagspråk og terminologi i universitets- og høgskulesektoren viste at det må tydelege endringar til i sektoren for at det skal blir meir skriving på norsk. I handlingsplanen skriv departementet at dei vil styrke tilskotsordninga for norskspråklege forskingstidsskrift i Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) og vidareføre førингa om norskspråkleg samandrag i engelskspråklege oppgåver/avhandlingar (bachelor, master, ph.d.). Forskingsrådet skal forsterke innsatsen sin for å fremje norskspråkleg formidling frå forskingsprosjekta dei finansierer. Og departementet vil fjerne publiseringssindikatoren i finansieringssystemet for universitet og høgsku-

lar. Også her er det viktig at vi held fram med å vere tydelege på at i dette arbeidet må norsk ikkje vere lik bokmål, men gjelde for både nynorsk og bokmål. Det må også på plass særskilte formuleringar og tiltak for nynorsk.

- Kunnskapsutvikling og forsking på nynorskfeltet er viktig for Noregs Mållag, og sentrallekken skal formidle dette vidare i organisasjonen.
- Retten til eksamen på nynorsk må styrkjast og utvidast til å gjelde på private institusjonar.
- Studentmållaga er særleg viktige samarbeidspartnarar for Noregs Mållag i spørsmål om høgare utdanning.
- Retten skal utvidast til å omfatte oppgåveteksten i obligatoriske arbeidskrav.

Før sommaren 2022 vedtok Stortinget at studentar ved private utdanningsinstitusjonar også har rett til å få eksamen på nynorsk. Frå haustsemesteret 2022 vart retten sett i kraft. Over 50 000 studentar som tar utdanninga si på private høgskular, har no fått språkrettar på lik linje med studentane ved dei offentlege institusjonane. Norsk Målungsdom har stått i front for arbeidet med denne retten i fleire tiår og har vore ein viktig samarbeidspartner når vi no kan notere gjennomslag i saka.

Kultur og media

KRINGKASTING

NRK står heilt i særstilling med tanke på bruk av nynorsk i kringkasting og på nett for riksdekkjande medium. NRK og TV2 er allmennkringkastarar, og derfor er det viktig at både NRK og TV2 brukar meir nynorsk.

Noregs Mållag meiner:

- Måten NRK måler nynorskbruken sin på, må endrast, slik at han syner meir reell fordeling mellom nynorsk og bokmål. Statistikken bør vere mest mogeleg differensiert, og må måle bruk på alle flater og i sosiale medium. Det må vere minst 25 % nynorsk på nrk.no.

NRK fører oversikt over språkbruk for TV og radio, og på nett. I 2022 og 2023 hadde NRK over 25 prosent nynorsk samla på TV og radio, men om ein ser på tala isolert, stod radio for 22–23 % og fjernsyn for 27–28 %. Desse tala blir nådde ved at NRK deler all dialekbrukt likt mellom nynorsk og bokmål. Den reelle bruken av munnleg nynorsk er altså langt lågare enn 25 prosent.

På nrk.no viser tala 20,3 prosent i 2022 og 22,4 prosent i 2023. Det er ein ganske god auke, og på fire år har dei no gått fra 17 % til over 22 %. Dette viser at NRK arbeider systematisk for å få opp nynorskprosenten på alle flater, og med dette tempoet er 25 prosent på nrk.no ikkje langt unna.

På landsmøtet i 2022 fekk Thor Gjermund Eriksen, dåverande kringkastingsjef i NRK, tildelt målblomen frå Noregs Mållag. I grunngivinga vart det lagt vekt på at Thor Gjermund Eriksen var den første kringkastingsjefen som greidde målet om 25 % som vart sett av Stortinget alt i 1970. Dette målet har vore like lett eller vanskeleg å innfri for mange leiarar før han. Den store

skilnaden var at han brukte tid i organisasjonen på å minne alle under seg på at kravet var der og at det var avgjerande for han at dei greidde å levere det dei skulle.

På nyåret 2023 vart Nynorsk forum invitert til NRK Vestland og NRK Nynorsk mediesenter i Førde. Det var første vitjing av den nye kringkastingsjefen Vibeke Fürst Haugen. Noregs Mållag med dåverande konstituert dagleg leiar Hege Lothe og Nynorsk kultursentrums ved dåverande direktør Per Magnus Finnanger Sandmark møtte saman med fleire frå NRK-avdelingane i Førde. Kringkastingsjefen var veldig tydeleg på det språkoppdraget NRK har også for nynorsk, og kva verkemiddel dei set inn for å nå målsetnadene. Det vart også snakka om kva som er utfordringane for å nå målsetnadene. Mållaget var også tydeleg på kor viktige spesielt NRK Vestland og NRK Nynorsk mediesenter er for nynorsken i NRK. Og at det er viktig, i tillegg til dei andre grepene, at regionkontora på Vestlandet tar ekstra ansvar for språkoppdraget.

- Det må vere tydelegare krav til nynorskbruk både skriftleg og munnleg i TV2.

I november 2022 kravde Mållaget at TV2 skal ha nynorskkrav, på lik linje med NRK. Vi sette fram kravet fordi dei har status som allmennkringkastar og får offentleg støtte. Det nådde vi i denne runden ikkje fram med. I den reforhandla avtalen med staten er det ikkje stilt språkkrav til TV2. Ein kan finne saker skrivne på nynorsk på tv2.no og i sendingane deira. Likevel er framsida til tv2.no framleis berre på bokmål. Det vil seie at overskriftene til sakene er på bokmål, sjølv om saka kan vere skriven på nynorsk. TV2 har framleis ein



Medietilsynet er det einaste statsorganet som følgde språklova i 2022. 2. november 2023 fekk dei Målblome frå Noregs Mållag for det gode arbeidet. F.v. Inger Johanne Sæterbakk, styremedlem i Mållaget, Gro Morken Endresen, dagleg leiar, Mari Velsand, direktør i Medietilsynet og Magne Aasbrenn frå Fredrikstad Mållag. (Foto: Frida Pernille Mikkelsen)

veg å gå for reelt å jamstille bruken av nynorsk og bokmål. Kravet vårt vart også til ein kronikk frå leiar Peder Lofnes Hauge, som vart publisert på tv2.no.

- NRK Nynorsk mediesenter i Førde må sikrast gode vilkår.

Nynorsk mediesenter og Nynorsk avissenter flytta i september 2023 inn i heilt nye, toppmoderne lokale i Nynorskhuset. Nynorskhuset husar seks nynorsk-organisasjonar og er no den største nynorskklynga i verda.

Før opninga hadde Noregs Mållag vore med å bidra til å finansiere ei undersøking som mellom anna skulle seie noko om kor lett eller vanskeleg det er å bruke nynorsk i kvardagsliv og arbeidsliv, og om korleis nynorskbrukarane sjølve ser på språket sitt. Det vart fleire medieoppslag basert på undersøkinga, og det som kom fram der, var også bakgrunn for ein samtale på scena opningshelga der Peder Lofnes Hauge deltok. Noregs Mållag var til stades med fleire tilsette, og Norsk Tidend dekte opningshendinga.

- NRK skal sikre at nynorsk vert brukt av alle distriktskontor, og at distriktskontora i nynorskområda skal ha eit særleg ansvar for å bruke nynorsk.

NRK har som mål at det skal vere nynorskbrukarar i alle distriktskontora sine. Dette arbeidet er gjort enklare, mykje takka vere Nynorsk mediesenter. NRK seier sjølv at dei arbeider systematisk for å sikre minst éin nynorskbrukar på alle distriktskontora. Det er eit viktig arbeid som bør halde fram. Dette kan også vere med å bidra til at NRK når det viktige kravet om 25 prosent nynorsk også på nett.

På nyåret 2024 vart det kjent at journalistklubben i Førde i NRK Vestland var uroa for at ei omlegging av ettermiddags-sendingane og endring av satsingsområde innanfor NRK vil føre til mindre aktivitet hjå NRK i Førde, og dermed svekkje nynorskprofilen til NRK. Noregs Mållag valde å engasjere seg i saka, og Peder Lofnes Hauge var ute i media og åvara mot å gjere endringar som kunne føre til mindre bruk av nynorsk i NRK.



Monika Haanes Waagan fekk Nynorskstipend 2022 for å jobbe med nynorsk i næringslivet. Peder Lofnes Hauge delte ut stipendet. (Foto: Hege Lothe)

- Det er særleg viktig at NRK Super innfriar nynorsk-prosenten og presenterer eit breitt spekter av dialektar i tillegg til nynorsk normaltalemål.

- Kravet om at minst 40 prosent av musikken som vert spelt på NRK skal vere norsk, må haldast oppe.
- Det er viktig å halde på kravet om nynorsk normert tale i nyhendesendingar på NRK.

I 2023 fekk vi ein nynorskversjon av BliMe-songen. Dette er noko vi har etterspurt lenge, og vi er glade for at NRK endeleg også møtte nynorskbarna på heimebane i dette årvisse tiltaket. Ikkje minst var nok arbeidet Volda Mållag gjorde for med å setje fram krav om nynorskversjon, viktig for at songen kom på plass så pass raskt.

NRK Super hadde 26,5 % nynorsk i 2023. Språket i sendeflata deira har vore eit viktig tema i mange år i årlege møte med NRK, og vi er godt nøgde med at dei har levert stødig over minstekravet i fleire år no.

I boka *Bak kulissene* som kom våren 2023, gjekk forfattar og tidlegare NRK-journalist Christian Borch ut mot dialektbruk i nyhendesendingane i NRK. Det sette saka på dagsordenen og gjorde at mållagsleiaren gjekk ut i media og kritiserte Borch. Noregs Mållag deler synet om at nyhendesendingar skal ha normert tale, slik arbeidsprogrammet jo her slår fast, men meinte likevel at måten Borch gjekk ut på er «lettvint, tabloid og til dels nedlatande» (Peder Lofnes Hauge til Klassekampen).

Saka vart seinare til eit debattmøte i Bærum Mållag 31. oktober. I panelet deltok Christian Borch, represen-

tantar frå NRK, Ola E. Bø, tidlegare språkkonsulent ved Det Norske Teatret og Kjetil Aasen, styremedlem i Noregs Mållag.

I denne perioden har vi ikkje arbeidd særskilt med kravet om at NRK skal spele 40 % norsk musikk.

DIGITALE MEDIUM

Dei fleste digitale medium er i dag drivne og utvikla av store internasjonale selskap som i varierande grad tek språkleg ansvar. Folk må få møte nynorsk i desse kanalane.

Noregs Mållag meiner:

- Støtteordningane frå staten til å utvikle dataspel må stille språkkrav og sikre at det kjem dataspel med nynorsk tekst og tale.

Regjeringa har lagt fram ein strategi for å styrke dataspel på norsk, og dataspelproduksjon i Noreg. Denne kommenterte Noregs Mållag i eit utspel publisert i midten av februar 2024. Her stiller vi oss bak kravet frå regjeringa om at spel som får utviklings- og lanseringsstøtte, må finnast på norsk. Vi har kome med krav om at ein må ta eit særskilt ansvar for å sikre nynorsk språk i dataspel, då strategien ikkje inneheld nokon krav om dette. Vi har også kome med krav om at internasjonale utviklarar må få språkkrav på titlar dei gir ut i Noreg.

- Dei internasjonale aktørane må bidra til meir norsk språk i strøymetenestene, både i tale og tekst.

Noregs Mållag leverte høyringssvar til Endringsdirektiv til AMT-direktivet våren 2023. Dette direktivet regulerer leverandørar av audiovisuelle strøymetenester. Her er det krav om ein viss prosentdel norske produksjonar, noko som er bra. Derimot var korkje norsk språk eller nynorsk nemnde eksplisitt i utkastet. I høyringssvaret frå Noregs Mållag kom vi med krav om at styresmaktene må krevje både nynorsk og bokmål underteksting frå alle aktørar i den audiovisuelle strøymemarknaden, både på norskspråklege og framandspråklege produksjonar.

- Norske styresmakter må arbeide for at internasjonale selskap sikrar nynorskversjonar av dei digitale plattformene.

I den nye opplæringslova vann Noregs Mållag fram med krav om at skriveprogram som skal brukast i

skulen, må kunne nynorsk. Dette vil særleg gå ut over Google, som har levert tenester til over 100 000 elevar i Noreg i ei årrekke.

Noregs Mållag har elles i perioden gjentatte gonger freista å få til eit møte med Microsoft, utan å nå fram til dei.

Nynorsksenteret har laga ei oversikt over ulike appar og nettstader som er tilgjengelege i nynorsk versjon. Det er ei liste som heldigvis veks. Det er også rettleiarar for korleis ein skifter tastaturspråk på smarttelefonar til nynorsk, og korleis ein får Windows-operativsystemet med nynorsk visningsspråk. Skrivarstova har halde kurs for enkelte lokal- og fylkeslag, og for lærarar ved Kviteseid skule om dei appane, programvarene og nettstadene som finst i nynorsk versjon. Blant appane som finst på nynorsk, har vi Bank-ID, Spond, Office, Teams, Digipost, Coop-appen og EnTur.

- Mange digitale tenester har hatt stor suksess med dugnadsarbeid for å få til ein nynorskversjon. Dette er eit område som er eigna for kampanjeverksem og lokale dugnader.

Det er ikkje sett i verk omsetjingprosjekt frå Mållaget si side i perioden, men vi opplever jamt at andre gjer ein innsats. Johanna Breivang, medlem i Noregs Mållag, har på eige initiativ laga «Duo-soger» for «Duostories.org». Duostories er ein frivillig drifta avart av språklæringsappen Duolingo. Etter at dette vart omtalt i Norsk Tidend, laga NPK ei pressemelding av saka. NRK plukka også opp saka. Arbeidet til Johanna viser utsiktene som finst for å få nynorskversjonar, men viser oss også at ansvaret i for stor grad ligg på idealisme og frivillige. Dei største selskapa tar ikkje stort nok ansvar. I Duolingo sitt tilfelle er det ekstra interessant at det er laga fullverdige språkkurs for fantasispråk frå *Ring-drotten* og *Game of Thrones* universa, men ikkje noko for nynorsk.

PRESSEN

Språket i pressa er viktig for at nynorsk skal vere synleg i ålmenta. Fleire riksavisar har opna for nynorsk på redaksjonell plass. Nynorsken finn vi i størst grad i dei riksdekkjande meiningsberande avisene og i regions- og lokalavisar. Særleg den rike lokalavisfloraen i Noreg er viktig for å halde oppe statusen til og bruken av nynorsk.

Noregs Mållag meiner:

- Det må verte meir nynorsk i riksavisene, både riksavisar og lokalavisar, og alle avisene må opne for nynorsk på redaksjonell plass.

Kultur og media

Det har blitt meir nynorsk i riksavisar og lokalavisar dei siste åra. Det er no nynorsk i både VG og VGTv, etter mange år med press frå målrørsla. Ein kan også finne nynorsk i Aftenposten og Aftenposten Junior. Sistnemnde hadde til og med ei nynorsk framsida i 2023. Aftenposten har no Agnes Ravatn som ein fast, nynorskskrivande skribent. Bergensavisen har ein politisk redaktør som jamt skriv kommentarar på nynorsk. Det har også dukka opp nynorskbrukande journalistar og saker på nynorsk i Eurosport på nett.

Vi kjenner berre til at Dagbladet og altinget.no framleis har variantar av nynorskforbod. Dagbladet har eit generelt vedtak om å ha innhald på bokmål. Nettavisa Altinget har ei redaksjonell avgjerd om at alle nyheiter skal vere på bokmål. Dette vart kritisert av mållagsleia- ren i eit lesebrev i oktober 2022, og han fekk svar frå redaktøren Veslemøy Østrem. Argumentasjonen hennar var at dei skulle ha eit nordisk perspektiv og samarbeide med svenske og danske avisar og at nynorsk gjorde dette vanskeleg.

Samtidig viser erfaringane at ikkje lenger å ha forbod mot nynorsk, ikkje automatisk bidreg til meir nynorsk. Vi har mellom anna sett døme på at pressemeldingar frå Mållaget eller Nynorsk pressekontor blir omsette til bokmål. Som nemnt over, er det også fleire som har nynorsksaker på bokmål på framsida, sjølv om saka er på nynorsk.

I 2022 og 2023 oppmoda Noregs Mållag lokalavisene om å nytte nynorsk på nynorskdagen. Her var det fleire som på ulike vis og i ulik grad var med oss og markerte nynorskdagen. Somme gjorde det gjennom artiklar på nynorsk, andre gjennom innlegg på sosiale medium, andre igjen med ein tekst om nynorsk. Dette er eit kjekt lågterskeltiltak vi kjem til å halde fram med.

- Det må vere gode vilkår for dei mange nynorske lokalavisene, for dei nynorske riksmedia Dag og Tid, Framtida.no og Nynorsk Pressekontor og for dei meningsberande riksavisene.

Dag og Tid, Nynorsk avissenter, Framtida og Framtida junior og Nynorsk pressekontor er alle viktige nynorske medietiltak. Felles for alle er at dei viser til gode tal, god framgang og gode faglege resultat. Noregs Mållag vil halde fram med å arbeide for at desse får gode rammevilkår også i framtida.

- Nynorsk avissenter i Førde er ein viktig aktør for å sikre tilgangen til gode norskjournalistar, og dei må ha gode vilkår.

Mange av dei flinkaste og største journalisttalenta blir utdanna ved Nynorsk avissenter, og dei gir viktige tilskot til avisar som er på jakt etter nynorskbrukarar. Noregs Mållag står kvart år saman med resten av Nynorsk forum bak eit krav om at Nynorsk avissenter må ha gode økonomiske vilkår over statsbudsjettet.

- Journalistutdanningane må sikre kompetanse om nynorskjournalistikk og utdanne journalistar som kan skrive nynorsk.

Dette punktet har vi ikkje fått prioritert i denne årsmeldingsperioden.

- Både den direkte og den indirekte pressestøtta skal favorisere nynorsk.

Det er gjort endringar i pressestøtta som i større grad skal favorisere lokalavisar, fagblad og medlemsblad. Korleis dette påverkar nynorske avisar, er uvisst. Det vi veit, er at endringane som har kome med innføringa i postdirektivet og kutt i postomberingane, går ut over nr. 2-avisar og lokalavisar og dermed også nynorske avisar rundt om i landet.

LITTERATUR OG BIBLIOTEK

I 2022 fekk Kari Huus, mangeårig redaktør i Samlaget, Målprisen av Noregs Mållag. Ho fekk prisen for å ha tryggja ein heil generasjon av forfattarar og gjort det enklare for dei å bli verande i nynorsken. Litteraturen er viktig for nynorsken, og det var ekstra kjekt å få takke ein av bidragsytarane for nynorsk litteraturen som ikkje har namnet sitt på framsida eller portrettbilete på bokomslaga.

I 2023 fekk Jon Fosse nobelprisen i litteratur. Det er den største hendinga for nynorsk litteraturen gjennom tidene. Nobelprisen stadfestar noko vi har visst heile tida: Den nynorske litteraturen er blant den beste litteraturen vi har i Noreg. No er nynorsk litteraturen også blant den beste litteraturen som finst i verda.

Då Jon Fosse vart intervjuat på fergekaien på Frekhaug, takka han nynorsken og den norske målreisinga for prisen. Han måtte i sannings namn takke nynorsken, sa han. Nynorsken var større enn han sjølv, og fortente å få ein nobelpris. Og med det skreiv plutseleg heile verda om forskjellane mellom nynorsk og bokmål. Nynorsk har bevist at det er eit verdsspråk. Prisen bidrog også til mange nye medlemer i Mållaget. Det er ingen tvil om at nobelpristildelinga både har auka statusen til nynorsk og interessa for litteratur.



2023 var også året to nynorskbøker vart Brageprisvinnarar. Frode Gryttens *Den dagen Nils Vik døde* vart årets bok, og Maria Parr vann pris for beste barne- og ungdomsbok; *Oskar og eg*. I tillegg fylte Skald forlag 30 år i september. 2023 var eit skikkeleg festår for nynorsk litteraturen.

I 2022 fekk Stein Torleif Bjella Nynorsk litteraturpris for *Fiskehuset* (Oktober) og Tone E. Solheim fekk Nynorsk barnelitteraturpris for *Svartrasta syng om natta* (Samlaget). I 2023 gjekk Nynorsk litteraturpris til Brynjulf Jung Tjønn for *Kvit, norsk mann* (Cappelein Damm) og Nynorsk barnelitteraturpris gjekk til Markus Lantto og Camilla Kuhl (illustratør) for *Kåre og Marimba hjelper til* (Samlaget).

Noregs Mållag meiner:

- Det er viktig å sikre Samlaget si løying over statsbudsjettet, gode tilskotsordningar for nynorsk litteratur i andre forlag og gode stipend for nynorske forfattarar.

Det Norske Samlaget er det største av nynorskforlaga og har ei særleg viktig oppgåve når det gjeld å gi ut nynorsk litteratur både for barn, ungdom og voksne. Nynorsk forum har ei auka løying til Det Norske

Samlaget inne på topprioriteringane sine. Dette er kommisert ved alle statsbudsjettethyringar i perioden. Det Nynorsk forum spesifikt ber om, er 1,5 millionar kroner som kan finansiere fleire bøker for barn og unge på nynorsk. Dette har vi ikkje fått gjennomslag for hos regjeringa, men det har vore inne i budsjettet til nokre av opposisjonspartia. Vi jobbar stadig på for at prioriteringane til Nynorsk forum skal få gjennomslag i budsjettet til regjeringa.

Det blir gitt ut nynorskbøker på andre forlag enn Samlaget, og det må framleis vere gode ordningar som sikrar at nynorskbøker kan givast ut også utanfor Samlaget. Her er ulike innkjøps- og støtteordningar særleg viktige.

Hausten 2022 leverte Noregs Mållag høyringssvar til den nye boklova. I korte drag oppsummerte vi stoda for nynorsk litteraturen i høyringssvaret vårt slik:

- Den nynorske litteraturen held jamt over svært høg kvalitet.
- Det er ein mangel på nynorske titlar innanfor barne- og ungdomslitteratur, sakprosa og faglitteratur.

I tillegg stilte vi følgjande krav i høyringssvaret vårt:

- Tilhøvet mellom bokmål og nynorsk er ikkje formulert presist nok i boklova. Det er naturleg at

Kultur og media

boklova, til liks med språklova, anerkjenner at styrkeforholdet mellom nynorsk og bokmål er skeivt.

• Å styrke norsk som språk som heilskap krev målretta tiltak for nynorsk.

• Noregs Mållag står framleget om at lova òg skal gjelde for fagbøker for profesjonsmarknaden og lærebøker for høgare utdanning.

Noregs Mållag vann dessverre ikkje fram med nokon av framlegga våre i det ferdige lovutkastet.

- Ein må sikre at bokhandlarane tek inn og profilerer nynorskbøker, særleg i nynorskområde.

Dette punktet har vi ikkje fått prioritert i denne årsmeldingsperioden.

- Det må vere eit breitt utval av nynorske lydbøker.

I den nye boklova skal lydbokmarknaden på sikt regulerast. Frå og med 2025 pliktar utviklarane av lydbøker å tilby sal av ein skilde titlar. Ein må altså ikkje lenger ha abonnement på strøymetenester for å høyre ei bok som lydbok. Stortinget har kome med eit oppmodingsvedtak til regjeringa, der dei ber regjeringa om å vurdere korleis ein kan regulere lydbokstrøymemmarknaden. Målet er då særleg å finne ei endring av lova som sikrar «ikkje-diskriminering av innhaldsleverandørar av strøymetenester for litteratur». Vonleg vil ein gjennom lova kunne regulere innhaldet i strøymetenestene på ein måte som kan vere positiv for nynorsktitlane.

- Den kulturelle skulesekken skal formidle eit rikt utval av nynorsk kultur til barn og unge.

Dette arbeidet har ikkje vore prioritert denne perioden, men vi veit at Kulturtanken som forvaltar dei statlege midlane til Den kulturelle skulesekken (DKS), snart kjem med ein rapport om satsing på nynorsk i DKS.

- Barne- og ungdomslitteratur som er omsett til nynorsk og nynorsk sakprosa for barn og unge må kome inn i ei automatisk innkjøpsordning.

Vi har i høyringssvar til boklova og leselyststrategien understreka at det må kome ordningar som kan sikre fleire nynorskbøker til bibliotek og skulebibliotek i heile landet. Vi veit at tilbod og tilgangen på bøker er

ein av dei viktigaste faktorane for å få fleire til å lese, og at nynorsk litteraturen har vanskelegare kår enn bokmåls litteraturen. Det gjeld særleg barne- og ungdomslitteraturen på nynorsk. Innkjøpsordninga er utanom boklova og leselyststrategien. Noregs Mållag jobbar for at det skal bli sett av midlar til biblioteka, slik at ein får kjøpt inn fleire nynorskbøker.

- Biblioteka har eit særleg ansvar for å formidle nynorsk litteratur, og det må tematiserast i bibliotekarutdanninga.
- Biblioteka og innkjøpsordninga er viktige for tilgangen på nynorsk litteratur i heile landet. Endringar i kommunestrukturen må ikkje føre til eit dårlegare bibliotektilbod.
- Det er viktig å hauste røynslene frå Nynorske pilotbibliotek for å sjå om dei kan overførast til lokal- og fylkeslag, og til bibliotekutdanninga.

Vi har ikkje arbeidd særskilt med bibliotek eller bibliotekarutdanningane i perioden. Det er viktig at dei som jobbar ved biblioteka og skal formidle litteraturen, har sjølv tillit og kunnskap om det som finst ute på bookmarknaden. Mange av lesekampanjane som blir gjennomførte kvart år, er kommersielt baserte og har få eller ingen nynorskbøker i leseporteføljen. Ein treng eigne nynorske lesekonkurransar, slik som Tid for ti, og stadig å bidra med informasjon.

Under Nynorskstafetten har vi for vane å levele bøker og bokkatalogar til biblioteka i kommunane vi vitjar, for å spreie informasjon om tilgjengeleg nynorsk litteratur, og bidra til at det er litt fleire nynorskbøker til utlån. Det er mange lokal- og fylkeslag i Mållaget som også gir vekk bokpakker til både skulebibliotek og andre bibliotek.

- Skuleelevar må ha tilgang til gode skulebibliotek.

Hausten 2022 skreiv vi under eit opprop om å styrke skulebiblioteka, saman med 14 andre organisasjoner som er opptatt av litteraturfeltet. Den viktigaste bodskapen var at vi oppmoda regjeringa om å vidareføre ei forsterka innkjøpsordning som vart etablert som eit treårig prosjekt i 2020.

I mai 2023 deltok Noregs Mållag på høyningsrunden til leselyststrategien til regjeringa og leverte like etterpå skriftlege innspel til strategien. Vi spelte inn tre viktige tiltak for å styrke tilgangen til nynorsk litteratur: 1 Det offentlege må sikre at den nynorske litteraturen som finst, faktisk kjem ut til folk i heile landet, men særleg til nynorskkrinsar. 2 Det å endre haldningane til lesing i positiv retning må innebere å endre haldningane til å

lese nynorsk. Alle skal kunne lese nynorsk, og alle skal ha lyst til å lese nynorsk og 3 sørge for at bibliotekarane og lærarane i nynorskkrinsar gir folk nynorskboeker.

For Mållaget var det også viktig å få fram at lese-lyststrategien må vere ein strategi for lesing på norsk heller enn engelsk, gjerne av omsette titlar. Då er det eit problem at det blir omsett færre titlar til nynorsk enn bokmål. Noregs Mållag meiner derfor det må finnast ordningar for å få meir omsett litteratur, særleg for barn og unge, på nynorsk.

TEATER OG FILM

Teater og film er viktige for å spegle det norske mangfaldet, også språkleg.

Noregs Mållag meiner:

- Det Norske Teatret er det viktigaste teateret i Noreg og skal ha same løvning over statsbudsjettet som Nationaltheatret.
- Det er viktig å stø opp om dei regionale teatera som speler på dialekt og nynorsk og å fremje nyskriven dramatikk på dialekt og nynorsk.

Det Norske Teatret er det viktigaste teateret i Noreg. Noregs Mållag er i alle samanhenger der det høver, med på dei felles krava frå Nynorsk forum om at løvningane til Det Norske Teatret må på same nivå som Nationaltheatret. Som oftast blir dette fremja i statsbudsjethøyringane.

I 2023 lanserte Det Norske Teatret kampanjen «Tett gapet». Dei siste tiåra har DNT mista nærare 30 millionar kroner i inntekter på grunn av kutt i overføringane frå staten. Denne kampanjen har hatt som mål å skape medvit om denne røynda, og skaffe pengar til teateret. Noregs Mållag har vore med på å promotere «Tett gapet»-kampanjen, og oppmoda folk om å bidra. Det Norske Teatret har også fått gratis annonsar i to utgåver av Norsk Tidend for å bidra til promoveringa.

Alle som bidreg med 10 000 kr eller meir, får sin eigen plakett med namnet sitt på ein stol i teateret. Noregs Mållag har kjøpt ein plakett, og det har også nokre av lokallaga våre gjort. Den stolen vi har betalt for, blir symbolisk «vår» i 10 år.

Den 12. november fekk Erik Ulfsby, avtropande teatersjef på Det Norske Teatret, Målprisen frå Noregs Mållag for å ha gitt heile Noreg strålande scenekunst som har styrkt den nynorske sjølvkjensla. I grunngivinga trekte Peder Lofnes Hauge fram det særeigne språkoppdraget til Det Norske Teateret, og korleis Erik

Ulfbsy har markert seg som ein målpolitisk kapasitet som både ser og plasserer teateret sentralt i målsaka. Han sa også at Ulfsby inspirerer alle som er glade i nynorsk, til å rette ryggen og ta plass som stolte språkbrukarar.

Teater Vestland, tidlegare Sogn og Fjordane Teater, har flytta inn i Nynorskhuset. Dette har ført til ei markant oppgradering for teateret, som gir ringverknader i lokalsamfunnet, der dei mellom anna skal samarbeide med dei vidaregåande skulane i området. Dei har også starta eit scenespråksenter, der nye skodespelarar skal lære å snakke dialekt og nynorsk. Frå og med hausten 2023 er det no rabatt på alle framsyningar for medlemmer i Noregs Mållag. Dette senkar vonleg terskelen for fleire til å sjå framsyningane deira. Teater Vestland driv med turnéteater, så dette er ein medlemsfordel for folk i store delar av landet.

Det Vestnorske Teateret laga til storhending med framsyninga *Jon Fosse - Ord for Ord* i desember, same helga som nobelprisutdelinga. Her vart alle 41 dramastykka til Fosse lesne opp av skodespelarar i lokala til Det Vestnorske Teateret, og strøynde på NRK. Det heile vart til i samarbeid med Det Norske Teatret og Den Nasjonale Scene.

- Det må haldast opp gode stønadsordningar for filmproduksjon som speglar det norske språkmangfaldet.
- Dei regionale filmsentera må haldast oppe for å sikre geografisk og språkleg spreiing i filmproduksjonen.
- Fleire filmar må få nynorsk teksting. Mållaget krev parallel teksting på nynorsk og bokmål av kinofilmar som får statsstøtte.
- I barnefilmar er det viktig at det vert nytta ulike dialektar som får fram mangfaldet og gjer at born lærer å forstå kvarandre.

Noregs Mållag støtta filmen *Eg har ord*, regissert av Runar Gudnason, med kostnaden med nynorsk teksting. Den kom våren 2023 og var eit viktig tilskot til den nynorskspråklege filmkatalogen.

Elles har det vore lite å sjå til nynorske undertekstar av kinofilmar. Platekompaniet og Christer Falck har no eit prosjekt der dei gir ut norske filmklassikarar i restaurerte utgåver på blu-ray. Desse utgivingane har undertekstar på både bokmål og nynorsk. Mållaget har ikkje sjølv vore involvert i prosjektet, men gir honnør til Platekompaniet, Christer Falck og Eirik Ulltang Birkeland, som står for nynorskversjonane av undertekstinga.

Samfunnsliv

Det vert meir engelsk både i næringsliv og arbeidsliv. Å sjå nynorsk i bruk rundt seg er viktig for at det skal vere lettare å bruke nynorsk. Der nynorsk er mykje brukt, har han høgare status. Difor er det viktig at lagsliv, næringsliv, trudomssamfunn og partane i arbeidslivet nyttar nynorsk systematisk.

Noregs Mållag gir ut ein årleg pris for bruk av nynorsk i næringslivet. Hausten 2022 fekk Optima AS prisen for god bruk av nynorsk i firmaet sitt som spesialiserer seg på hudpleieprodukt til både menneske og dyr og i tillegg lagar reinhaldsprodukt.

Prisen for 2023 blir delt ut i tida mellom at årsmeldinga gjekk i trykken og gjennomføringa av landsmøtet.

NÆRINGSLIV OG ARBEIDSLIV

Noregs Mållag skal:

- ha kontakt med både arbeidsgjever- og arbeidstakarsida for å fremje nynorsk i arbeidslivet

Dette punktet har vi ikkje fått prioritert i denne årsmeldingsperioden.

- stø arbeidet lokallaga gjer for meir nynorsk i det lokale næringslivet

På Nynorskstafetten hausten 2022 var vi i møte med Telemark næringspark saman med Kviteseid Mållag i Kviteseid for å snakke med dei om bruk av nynorsk i næringslivet lokalt. Fem år før hadde vi også eit tilsvarande møte om nynorsk i næringslivsarbeidet frå næringsparken. Det er viktig at vi har slike møte, for det blir i det jamne arbeidet lagt til rette for at nær alt det skriftlege er på bokmål.

- dele ut Nynorsk næringslivspris

- videreføre og utvikle #nynorskverksemd-kampanjen saman med lokallaga

Vi bruker framleis emneknaggen #nynorskverksemd i sosiale medium. Det viktigaste enkellementet i denne kampanjen har vore eit klistermerke der det står Nynorsk verksemd. Ny design for eit slikt klistermerke er klart, slik at vi kan halde fram med å markere og rose verksemder som bruker nynorsk. Når vi får melding om ei nynorsk verksemd som fortener å få klistermerke, får denne verksemda eit klistermerke og ein takk for å bruke nynorsk tilsendt i posten. Kampanjen har engasjert nokre enkeltmedlemer og lokale lag, og han er eit konkret bidrag til næringslivsarbeidet vårt.

- arbeide for at destinasjonsselskapa i nynorskområde skal bruke nynorsk

Landsmøtet i 2022 vedtok ei fråsegn om nynorsk i Visit Norway. Vi sende ut fråsegna som eit eige utspel i avisene, i tillegg til at ho gjekk som brev til Innovasjon Noreg som står bakom som eigar av Visit Noreg-konseptet. I juni same året fekk vi svar frå Innovasjon Noreg Reiseliv som mellom anna skreiv: «Vi kan sjølv sjá at vi har ein jobb å gjere når det gjeld å følgje opp språklova, og vi lovar å gi målbruken meir merksemd i



Noregs Mållag gav Nynorsk næringslivspris 2022 til Optima pH. Dagleg leiar av Optima pH Ingunn Bjørke tok i mot prisen og juryleiar Anders Riise delte ut. (Foto: Frida Pernille Mikkelsen)

tida framover.» Dette arbeidet vil vi følgje opp i perioden som kjem.

På Nynorskstafetten hausten 2022 hadde vi møte med Visit Gol for å prøve å påverke til meir nynorsk-bruk der. Det var vi eit godt stykke frå å få interesse for, men dei var veldig positive til å bruke hallingmålet i diverse plakatar og lokale kampanjar.

- arbeide for meir nynorsk næringsliv. Dei store kjøpesentera, butikkjedene og landbruksvirka er særleg viktige

Ørsta Mållag har over nokre år arbeidd systematisk med nynorsk i næringslivet. Mållaget sentralt har i denne toårsperioden støtta dei ein del økonomisk, særleg knytt til utvikling av ei nettside som heiter Språkheltar. Målet med denne nettsida er å kunne inspirere

og hjelpe fleire til å bruke nynorsk i næringslivet, og ho vil også vere eit verktøy for vår eigen organisasjon. Så snart dette er på plass, vil våre eigne lag over heile landet ha god hjelp dersom dei ønskjer å arbeide med språket i næringslivet lokalt hos seg.

- arbeide for at det skal vere like enkelt å vere nynorskbedrift som bokmålsbedrift

Noregs Mållag har støtta opp om initiativet til å starte Nynorsk bedriftsforum, både økonomisk og elles i oppstartfasen. Forumet er ein medlemsorganisasjon for nynorske verksemder og har no 40 medlemer. Dei starta hausten 2022 og har også seinare vorte med i Nynorsk forum, eit samrådingsorgan der dei nasjonale nynorskinstituasjonane og -organisasjonane møtest for betre samarbeid.



Bli med i
Mållaget!

NOREGS
MÅLLAG

Jæren
mållag

Magne Viggo Høyland på stand for Jæren
Mållag under «Klepp 24» i september
2022. (Foto: Jæren Mållag)

Noregs Mållag meiner:

- Det er særleg viktig at lag og organisasjonar som arbeider med barn og unge, nyttar nynorsk.
- Når friviljuge organisasjonar driv kampanjar over heile Noreg, bør vi krevje at dei lagar materiell på nynorsk.
- Målrørsla bør motivere frivillige organisasjonar til meir og betre bruk av nynorsk i lagsverksemda.

I denne perioden har vi først og fremst hatt kontakt med andre organisasjonar i framkant av nynorskdagen 12. mai. Der har vi hatt nokså vellukka kampanjar desse åra med å oppmøde andre om å bruke nynorsk denne dagen.

- Frivillighet Norge er ein særleg viktig organisasjon å samarbeide med for å få lag og organisasjonar til å bruke meir nynorsk.

Regjeringa peika ut 2022 til «Frivillighetens år 2022». Noregs Mållag er ein av 300 medlemsorganisasjonar i Frivillig Noreg. Denne organisasjonen stod bak framleggjet om å lage eit heilt år der ein set søkjelyset på frivillige. Alle medlemsorganisasjonane vart utforda til å peike seg ut ein dato for «VÅR DAG», som ein særskild dag for markering av eiga sak. Saman med Norsk Målungsdom peika vi oss ut Nynorskdagen 12. mai. Vi bruker dagen mellom anna til å invitere alle inn i nynorsken, til å prøve seg på å skrive nynorsk. I markeringa av dagen har vi skrive til fleire organisasjonar og oppmoda dei om bruke nynorsk denne dagen. Det har blitt godt mottatt, og mange har brukt dagen til å skrive nynorsk på sosiale medium. Eit fint døme på dette var organisasjonen Fri som laga innlegg med teksten: «Fridom kjem alle til gode. Ikkje ta han for gitt.»

Det er framleis mykje u gjort i den frivillige sektoren. Her er det brukt veldig mykje bokmål frå sentralt i organisasjonane, som frimodig blir spreidd til alle. På Arendalsveka hadde Frivillig Noreg eit større treff for alle medlemsorganisasjonane der både Gro Morken Endresen, Frida Pernille Mikkelsen og Hege Lothe deltok.

RELIGION OG LIVSSYN

Trudoms- og livssynssamfunn som får statsstøtte, skal møte eit krav om å gi nynorsk trusopplæringsmateriell til born og unge i nynorskområde, og andre som ønskjer det.

Dette punktet har vi ikkje fått prioritert i denne års-meldingsperioden.

SAMARBEID MED ANDRE SPRÅKGRUPPER I NOREG

Noregs Mållag står mindretals- og minoritetsspråk-brukarar sin kamp for språklege rettar og står solidarisk med andre språkorganisasjonar i kampen for språkmangfold i Noreg. Vi ønskjer å samarbeide med organisasjonar for samiske språk, nasjonale minoritets-språk og norsk teiknspråk i relevante saker.

Vi har markert både samefolkets dag 6. februar og Kven-dagen 16. mars i eigne sosiale medium med å ønskje til lukke med dagen. Vi har også støtta språklege rettar i høyringsfråsegner der det har vore aktuelt. Det har ikkje vore møte mellom organisasjonane i denne perioden.

Det offentlege Noreg

Staten har ansvar for å ta vare på og halde oppe både nynorsk og bokmål som skriftspråk. Det tydelegaste uttrykket for dette ansvaret er den nye språklova. Språklova slår fast at det offentlege Noreg har eit særleg ansvar for å fremje det minst brukte språket, nynorsk. Vi skal halde auge med korleis fylkeskommunane vil følgje opp dei nye pliktene og det språkpolitiske ansvaret dei har fått etter lova.

Nynorskkommunane er svært viktige for å halde det nynorske skriftspråket oppe og å hegne om det. Kommunane er store skriftspråkprodusentar og utgjer ei viktig motvekt til det dominante bokmålet.

OPPFØLGING AV SPRÅKLOVA

Den nye språklova er svært viktig å følgje opp framover. Føremålsparagrafen i lova slår fast det offentlege sitt særlege ansvar for å fremje nynorsk, som det minst brukte norske skriftspråket. Dette må føre til ein langt meir offensiv språkpolitikk.

Noregs Mållag har tre overordna mål for perioden for den nye språklova:

1) Føremålsparagrafen må gjerast til røyndom og godt kjent for stat, kommunar og fylkeskommunar. Denne oppgåva er særleg viktig andsynes opplæringssektoren.

Noregs Mållag nyttar alle moglege høve til å minne det offentlege om føremålsparagrafen i språklova. Språklova blir nemnt i alle høyringssvar, strategiar og innlegg, og på vitjingar hjå kommunar, stat, skular, barnehagar og under nynorskstafetten. Med språklova skal språk vere ei overordna ramme for all politikk. Mållaget oppfattar det som verdifullt å minne om språklova, og innhaldet i henne.

Det er gjort framifrå arbeid av særleg Hordaland mållag med å avdekkje brot på språklova. Dei fleste tilbakemeldingane dei får, er takk for påminninga. Dette viser at det er mange som ikkje er medvitne om språkpliktene sine, og at arbeidet til målrørsla er viktig.

I innspel til kommuneproposisjonen 2022 tok vi opp at vi sakna omtale av at føremålet i språklova også gjeld for kommunane og fylkeskommunane. Det bør kome inn slik at departementet i større grad hugsar på at det ansvaret må følgjast opp. Vi tok også opp at status for nynorsk i kommunal sektor må få attende plassen den vurderinga tidlegare hadde i proposisjonen.

På haustseminaret i 2022 var også den offentlege språkbruken tema gjennom innleiinga «Kva rettar og plikter har kommunar og fylkeskommunar», som Aksel Torsnes Mehlum frå Språkrådet heldt for oss.

2) Lova må følgjast opp for dei som har plikter og ansvar, mellom anna ved språkplanar.

Skrivarstova og laga i Noregs Mållag arbeider aktivt med kommunane og fylkeskommunane for å få dei til å lage språkplanar. Vi er aktive partar for å få desse til å innehalde så mykje nynorskpolitikk som mogleg, og så konkrete mål og retningslinjer som mogleg.

Mållaget var involvert då Innlandet fylkeskommune skulle vedta språkbruksplanen sin. Her var framleget frå administrasjonen 10 % nynorsk, som er minstekravet jf. språklova. Vi skreiv eit utkast til forslag, og fekk mobilisert ein del parti til å gå med på 25 % nynorsk. Dessverre vann vi ikkje gjennom med dette i denne omgangen. Likevel var ikkje arbeidet fånyttet. Saka gjekk frå ikkje å ha alternative forslag, til å ha eit alternativt forslag om 25 % nynorsk. Vi fekk altså flytta premissane for saka, sjølv seit i prosessen.

Norsk Tidend avslørte i nr 04/2022 at ei rekke med tiltak for nynorsk i Stavanger ikkje var gjennomførte

grunna ein teljefeil i bystyret. Denne teljefelen kom også med i referatet, og med det vart ikkje ei rekkje tiltak for nynorsken gjennomførte av kommunedirektøren. Det kom også fram at ein språkbruksplan var vedtatt fleire gonger, utan at det var framdrift i saka heile valperioden.

I eit samarbeid med Bø blad avdekte Norsk Tidend at språkplanen til Midt-Telemark kommune slit med å følgje opp eigen språkbruksplan. Då Midt-Telemark vart slått saman med Sauherad, gjekk kommunen frå å vere nynorskkommune til å skulle bli «tospråkleg». Det vart laga ei liste over kva frå kommunen som skulle vere på bokmål, og kva som skulle vere på nynorsk. Dette har vist seg i praksis å vere vanskeleg å følgje opp. Det er vedtatt at både dialekt og nynorsk skal styrkjast, men det har i valperioden 2019–2023 ikkje kome nokon konkrete framlegg for å gjennomføre dette.

Desse døma viser at det er viktig å følgje opp kommunane og vere involvert i utviklinga av språkbruksplanane, både i arbeidet med dei og i oppfølginga av dei.

Staten og kommunane har sett i gang eit arbeid med ein felles strategi for det dei kallar sju livshendingar. Desse livshendingane er grupperte i tema av typen «få barn», «miste og finne jobb», «Ny i Noreg» osb. Målet med prosjektet er at ein skal få tilgang til digitale tenester frå ulike stats- og kommunale etatar gjennom éi nettside, i staden for å måtte søkje informasjon frå ei rekkje ulike instansar, slik det er i dag. Digitaliseringsdirektoratet og KS samarbeider om å koordinere arbeidet, og sjølvre arbeidet er sett ut til seks ulike departement. Noregs Mållag hadde møte med arbeidsgruppa i KS hausten 2022 for å minne om i god tid at desse tenestene må ligge føre i fullverdig nynorsk- og bokmålsversjon før dei blir lanserte ein gong i 2025 etter planen.

3) Me må arbeide for å styrke språklova, særleg kravet om at kvar tilsett i staten skal meistre nynorsk og retten for språkorganisasjonar til å klage. Det må vere sanksjonar for brot på den nye språklova. Reglane i språklova om bruk av nynorsk og bokmål i staten skal også gjelde for den administrative delen av Stortinget, Riksrevisionen, Sivilombodet og andre organ for Stortinget.

Det einaste statsorganet som ifølgje rapporteringa til Språkrådet oppfyller språkvekslingskrava i språklova, er Medietilsynet. For dette arbeidet fekk dei Målblomen av Noregs Mållag i 2023. Språkrådet er no samd med Noregs Mållag og har tatt til orde for sanksjonar mot organ som jamt bryt språklova. Kva desse skal

vere, er endå ikkje formulerte, og det er ikkje støtte for dette på Stortinget.

I februar 2024 var Noregs Mållag i møte med kulturminister Lubna Jaffery om oppfølging av språkpolitikken, der vi særleg diskuterte rom for endringar i språklova og korleis best mogleg bidra til at statsorgan følgjer det gjeldande regelverket.

Vi har også i perioden hatt eit utspel om at staten sviktar sin eigen språkpolitikk når Brønnøysundregistra ikkje opnar for at ei verksemnd kan ha to namn. Konsekvensen av regelverket slik det er i dag, er at verksemder med namn på t.d. både nynorsk, bokmål og samisk, må velje eitt namn dei er registrerte med. I slike samanhengar er røynslene våre at det typiske valet er bokmål, og slik blir nynorsk mindre synleg enn det som rett er.

KOMMUNE, FYLKESKOMMUNE OG STAT

Noregs Mållag meiner:

- Jamstillinga mellom nynorsk og bokmål skal grunnlovsfestast.

Noregs Mållag byrja på eit arbeid i dette spørsmålet i førre arbeidsprogramperiode. No har vi tatt opp att tråden seinhausten 2023, og tar sikte på å få fremja forslaget i Stortinget i 2024.

- Både staten, fylkeskommunar og kommunar må ha språkbruksplanar som peikar på tydeleg leiaransvar for å sikre og fremje bruk av nynorsk.

I denne perioden har Mållaget konsentrert arbeidet om å bruke tid på språkbruksplanar i nye (samanslåtte) fylkeskommunar og kommunar. Såleis har vi særleg arbeidd med Telemark/Vestfold, Innlandet, Ålesund, Bergen, Stavanger og Midt-Telemark. Meir om dette arbeidet står omtalt på side 37.

- Departement og statlege organ må prioritere å få opp nynorskkompetansen blant eigne tilsette framfor å bruke nynorske omsetjingsbyrå eller -program.

Vi hadde møte med kulturminister Lubna Jaffery i februar 2024, der vi hadde bede om møte for å diskutere at det burde gjerast endringar i språklova i tråd med dei framlegga Arbeidarpartiet hadde i den opphavlege behandlinga, men som dei då tapte. Blant dei



Dåverande ordførar i Ålesund kommune, Eva Vinje Aurdal, fekk Målblome frå Noregs Mållag under vårseminaret i Ålesund i mars 2023. Aurdal var sentral i arbeidet for at nye Ålesund kommune vart nynorskkommune i 2020. (Foto: Hege Lothe)

sakene vi melde ønske om å få opp att, er kravet til at statstilsette skal meistre både nynorsk og bokmål.

- Språkrådet må styrkjast og må få heimel til å føre tilsyn og kontroll med at kommunar og fylkeskommunar gjer det dei skal etter språklova.

Vi tok opp spørsmålet om at Språkrådet måtte styrkjast, alt våren 2020, saman med dei andre nynorskorganisasjonane i eit felles innspel frå Nynorsk forum. Då prioriterte vi å ta til orde for at dei måtte få tilsynsansvar for fylkeskommunane, fordi dei hadde fått nye språklege plikter, og at Språkrådet som ein logisk konsekvens måtte få ressursane til å gjere det. Arbeidarpartiet og SV føreslo såleis i handsaminga i familie- og kulturkomiteen at fylkeskommunar måtte inn som ein del av regelverket i §§ 19 og 20 i språklova om rapporteringsplikt og tilsyn. Noregs Mållag tok opp att denne saka med kulturministeren vinteren 2024.

- Det må vere klare krav til språk i dei nasjonale standardane for digitale tenester.
- Nynorsk må vere med i alle krav til offentlege innkjøp, og det må utarbeidast standardar for språkkrav i offentlege innkjøp.

Noregs Mållag hadde møte med kommunalminister Erling Sande i februar 2024, og då tok vi mellom anna opp at det er viktig med nasjonale standardar og malar som legg til rette for at kommunane og fylkeskommunane automatisk får med relevante språkkrav i anbodsprosesser for offentlege innkjøp av programvare og liknande.

- Den fylkeskommunale språkpolitikken må følgjast opp særskilt.
- Dei nyss samanslegne kommunane og fylkeskommunane, der stoda for nynorsk er usikker, må følgjast opp særskilt.

- Nynorsk skal tene på eventuelle strukturendringar i det offentlege Noreg, og Noregs Mållag skal følgje opp slike prosessar.

Det er mange kommunar som er slått saman siste åra, og i hovudsak har Noregs Mållag vurdert at stoda for nynorsken har vore spesielt utsett i Ålesund, Molde, Sandnes og Midt-Telemark og at det derfor har vore særskilt viktig å følgje med på desse.

ÅLESUND: Noregs Mållag inviterte til vårseminar i Ålesund i mars 2023 med dette som emne. Vi har skrive debattinnlegg, laga argumentasjonsliste til politikarane og snakka med politikarane. Saman med lokallaga har vi følgt opp dei politiske partia fram mot valkampen. Det var tidleg klart at høgresida med FrP og Høgre med god støtte for Ålesundlista låg svært godt an på målingane, og dei gjekk til val på å få vekk nynorsk-kommune-vedtaket og gjeninnføre Ålesund som ein såkalla språknøytral kommune. Dei vann valet og har gjennomført vedtaket. Mållaget bad om møte med politisk leiing for å arbeide for å få mest mogleg nynorsk innanfor den språknøytrale paraplyen. Møtet kom først i midten av februar 2024.

MOLDE: Molde er språknøytral kommune og vart slått saman med Nesset kommune og Midsund kommune som var nynorskkommunar. I Molde har ikkje saka vore til offentleg ordskifte om språkpolitikk på det viset som i Ålesund. Det har likevel vore fleire møte med kommunen, sist i høve Nynorskstafetten. Då møtte Molde kommune med Hege-Beate Skjølberg, ass. kommunedirektør, Ann-Mari Abelvik, kommunalsjef for oppvekst, kultur og velferd, Ellen Lyngvær Hjelset, fagleiar for barnehage, sjef for kommunikasjonsavdelinga Hilde Johansen og kommunikasjonsmedarbeider Jannike Totland Due. Møtet avklarte at Molde kommune arbeider med at nynorsken skal vere synleg i skriftleg informasjon, men kommunen har framleis ein del igjen på internkommunikasjon med skulane og barnehagane og å legge til rette for og oppmøde dei tilsette om å skrive nynorsk på jobb.

MIDT-TELEMARK: I høve Nynorskstafetten 2022 var det eit eige møte med Midt-Telemark kommune om oppfølginga av språkvedtaket deira. Kommunen har framleis ein del å gå på før dei kan slå fast at dei følgjer ambisjonar i eigne vedtak. I etterkant av møtet innleidde Norsk Tidend eit samarbeid med Bø Blad der dei to avisene avdekte at nynorsken systematisk ikkje får den plassen han skal ha.

STAVANGER: Kommunen er språknøytral. Han vart slått saman med Rennesøy kommune der halvparten av elevane er nynorskelevar og Finnøy kommune der alle elevane er nynorskelevar. Under Nynorskstafetten 2022 var det møte med delar av politisk leiing i Stavanger kommune og informasjonsavdelinga der. Stavanger kommune har utarbeidd ein eigen språkpro-

fil. Bystyret i Stavanger har vedtatt tre gonger i førre periode at dei vil ha ein språkbruksplan, men han er framleis ikkje lagt fram til behandling.

SANDNES: Kommunen vart slått saman med nynorskkommunen Forsand. På Nynorskstafetten i 2022 var det eit møte med skuleadministrasjonen. I det møtet drøfta vi først og fremst kva kommunen burde gjere for å følgje opp eigne nynorskelevar. Skulemåls-skrivar har saman med Sandnes Mållag arbeidd med oppfølging av kommunen på dette området.

TELEMARK: Telemark var ein del av Vestfold og Telemark fylkeskommune fram til 31. desember 2023. Frå 2024 er Telemark fylkeskommune igjen eigen fylkeskommune og dei gjorde eige språkvedtak i februar. Fylkeskommunen har gjort språknøytralt målvedtak, men samtidig vedtatt at det skal vere minst 40 % både nynorsk og bokmål i det dei skriv, og at det skal lagast ein rapport til Fylkestinget kvart år om språkarbeidet.

INNLANDET: Saman med Austmannlaget arbeidde vi for å få eit så godt språkvedtak i planen deira som råd. Vi nådde ikkje heilt fram. Etter vårt syn burde Innlandet fylkeskommune brukt meir nynorsk med tanke på at dei har over 3000 nynorskelevar fordelte på 13 av kommunane. Det betyr at 28,3 % av kommunane i Innlandet har nynorskelevar i skulen. Det utgjer nesten ein tredel av skulane i Innlandet fylkeskommune.

- Nye lover skal vedtakast på nynorsk til vi når målet om at 25 % finst på nynorsk. Nynorske lover skal ha tilhøyrande forskrifter på nynorsk.
- Ny forvaltingslov skal kome i parallelle versjonar på nynorsk og bokmål, på same måte som Grunnlova, dersom ho ikkje vert vedteken på nynorsk.
- Statlege nettstader skal veksle 50/50 mellom nynorsk og bokmål. I påvente av dette bør alle statlege nettsider som finst i parallelutgåve, ha nynorsk som standardval.

Dette har vi arbeidd heller lite med i perioden. Vinteren 2024 hadde vi saman med Juristmållaget eit utspel om nye lover må vedtakast på nynorsk. Det vart publisert på rett24.no og i fleire aviser. Vi hadde eit utspel på nynorsk forvaltingslov i 2019, då NOU-en var i arbeid, og vil følgje opp saka så snart regjeringa leverer frå seg noko meir på feltet.

- 25 prosent av teksten frå Slottet og minst éin av trontalane i kvar stortingsperiode bør vere på nynorsk. Kongehuset bør bidra til å fremje nynorsk.

Denne saka tok fyr heilt av seg sjølv i samband med landsmøtet 2022. Det var også diskusjon og usemjø i organisasjonen om kva som var rette strategien og

Det offentlege Noreg

synspunkta i saka. Nynorskbrukaen frå Slottet har auka, og vi kan jo vone at det har samanheng med landsmøtevedtaket vårt. I 2022 var 21 % av nyhendesakene på nettsida på nynorsk, og i 2023 var dei oppe i 26 %.

Leiaren hadde også ein kronikk på trykk i samband med attenårsfeiringa til prinsesse Ingrid Aleksandra, med kritikk av at den nye tronarvingen ikkje har hatt ordinær nynorskundervisning og -vurdering i heile skuleløpet sitt.

SPRÅKTEKNOLOGI

Utviklinga av språkteknologisk programvare som automatisk omsetjing, taleattkjenning og liknande har i aukande grad innverknad på språktihøva i Noreg. Om staten ikkje grip inn, vil denne utviklinga i stor grad vere stort av internasjonale selskap utan ansvar for den norske språksituasjonen. Politisk press på dei store selskapene og på dei store prosjekta som skal arbeide med språkteknoologi i Noreg, er viktig.

Noregs Mållag meiner:

- Staten må ta ansvar for at tilgjengeleg språkteknoologi vert like breitt utvikla for nynorsk som for bokmål.
- Noreg må få taleattkjenningsteknologi som forstår nynorsk og norske dialektar og talesyntese både på nynorsk og bokmål.

Det har skjedd veldig mykje på dette feltet siste åra. Det finst no program for transkripsjon (tale-til-teks) som kan bli programmerte til å forstå dialekt. Eit døme er Dragon Naturally Speaking frå Nuance. Dette er eit kommersielt produkt som kostar ein del, noko som avgrensar bruken av det. Det viser likevel at teknologien finst og kan bli ganske avansert. Vi har sjølv hatt fleire møte med Dictus, eit firma som utviklar tenestene for referering av dei munnlege innlegga i Stortinget. Dei har også ganske gode resultat på transkribering av dialektar. Vi har i perioden også prøvd å få til møte med Microsoft om tale til tekst-tenester, utan å lukkast med det.

I februar 2024 deltok Noregs Mållag på eit lanseringsmøte for NB-Whisper hos Nasjonalbiblioteket. Dette er eit tale-til-teks verktøy utvikla av Nasjonalbiblioteket. NB-whisper er basert på Whisper, som er ein kode for taleattkjenning utvikla av OpenAI. Den norske modellen baserer seg på norske datasett. Målet er at NB-Whisper skal forstå alle norske dialektar og transkribere dei til bokmål, nynorsk og engelsk. NB-Whisper fungerer betre på bokmål enn nynorsk, men det førebelse inntrykket er at han ikkje er så verst på nynorsk.

Noregs Mållag følgjer med på utviklinga av ny språkteknoologi, og vurderer fortløpende kva vi gjør med informasjonen og korleis vi skal involvere oss.

Det viktigaste er at det blir jobba for at han fungerer på nynorsk.

- Kvalitetssikra maskinomsetjing på nynorsk er viktig, og omsetjingsprogram må inkludere heile breidda i den nynorske rettskrivinga. Maskinomsetjing må brukast for å gjere nynorsk meir tilgjengeleg og ikkje for å lempe på kompetansekrav.

Nynorskroboten, utvikla av NPK, er vorte eit svært potent omsetjingsverktøy. Roboten er i bruk i fleire avisredaksjonar og til dømes i Telemark fylkeskommune. Vi har von om at Nynorskroboten, og andre omsetjingsprogram, bidreg til å auke mengda nynorsktekst i avisar, på nett, i det offentlege og i næringslivet. Med eit slikt verktøy er det potensielt veldig enkelt å produsere store mengder nynorsktekst. Dersom ein får kombinert bruken av slike omsetjingsverktøy med nynorskkurs og inspirasjonsdagar, vil ein lukkast i å løfte den generelle nynorskkompetansen i samfunnet monaleg.

Noregs Mållag ved Erik Grov og Vemund Norekvål Knudsen var på møte med TANSA for å lære meir om korleis teknologien fungerer, våren 2023.

- Arbeidet med nynorsk terminologi i det offentlege må styrkast slik at språkteknoologi kan fungere på nynorsk i alle sektorar.

Regjeringa har lansert ein ny handlingsplan for norsk fagspråk. Her leverte Noregs Mållag høyringsinnspel der vi blant anna peika på at god språkteknoologi også er ein føresetnad for utvikling av norsk fagspråk. Vi tok til orde for felles innkjøpskraft og sentralt påtrykk på produsentane som eitt verkemiddel for å få betre teknologitenester. I handlingsplanen er målet at akademia i mykje større grad skal bruke norsk i undervisinga og forskinga, og ein har eit større ansvar for å utvikle norsk terminologi innanfor fagområda. Dette bidreg til å styrke språkteknoologi på norsk.

- Språkbanken ved Nasjonalbiblioteket og språksamlingane i ved Universitetet i Bergen må ha gode vilkår, og materialet deira må vere tilgjengeleg for forskarar og utviklarar av språkteknoologi.
- Staten skal finansiere eit gratis retteprogram for nynorsk og bokmål.

Dette punktet har vi ikkje fått prioritert i denne års-meldingsperioden.



Nynorskstafetten på Ivar Aasen-ferja mellom Solholmen og Mordalsvågen under stafetten i 2023. (Foto: Frida Pernille Mikkelsen)

Organisasjonen

Noregs Mållag har hatt ein stor auke i medlemstalet dei siste ti åra, frå 10.433 medlemer i 2011 til 15.483 i 2021. Vi må vere i stand til å auke medlemstalet vidare og få fleire aktive medlemer og lag. Ein større og sterkare organisasjon gjer det mogeleg å sikte høgare og nå meir ambisiøse mål. Det er eit sjølvstendig mål å ha ein så sterk organisasjon som mogeleg. Det er òg viktig for å ha større politisk gjennomslagskraft.

LOKAL- OG FYLKESLAGA

I 2022 og 2023 leverer laga inn årsmelding for høvesvis 2021 og 2022. For 2021 vart det levert inn 170 årsmeldingar frå lokallag og fylkesmållag. For 2022 kom det inn til saman 108 årsmeldingar, der berre 8 av 17 fylkeslag leverte. Grunnen til skilnaden er at 2022 var eit landsmøteår. I 2023 purra vi heller ikkje ekstra på årsmeldingar. Vi kjem til å jobbe for at talet skal opp att i neste årsmeldingsperiode. Dei siste tre åra sett under eitt, har 178 ulike lokal-, yrkes- og fylkeslag levert årsmelding. Det er desse laga vi reknar som aktive. Samanslåing av lag i årsmeldingsperioden vil ha påverka talet, som er ein nedgang frå 191 lag i 2019. Laga som ikkje sender inn årsmelding, får ikkje nyitta dei demokratiske rettane sine i samskipnaden eller betalt ut lokal- eller fylkeslagsdelen av medlemspengane. Sju av laga våre er med i både Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag.

I 2022 tok skrivarstova initiativ til å leggje ned nokre av laga med færrest medlemer, for å samle fleire medlemer i faktisk aktive lag. Det kan verke dramatisk, men alle medlemene vart ringde på telefon, og spurde om kva lag dei helst ville høyre til. Dei fleste valde det nærmeste aktive laget geografisk, medan nokre få ville stå beinveges i fylkeslaget. Andre ville tilhøyre eit heilt anna lag, fordi dei hadde flytta. Ingen meldte seg ut, snarare tvert om. I Nordland Mållag er dei fleste flytta til Vesterålen Mållag, som no er mange nok til at vi kan prøve på ei skiping. Der det fanst medlemspengar til gode, har fylkeslaga fått desse. Berre Nøtterø hadde konto, og den har vi fått stadfesta at er avslutta.

AUSTMANNALAGET:

Ringebu Mållag - 3 medlemer

Odal Mållag - 2 medlemer

FYLKESMÅLLAGET VIKVÆRINGEN:

Nøtterø Mållag - 1 medlem

HORDALAND MÅLLAG:

Eidfjord Mållag - 3 medlemer

SOGN OG FJORDANE MÅLLAG:

Davik Mållag - 4 medlemer

ROMSDAL MÅLLAG:

Nesset Mållag - 6 medlemer

TRØNDERLAGET:

Hemne Mållag - 1 medlem

Mållaget Snåsingen - 5 medlemer

Ogndal Mållag - 1 medlem

NORDLAND MÅLLAG:

Bø bygdelag - 4 medlemer

Andøy Mållag - 1 medlem

TROMS OG FINNMARK MÅLLAG

Lenvik Mållag - 1 medlem

Nordreisa Mållag - 4 medlemer

YRKESMÅLLAG:

Trafikkleararmållaget - 1 medlem

I tillegg vedtok Finnøy (16), Sjernarøy (10) og Rennesøy (29) sjølvé å slå seg saman med Stavanger Mållag. Flytting av medlemer er gjort. Det same har Fitjar Mållag, der medlemene er flytta til Stord Mållag (33 medl.) Rindal Heimbygdlag har lagt seg sjølv ned, og medlemene (20) er flytta til Surnadal Heimbygdlag, for det meste.

I 2023 vedtok Ågotnes Mållag å leggje ned, og dei fleste medlemene (10) vart flytta til Sotra Mållag. Medlemene i Skodje og Ørskog (34) vart i 2023 flytta over til Borgund Mållag.

Noregs Mållag skal arbeide for:

- vekst i medlemstalet kvart år og å halde på medlemer som melder seg inn

Noregs Mållag har dei siste tre åra hatt eit medlems-
tal på over 15 000, og nådde i 2023 det høgste medlems-
talet sidan 1985, med 15 682 betalande medlemer. Høge
medlemstal gir meir medlemspengerefusjon til laga med
lokal- eller fylkeslagssats, og påverkar utsendingsret-
tane til landsmøtet.

Å få medlemsmassen vår til å betale år etter år, er
nøkkelen til å auke medlemstalet. I tillegg til å verve
nye. Trass i at den enorme medlemsauken frå FpU-
utspelet i 2021 hende før 1. oktober, greidde Noregs
Mållag å halde på dei fleste av desse medlemene i 2022.
Dette året fekk vi lite «gratis» sidan vi berre verva 350
nye etter 1. oktober 2021. Målsetjinga var likevel eit
medlemstal over 15 000, og totalt betalte 15 046 med-
lemer. Vi var veldig nøgde, og markerte det med store
digitale plakatar på Nationaltheatret og Jernbanetorget
i Oslo (+ innmeldingsinfo).

Betalingsviljen blant medlemer kjem truleg i stor
grad av digitale betalingsløysingar som e-faktura,
avtalegiro og Vipps, og at vi kan sende fleire påminnin-
gar som e-post og sms. Digitalt medlemskort, og nye
medlemsføremoner gjer vonleg også sitt til at medlemer
blir verande. I årsmeldingsperioden har medlemer med
e-faktura og avtalegiro gått vidare opp. Frå 2023 er
e-faktura noko ein seier ja til i nettbanken sin generelt
(alltid e-faktura), og så kan vi søkje opp folk og lage
avtalar med dei. Dette gir utslag først i 2024, der vi no
sender særskilt giroar på papir i første runde. Talet på
ubetalte medlemskap på slutten av året har gått ned frå
ca 1300 til 1200 stk, i tillegg til at det går ned prosent-
vis. I 2022 var vi i oppkjøyringa til opplæringslova,
og brukte ønsket om gjennomslagskraft for å få folk
til å betale. På tampen av 2023 brukte vi ønsket om å
heidre Jon Fosse med eit høgt medlemstal i fleire pur-
ringar. I 2022 purra vi på medlemspengane fem gonger,
medan vi i 2023 purra sju. Til samanlikning purra vi
seks gonger i 2021. Den siste purringa i 2023 vart send
i romjula, då vi berre mangla tre stk på å nå rekorden
frå 2021. Denne gav veldig god utteljing. At BUL Oslo
auka medlemstalet sitt med 100 frå året før, medverka
også til medlemsrekorden.

Vi har til liks med førre årsmeldingsperiode ringt
medlemene som ikkje betaler på tre år, og som står i
fare for å bli utmelde. Dette krev litt ekstra arbeid, men
det gir veldig godt resultat. I 2022 ringde vi 170 stk. I
2023 var talet 219. I tillegg ringjer vi kvart år medlemer
som har gitt gave, men som ikkje har betalt medlems-
pengar, med spørsmål om det var det dei meinte. Begge
åra har vi sendt e-post til medlemene over 30 år i Norsk
Målungsdom, som ikkje lenger er teljande for statsstø-
nad, med oppmoding om å flytte over til Noregs Mållag.
Talet på utmeldingar har stige litt, som er å vente
grunna eit høgare medlemstal. I 2022 melde vi ut 619
medlemer, medan talet var 663 i 2023. Mange nemnde
straumprisar og dyrtid som grunngiving vinteren 23. I
2022 registrerte vi 128 avlidningar, som var ganske likt

dei føregåande åra, medan det i 2023 steig til 165. Vi
trur dette følgjer nasjonale statistikkar.

Tabellen under syner medlemstalet dei siste ti åra,
med tal på nyinnmelde for kvart år. Talet på betalande
medlemer i laga våre, og auke frå år til år, finn ein i lags-
oversynet bak i årsmeldinga. Vi verva best når det er
politiske saker som står på spel, og nynorsken er truga.
I lista under er det FpU sitt F**K nynorsk-utspel som
gir det største utslaget. I 2023 såg vi likevel at folk
også kan melde seg inn når det er noko å feire, nemleg
nobelprisen til Jon Fosse. Vestlandsregionsaka gav klart
utslag på medlemstilstrøyminga i 2016/2017, medan
læreplansaka gjorde det i 2019. I 2020 brukte vi krav til
språklova for å verve, medan vi verva på opplærings-
lova mellom 2020 og 2023. Dei to lovene gav aldri ein
slik enkelteffekt som dei andre sakene som er nemnde
her.

ÅR	MEDLEMER	ENDRING	NYINNMELDE
2013	12 164	-92	783
2014	11 726	-438	600
2015	12 022	+296	680
2016	12 411	+389	1 089
2017	13 240	+829	1 303
2018	13 050	-190	850
2019	13 581	+531	1 249
2020	14 104	+523	1 000
2021	15 483	+1 379	1 990
2022	15 046	-437	813
2023	15 682	+636	1 505

VERVING

I fleire år har organisasjonen hatt auka fokus på ver-
ving. Mange lokallag er flinke til å verve medlemer i sitt
område, og verving i sosiale medium spelar ei stor rolle.
Det høge medlemstalet gir gjennomslagskraft i møte
med styresmakter og betre økonomi i Mållaget. Mange
veit at Mållaget veks, og dette gjer vonleg også vervear-
beidet lettare. Vi trur potensialet er endå større.

2022 var eit tradisjonelt verveår, med vervedag
og vervetevling. Vi gjorde ingen større tiltak før på
hausten, men sende jamleg ut oppdaterte medlemslis-
ter, med status på kor mange nye medlemer lokallaga
hadde fått, og kor mange som hadde betalt. På lokal-
lagsleiarasamlinga hadde Live Havro Bjørnstad ei eiga
innleiing om vervearbeid. Vervedagen 1. oktober 2022
vart markert på same måte som i førre årsmeldingspe-
riode. Oppmodinga om å vere med på vervedagen vart
send til alle om lag 1000 tillitsvalde i organisasjonen.
Til saman fekk vi 64 nye medlemer denne datoën, eit
særskilt godt tal. Mellom 1. oktober og 1. desember hadde
vi éin vervepost i veka. Vi laga ulike illustrasjonar med
ulike vinklingar for verving, dei fleste med tema rundt

Organisasjonen

opplæringslova. Desse vart sponsa, og nådde eit breitt publikum. Vi fekk ein del nye medlemer, men fekk også spreidd synspunkta våre. På hausten oppdaterte vi også jamleg lokallaga på statusen i vervetevlinga, og på slutten av året kunne dei 20 beste laga ta mot bokpakter som takk for innsatsen. Legg särleg merke til at Løvebakken Mållag er inne på lista. Dette er viktige medlemer å ha med på laget.

LOKALLAG NYE I 2022

LOKALLAG	NYE I 2022
1 Oslo mållag	66
2 Bergen Mållag	39
3 Kvam Mållag	19
4 Borgund Mållag	16
5 Herøy Mållag	14
6 Giske Mållag	12
6 Hå Mållag	12
6 Odda Mållag	12
6 Vinje Mållag	12
10 Nidaros mållag	11
11 Bondeungdomslaget i Stavanger	9
11 Bærum Mållag	9
11 Haugesund Mållag og Ungdomslag	9
11 Lista Mållag	9
11 Løvebakken Mållag	9
11 Stavanger Mållag	9
11 Stranda Mållag	9
11 Tromsø Mållag	9
11 Tysvær mållag	9
11 Voss Mållag	9

At nettsida har fått betalingløsing, gjer at mange fleire nye medlemer betaler i innmeldingsaugneblinken, og ikkje treng å få giro i posten. For nokre år sidan melde mange seg inn på SMS, men no vel fleire nettsida for å melde seg inn.

Det største vervetiltaket i 2022 var ein julekalender med 24 luker på Facebook og Instagram. Her hadde vi videoar av ulike mållagsmedlemer. Vi bad dei lage korte videoar av seg sjølv, og laga adventsgrafikk oppå. Dei fortalte kvifor dei er medlem i Mållaget, og kven dei er. Vi fekk med kjendisar som Jon Fosse, Daniel Kvammen, Kari Stai, Ragnhild Jepsen og Eli Kari Gjengedal i god blanding med andre medlemer. Videoen av Jon Fosse brukte vi på nytt i 2023, etter at det vart kjent at han skulle få nobelprisen. Etter 1. oktober 2022 verva vi rundt 300 stk., som følgjeleg starta neste år som betalande medlemer. Til samanlikning startar vi no 2024 med over 1000 betalande.

Verveåret 2023 er vi stolte av. Skrivarstova gjorde eit medvite val om ikkje å arbeide med verving under innspurten med opplæringslova på våren. Då valkampen

kom, og FpU på nytt brukte F**K nynorsk-slagordet, sa vi tydeleg frå om vårt syn, med oppmoding om å melde seg inn for å støtte nynorsken. Vi fekk i overkant av 120 nye medlemer då, og leiar Peder var i debatt på Tv2.

29. september 2023 hadde 14 139 medlemer betalt medlemspengar. På det tidspunktet var vi i tvil om vi kom til å greie 15 000. Den store vervedagen nokre dagar seinare var den minst suksessrike sidan oppstarten i 2017. Berre om lag 25 nye meldte seg inn, kanskje delvis grunna endringar i facebooksponsing, som vi ikkje var klare over. Same dagen lanserte vi ei ny type vervetevling: Dei fem lokallaga som verva flest nye medlemer mellom 1. oktober og 8. oktober, vann store bokpakter. Då tre lag hadde like mange nye, vart sju bokpakter sende. Ei slik vervetevlingsveke trur vi kan vere ein god idé også i framtida, sidan det tar vekk litt av arbeidet i årsskiftet, då arbeidsmengda på skrivarstova er stor nok som det er. Dette vart vinnarane av verveveka:

LOKALLAG	NYE MEDL. 1.–8. OKT
Oslo mållag	14
Bergen Mållag	12
Gloppe Mållag	5
Sogndal Mållag	5
Stranda Mållag	5
Vindafjord Mållag	4
Hustadvika Mållag	3

5. oktober hende det likevel noko som snudde vervehausten på hovudet. Då fekk vi vite at Jon Fosse skulle få nobelprisen i litteratur. Mållaget gratulerte raskt i sosiale medium, og laga ein vervepost same kveld. At forfattaren takka nynorsken og den nynorske målreisinga, var ei gávepakke. I starten fekk vi ein del nye medlemer, men det var ikkje før kampanjen «15 000 før Fosse får nobelprisen» vart lansert, at medlemstilstrøyninga verkeleg tok seg opp. Vi oppdaterte «historia» på Instagram og Facebook kvar dag i ein månad, med kor mange som var att til målet. Talet stod i snakkebobler frå ulike nynorskrelaterte folk og ting, og i tillegg laga vi nye vervegrafikkar kvar helg med ulike sitat frå Fosse. På veg inn i nobelhelga mangla vi berre éin medlem, og med posten «14 999 medlemer - kven vert nummer 15 000» gjekk vi langt forbi. Då leiar i Førde Mållag vart intervjua på NRK på nobeldagen, kunne vi sjå medlemene tikke inn i innboksen. Oppfølginga i sosiale medium gjennom nobelhelga, med NRK si maraton sending, og nynorsk over alt elles, resulterte i ei mengd nye medlemer. Etter kvart såg vi at rekorden frå 2021 var innanfor rekkjevidde, og heldt oppe vervinga både sentralt og lokalt. I tillegg sende vi ut kommune-flygeblad, med innmeldingsoppmoding til om lag 8000 folkevalde i landet, som kom i possten akkurat til nobelhelga. Dette skaffa oss 55 viktige



Åge Fossum, MediaHuset, Astrid Asheim Aubert, leiar av skriftstyret og Ingrid Kjønnøy, leiar av Nordmøre Mållag viser fram 2023-utgåva av Du mitt Nordmøre, årboka for Nordmøre Mållag. (Foto: Natalia Fossum, MediaHuset)

medlemer, den nest beste utteljinga sidan vi starta med dette. Vi bad alle tillitsvalde i Mållaget om hjelp til å verve og dele facebookpostane, og det var tydeleg at det vart verva godt ute i organisasjonen. I tillegg sende skrivarstova meldingar til meir eller mindre kjende folk på Instagram, som vi meinte burde vere medlemer, med godt resultat. 31. desember var talet på betalande medlemer 15 682. Over 1000 stk melde seg inn i kjølvatnet av nobelprisen, og meir enn nokon gong trur vi at denne medlemsauken var grunna godt vervearbeid på skrivarstova. Til saman registrerte vi over 1500 nye medlemer i 2023, det tredje høgste talet i nyare tid, etter 2012 og 2021.

- å engasjere nye medlemer og få dei til å verte aktive i organisasjonen

Mange nye medlemer hakar av for å få nyhendebrevet vårt Nytt om nynorsk. Det er i skrivande stund 6104 tingarar, 735 fleire enn for to år sidan. Vi har eit mål om om lag éi utsending i månaden, utanom på sommaren, men i denne årsmeldingsperioden har vi sendt nokre færre nyhendebrev enn førre. Prosentdelen som faktisk opnar e-postane har auka, og ligg no i overkant av 45

%, mot 35 % i førra årsmeldingsperiode. Nytt om nynorsk inneheld dei viktigaste nynorsksakene sidan førre utsending, og også våre eigne saker om verving, adventskalender, tilskipingar, stipend eller liknande.

- at Norsk Tidend, medlemsavisa for Noregs Mållag, skal kome ut jamleg

Norsk Tidend er medlemsavisa til Noregs Mållag. Avisa blir sendt ut til medlemene i Noregs Mållag og Norsk Målungdom, og til tingarar av avis. Ho kjem ut fem gonger i året, som regel med 28 eller 32 sider. Per 2023 er opplaget om lag 15 000. Avisa blir lagt ut på nettstaden til Noregs Mållag og kan lesast gratis digitalt. Det blir også laga nettsaker av enkeltartiklar frå bladet, som blir delte i sosiale medium. Det har kome ut 5 utgåver i året både i 2022 og 2023. Anita Grønningssæter Digernes var redaktør fram til og med nr. 3/2022. Sidan har Vemund Norekvål Knudsen vore redaktør. Norsk Tidend blir redigert etter Redaktørplakaten.

I medlemsavisa skal ein finne saker som tar opp stoda for nynorsk og dialektane i heile landet, og skal kaste lys over utfordringar, løysingar og gladsaker om

Organisasjonen

desse temaa. I tillegg er avisaa ein informasjonskanal for medlemene og skal rapportere om arbeidet både lag og sentrallekken gjør. Det redaksjonelle innhaldet er i hovudsak skrive av skrivarstova, men det er også stoff frå Nynorsk pressekontor, Framtida, lokalavisar og andre skribentar. Det er også innhald frå lokallag og medlemer i Mållaget. Målungsdomen disponerer ei fast side og Kringkastingsringen har ei fast spalte. Tharaniga Rajah har frå 1/2022 vore fast skribent til «På tampen»-spalta. Einar Søreide har stått for kryssordet heile perioden. Audun Skjervøy ved Språksmia i Valldalen er setjar for bladet og det er Amedia Trykk som står for trykking.

Norsk Tidend 05/23 var eit avvik frå dei andre blada. Det var eit ekstra tjukt blad på 40 sider som var dedikert til forfattarskapen til Jon Fosse i høve nobelpristildelinga. Dette bladet var svært populært: Det vart tinga ekstra eksemplar frå både lag og privatpersonar. Framsida på bladet, med ein illustrasjon av Steffen Kverneland, var lett å kjenne igjen og dukka mellom anna opp hos NRK.

- å få fleire yngre medlemer inn i styreverv i lokal- og fylkeslag

Hovudtiltaket for å få fleire unge vaksne til å ta styreverv eller bli aktive i lokal- og fylkeslag er å skipe til unge vaksne-samling. I denne årsmeldingsperioden har det vorte gjort i september 2022 og september 2023. Samla sett har vi hatt 42 deltakarar innom desse to samlingane. Inntrykket er at dette er samlingar som både er ein god introduksjon til å bli aktiv og ta verv i Mållaget, og dei er også ein grunn til halde fram å vere aktive. Det er også ein god stad å bli oppdatert på dei mest aktuelle sakene i målrørla. Som reklame for desse samlingane, sende vi e-post til alle medlemer mellom 25 og 40 år som vi hadde e-post til. Om lag 1800 stk kvar gong.

- at lokal- og fylkeslaget får ein meir aktiv posisjon i den lokale måldebatten, særleg andsynes kommunar og skule

I framkant av lokalvalkampen sende skrivarstova til lokale mållag framlegg til språkkrav til partia som stilte til val. Vi oppmoda laga om å utfordre sine lokale kandidatar og parti på dette saksfeltet. Fleire lokallag og fylkeslag gjorde dette, anten ved å lage eigen valdebatt, eller skrive debattinnlegg i avisaa.

Når skrivarstova blir varsle om eller oppdagar lokale måldebattar, er det også slik at skrivarstova tilbyr seg å hjelpe til dømes med tekster til debattinnlegg eller ved å ta kontakt med folkevalde lokalt. Hå Mållag som enda med å få vere med på å utfordre toppkandidatane i

Hå kommune på NRK Rogaland si direktesending på radio, er eit godt døme. Sogndal Mållag hadde også eit svært godt valdebattmøte.

Å oppmode lokal- og fylkeslag om å bruke Nynorskdagen kan også vere å ta ein aktiv posisjon i den lokale måldebatten.

- at fleire av laga våre er i stand til å vere lokale vaktbikkjer og motivatorar. Sentrallekken skal gi dei støtte, skulering og dele informasjon

Digitale seminar og fysiske seminar vi inviterer til, og i tillegg lagssendingane og Norsk Tidend, er viktig informasjon og skulering for lokale tillitsvalde. I tillegg er det svært viktig at skrivarstova kan hjelpe til når det er store politiske saker på gong i enkelte kommunar eller i fylke.

Lagssendingane inneholder det viktigaste av informasjon til lokal- og fylkeslaga. Medlemslister, info om tilskipingar, viktige høyringar, kampanjar, økonomiske støtteordningar, verving og anna organisasjonsarbeid. I 2022 sende vi fire lagssendingar, i tillegg til årsmelding og sakspapir før landsmøtet. I 2023 har vi sendt fem lagssendingar, men mykje lagsinfo går som enkelt-e-postar utan «lagssending» som tittel. Vi har informert om Tett gapet, kampanjen til Det Norske Teatret, oppmoda om verving og markering av nobelprisen, minna om nynorskdagen og vervedagen, og sendt medlemslister med jamne mellomrom. Vi sender alle lagssendingar elektronisk, utanom den siste kvart år, som inneholder årsmeldingsskjema, julekort og anna. Særleg gjeld dette året før eit landsmøte.

- at lokal- og fylkeslaget skipar nettverk for nynorsk i sine område

I dag er Hordaland Mållag og Sogn og Fjordane Mållag med i Nynorskfylket Vestland. Også Nynorsk bedriftsforum er tatt opp i nettverket. Nettverket er leia av fylkestingsmedlem Alexander Fosse Andersen og er organisert av Vestland fylke. Dette er eit arbeidsfelt vi ikkje har fått arbeidd noko særleg med. I nettverket er eit breitt spekter av ulike interesser og aktørar representerte. Slike meir eller mindre formelle nettverk vil vere nyttig å få fleire stader i landet, og Nynorskfylket Møre og Romsdal er også i emning.

- å stø lokal- og fylkeslaget med å påverke program og kandidatar før lokalvala i 2023, og heile organisasjonen må arbeide mot stortingsvalet i 2025

I høve lokalvalet i 2023 sende vi ut innspel til alle fylkeslaga i partia som er representerte på Stortinget. Det vart utarbeidd to ulike innspel. Eitt som retta seg mot nynorsk- og nøytrale kommunar og eit notat som var laga for bokmålskommunar. Notata vart sende ut i oktober 2022 slik at fylkeslaga kunne ha det med i arbeidet med valprogram og dele innspela vidare med dei lokale laga i partiet. Blant innspela var språkbruksplan, nynorsk opplæring for vaksne innvandrarar, lærermiddel på nynorsk, språkbad i barnehage og skule og arbeid på biblioteket.

Tett på lokalvalet 2023 utvikla vi i samarbeid med Hå Mållag eit flygeblad spesielt retta mot at Hå kommune skulle gjere vedtak om å bli nynorskkommune. Flygebladet står som eit godt døme og kan med enkle grep også passe til andre kommunar.

Etter lokalvalet er det sendt ut brev og flygeblad med god språkpolitikk til alle folkevalde i kommunar og fylke. Målet er å verve folkevalde til Mållaget. Til no har 55 folkevalde tatt oppmodinga og meldt seg inn i Mållaget.

I mars 2024 vedtok styret i Noregs Mållag krav til partia framfor programarbeidet inn mot stortingsvalet i 2025. Dei krava er:

- 1) Grunnlovsfesting: Nynorsk og bokmål skal vere jamstilte språk – også i Grunnlova
- 2) Hald på og løft sidemålsordninga
- 3) Nynorskbrukarane må få bruke språket sitt på internett
- 4) Lærarutdanningane må sikre gode lærarar
- 5) Eit løft for nynorsk kultur (om støtteordningar for nynorsk litteratur)

- å leggje til rette for ideutveksling mellom lokal- og fylkeslaga

Eit av måla med dei digitale seminara er å få til ideutveksling og prat mellom laga. I kvar samling har det vore ei innleiing og så har det deretter vore ope for å spørje og utveksle idear med kvarandre. Vi har også gjort det slik at fleire av innleiarane er leiatar eller aktive i eigne lag og snakkar ut frå kva erfaringar dei sjølv har gjort med arbeidet.

Både i september 2022 og 2023 har vi hatt seminar for (nye) lokallagsleiatarar der dei får skulering, men der mykje av programmet også handlar om ideutveksling mellom deltakarane.

Våren 2024 vil vi lansere ein felles ressursbank på nettet som alle laga får tilgang til. Han vil byggjast ut jamt og trutt, men der vil laga finne aktuelle prosjekt, idear til arbeidsoppgåver m.m.

- å tilby digitale kurs for lokal- og fylkeslag og medlemmer gjennom året

Noregs Mållag har tilbydd ei rekke digitale seminar i denne perioden. Hausthalvåret 2022 var det «Språkkafé som studiearbeid» med Nils Ulvund, leiar i Sunndal Mållag, som innleiar. Vi skipa det seminaret saman med Studieforbundet kultur og tradisjon. Studieforbundet innleia der om korleis mållag kan bruke studieforbundet til aktivitetsstøtte. Dessutan var det seminar om «Nynorsk i skulen og lokale mållag» med Eline Bjørke, leiar i Noregs Lærarmållag, som innleiar.

Våren 2023 var «Tid for årsmøte – spesial!» med Hege Lothe og Erik Grov frå skrivarstova som snakka om årsmøteførebuingar og å lage årsmøte. Deretter var det eitt seminar om «Økonomiarbeid og rekneskapsføring i lokallaga» der Sigbjørn Hjelmbrekke snakka, eitt om «nynorsk i barnehagen» ved Ingår Arnøy og sist på våren eit digitalt seminar om «digitale ressursar på nynorsk» som Vemund Knudsen innleia til. Våren 2023 prøvde vi å gi tilbod om digitalt seminar både på dagtid og på kvelden.

Våren 2024 blir det planlagt to digitale seminar. Eitt om økonomiarbeid i lokallaga og eitt digitalt seminar der utsendingane til landsmøtet kan få ein uformell gjennomgang av landsmøtet og landsmøtesakene.

- å leggje til rette for samarbeid om felles mål og saker, mellom NMU lokalt og lokallaga i Noregs Mållag

Dette punktet fekk merksemd på landsmøtet og det vart uttrykt eit ønske frå fleire i landsmøtet om å få til felles aktivitet mellom Norsk Målungsdom og Noregs Mållag lokalt. I denne årsmeldingsperioden har vi peika ut satsinga på Nynorskdagen som det store fellesprosjektet der lokale mållag og lokale lag i Norsk Målungsdom kan gå saman om aktivitet. Alt materiellet vi har laga til Nynorskdagen, har vore felles materiell, og vi har sendt ut om lag same informasjonen til laga våre. Det har vore gledeleg å sjå at mange lokalt har stått på stand saman eller hatt andre felles aktivitetar i høve dagen. I 2023 vart også opplæringslova ei sentral sak å samarbeide om. Gjennom heile våren 2023 hadde vi faste møte der vi informerte kvarandre om arbeidet. Vi har også ein avtale om at alle medlemer i Norsk Målungsdom mellom 25 og 40 år får invitasjon til samlinga for unge vaksne fordi vi trur det er mange som kan ha glede av å kome inn i Mållaget i overgangen frå å vere ungdomar til unge vaksne.



Nynorskstafetten i møte med to lærarar på Lom ungdomsskule. F.v. Marit Teigen, Sissel Høiberg, Svein Olav Langåker, Gro Morken Endresen og Per Henning Arntsen. (Foto: Synne Solberg)

- å stø dei laga som treng det mest, i ransonene og andre område som særleg er viktige for nynorsken

Ei av dei strategiske satsingane er å leggje Nynorskstafetten til ransonene. Det aller meste av nynorskområda er ransonar, og då er det fleire år mellom kvar gong dei ulike stadene får besøk. Ut over det prøver skrivarstova og styret så langt som råd å stø opp om dei laga som treng det mest.

- å oppmøde fylkeslaga til å lage kampanjar for nynorsk skattemelding

Gjennom fleire år har Mållaget vore ute i pressa for å oppmøde folk om å registrere seg for å få nynorsk skattemelding. Tida for dette er om lag når skattemeldinga kjem ut. Siste åra har det vore i mars. Vi har halde fram denne oppmodinga i denne årsmeldingsperioden: «Gjer nynorsken synleg! Sjekk at du har nynorsk skattemelding.» Oppmodinga vart lagt ut i sosiale medium hos Noregs Mållag, og delt vidare av fleire lag. Våren 2023 laga dei tre fylkesmållaga i Møre og Roms-

dal ein eigen lesarbrev-kampanje i tillegg til at dei laga plakatar og flygeblad som vart spreidde i fylket. Vi sende informasjon om kampanjen i digital lagssending frå Noregs Mållag.

- å samarbeide med yrkesmållaga der det er relevant

Vi har gjort det lettare å finne innmelding til yrkesmållaga på heimesida til Mållaget. Eline Bjørke, leiar i Noregs Lærarmållag, har stilt opp for oss og halde innleiing om korleis lokallag kan arbeide med skulen og språk i sin eigen kommune. Den innleiinga har ho halde for Telemark Mållag og i digitale motivasjonsseminar. Politisk rådgiver Frida Pernille Mikkelsen har halde innleiing og tatt del i drøftingane på eit seminar til Mållaget i LO-administrasjonen. Juristmållaget har fått støtte til sitt tradisjonsrike seminar på Finse, der dei samlar både jusstudentar og juristar til felles seminar. Vi markerte at Medisinsk Mållag vart 50 år i sosiale medium og har arbeidd for å få oppattskipa Landbruksmållaget.

- å lage eit årshjul for lokallaga med sentrale fristar, tilskipingar og liknande

Vi bruker kalenderen på heimesidene til Noregs Mållag www_nm_no aktivt. Målet er at han skal vere så oppdatert som råd er, slik at dei mest aktive laga kan følgje med på sentrale arrangement og fristar der. I tillegg sender vi ut lagssending direkte til lagsleiarar og kontaktpersonar. I ekstra saker der vi tenkjer det er viktig å moblisere breitt, skriv vi også til alle dei tillitsvalde i organisasjonen. Årshjulet er emne kvart år på lokallagsseminaret.

- å få eit nært og konstruktivt samarbeid med Landssamanslutninga av nynorskkommunar i saker andsynes kommunane, og særleg i saker som har med stoda i skulen og med kommunale språkvedtak å gjere

For Mållaget er det viktig at LNK er ein kommuneorganisasjon som er operativ og har politisk slagkraft inn i det viktige fylkes- og kommunalpolitiske feltet. Vi har hatt eit nært og konstruktivt samarbeid med LNK i årsmøteperioden, og samarbeidet har vorte tettare. Heilt frå februar til og med juni 2023 møttest vi jamleg i digitale møte (sjå avsnittet om arbeidet med opplæringslova) der vi koordinerte arbeidet oss i mellom med opplæringslova. Det resulterte i mellom anna at LNK sende ut oppmading til alle ordførarar i medlemskommunar i LNK om å skrive under eit opprop som kravde at digitale læringsressursar skulle inn under parallellekrafter i opplæringslova.

Vi var som vanleg til stades på landstinget til LNK, i juni 2023. Denne gongen fekk vi også lov til å halde ei innleiing om «gjeremålsliste for nynorske folkevalde». Denne innleiinga fekk gode tilbakemeldingar, og det er no avtalt at vi skal invitere til digital skulering til nynorske folkevalde i kommunane saman med LNK og Nynorskenteret. Dagleg leiar har også innleia til ordskifte i styremøtet til LNK. I lobbyarbeidet opp imot statsbudsjettet for løvyingar til nynorsktiltak har LNK og Mållaget fleire gonger samarbeidd og koordinert seg godt. Under Arendalsveka budde vi i same huset og deltok på fleire av dei same tilskipingane.

Tidlegare har vi hatt kontakt med LNK i framkant av kvar Nynorskstafett for å avklare om det er kommunar vi skal møte der vi bør oppmøde om å bli LNK-medlem eller ta opp andre aktuelle utfordringar. I 2023 var LNK med på Nynorskstafetten i tre dagar og var såleis med på møte med kommunane og anna opplegg desse dagane.

- å kjøpe eige kontorlokale

Etter mange år med ønske om sjølveigd kontor, lukkast vi endeleg i juni 2023. Då fekk vi tilslaget på om lag 380 kvm i Oslo sentrum, over to etasjar. Lokala var ganske nedslitne, og planløysinga var heller ikkje optimal over det heile, så førre hausten har gått med til oppus sing. Siste flyttelasset var på plass fredag 22. desember, og skrivarstova starta såleis først i 2024 på jobb i nye lokale. Det er framleis litt att å få i orden, men det som manglar, har heller ikkje vore til stort hinder for å arbeide noko nær ordinært etter nyttår. På sikt vonar vi å kunne ha fleire eigne seminar i den delen av lokalene som har rom for litt større møte, og også å kunna leige ut til andre som treng møterom. I same prosessen som vi pakka ned dei gamle kontora våre, sende vi 12 pal lar med papir til skanning. Det materialet kjem etter planen attende i digital form i mai, og er starten på å få ned det fysiske lageret og etablere fleire heildigitale arkivløysingar i det daglege.

- å få til auka studieaktivitet

Dei siste tre åra har det vore ein jamn auke i studieaktivitet registrert hos Studieforbundet Kultur og Tradisjon. I 2021 hadde Noregs Mållag samla 240 timer og 101 deltakarar, i 2022 var det auka til 408 timer og 286 deltakarar og i 2023 held auken fram og det var 545 timer og 390 deltakarar registrerte på Noregs Mållag. Dette er langt lågare enn andre organisasjonar. Vi tykkjer likevel vi skal gle oss over auken. I åra 2021–22 fekk vi støtte til å lage motivasjonsseminar. Fleire av seminara våre vart melde inn og vart godkjende i denne ordninga. Enkeltlag som Sunndal Mållag har mykje studiearbeid knytt til språkkafear og liknande arbeid retta inn mot flyktningar. Å inkludere innvandrarar i studiearbeidet har vore eit eige satsingsområde for studieforbundet siste åra. Vi har oppmoda og informert laga både gjennom digital samling og skriftleg informasjon. Styret har planlagt at dette er tema for eitt av dei parallelle seminara på landsmøtet.

- at Noregs Mållag skal anerkjenne FNs berekraftsmål, og arbeide for at organisasjonen, så langt det er mogleg, skal legge til rette for berekraftige løysingar

Styret har kome i gang med dette arbeidet i 2023 og nedfelt ein del om kva av drifta vår som kan knytast mot ulike berekraftsmål. Vi har også undersøkt kva som skal til for å søkje miljøårnsertifisering og kome



Bjørn Karsrud og Aud Søyland med suksessboka *Dialekt av hjartans lyst* - ei bok om valdresmålet som Nord-Aurdal Mållag gav ut i 2023. (Foto: Marianne Granheim Trøyflat)

fram til at enn så lenge er ikkje akkurat den ordninga viktig for oss å vere med i.

DIALEKT

Fleire stader er dialektane under sterkt press. Mange av lokallaga i Noregs Mållag driv viktig dialektarbeid.

Noregs Mållag skal forsvere dialektar og dialekt-bruk i det offentlege ordskiftet og rose gode døme på dialektbruk i massemedium, sosiale medium og elles i samfunnslivet.

Noregs Mållag skal dele gode døme på målførear-beid mellom laga våre i ein ressursbank eller liknande, og sentrallekken skal legge til rette for det.

Like før jul 2023 var Noregs Mållag med på å skipe Solør dialekt- og mållag, som har kome i stand ut frå

eit særleg engasjement for solungdialekten. Vi har også gitt økonomisk støtte til boka *Dialekt av hjartans lyst*, utgiven av Kvittvella forlag / Nord-Aurdal Mållag, med valdresdialekten som tema og med særleg plan for at denne kan brukast i skulane. Ein ressursbank for heile organisasjonen blir lansert våren 2024.

STADNAMNARBEID

Mange medlemer er opptekne av å ta vare på den språkarven stadnamna representerer. Noregs Mållag skal stø opp om stadnamnarbeidet som vert drive i lokal- og fylkeslag.

Dette punktet har vi ikkje fått prioritert i denne årsmel-dingsperioden.

TILSKIPINGAR

Å finne ein god balanse mellom digitale og fysiske samlingar er viktig framover. Dei digitale seminara har vore vellukka og er komne for å bli.

- Sentrallekken skal kvart år skipe ei samling for unge vaksne.

Vi inviterte til samling for unge vaksne både i september 2022 og i september 2023. Begge samlingane var på skrivarstova i Oslo. Nokre programpostar var saman med seminaret for nye lokallagsleiarar og styret, medan frå laurdag ettermiddag til søndag føremiddag var det samling berre for dei unge vaksne. Vi har avgrensa denne gruppa til å vere medlemmer i Noregs Mållag eller Norsk Målungsdom mellom 25 og 40 år. I tillegg ber vi inn sentralstyret i Norsk Målungsdom. Alle medlemene innanfor denne gruppa får tilsendt invitasjon på e-post, i tillegg til at meldinga går ut til alle laga. Vi meiner at vi har funne ei god form på desse samlingane. Det er ei blanding mellom unge vaksne som har verv og nokre som endå ikkje har det, og det ser også ut at det å vere med på samlingane gir lyst til å ta på seg tillitsverv i laga. Nokre har vore aktive i målungdomen gjennom studentmållag eller elevmållag, medan andre igjen møter Mållaget for første gong. I 2022 var det 22 deltakarar og i 2023 var det 20 deltakarar. Dette er også eit tiltak som kostar pengar, og deltakartalet vil såleis vere avhengig av midlane som er sette av i budsjettet.

- Alle nyvalde leiarar skal få tilbod om skulering frå sentrallekken.

Alle lokallag, fylkeslag og yrkesmållag får tilbod om å sende nyvalde leiarar på lokallagsleiar-seminar. Det er også lov å melde seg på seminaret sjølv om ein har vore med nokre år. Siste åra har lokallagsseminaret vore frå fredag til laurdag på skrivarstova i Oslo, same helga som det samling for unge vaksne. Vi tilbyr både organisatorisk opplæring og politiske emne, i tillegg til at det blir tid til å utveksle erfaringar og idear med kvarandre. I 2022 var det med 14 deltakarar, medan det i 2023 var 12 deltakarar.

- Det skal skipast minst eitt fysisk nasjonalt seminar kvart år.

I oktober 2022 inviterte vi til nasjonalt seminar i Oslo. Det vart lagt same helga som landsrådsmøtet. Så då var det nasjonalt seminar fredag og laurdag, medan

landsrådsmøtet byrja laurdag ettermiddag og gjekk til søndag. Emne for helga var den komande lokalvalkampanjen, kva rettar og plikter har fylkeskommunane og kommunane ifølgje den nye språklova, om språkskifte, om nynorsk i akademia og om den tidlegare heidersmedlemen Berge Furre. Det var om lag 50 deltagarar innom seminaret.

I mars 2023 inviterte vi til vårseminar i Ålesund. Vi ønskte å vere i Ålesund fordi der skulle slaget om nynorsk stå ved lokalvalet eit halvt år etterpå. Heile første del av seminaret hadde såleis det som emne med ulike innfallsvinklar. Vi fekk også overrekt Målblome til Eva Vinje Aurdal som var avtropande ordførar og avgjerande for at Ålesund kommune vart nynorskkommune etter valet i 2019. Andre emne var ein prat mellom Liv Signe Navarsete og forfattar Jens Kihl om livet, politikken og målsaka, om arkivet etter Ivar Aasen, om nynorsk i lærarutdanninga, om Nynorsk bedriftsforum og opplæringslova som nettopp var lagt fram. Seminaret samla om lag 75 deltagarar. Det var eit særslig vellukka seminar, der mange av deltagarane sa etterpå at dei hadde fått både ny kunnskap og kveik. Det var i rett tid med tanke på opplæringslova, og på rette plassen og med rette programpostar med tanke på arbeidet vidare for nynorsk i Ålesund. Vi fekk også nytta oss av fleire kortreiste innleiarar og røyster frå Sunnmøre som løfta seminaret.

- Alle fylkeslaga skal vitjast. Den nye digitale røyndomen gjer at vi skal vitje fleire lokallagsårsmøte digitalt.

Vi strekkjer oss langt for å få til å vitje alle fylkesårsmöte kvart år. I år ser det ut som vi greier det. Då reiser både styret og dei tilsette for å vere til stades i heile landet. Vi tilbyr også å vere med digitalt på eitt fylkesårsmöte i år, og på fleire lokallagsmöte. Dei aller fleste ønskjer å ha nokon fysisk i rommet, men det syner seg at det også kan vere kjekt og nyttig med «digitale besøk». Vi prøver også å vitje dei lokallaga som ber om å få besøk. Sjå eiga møteliste lengst bak i årsmeldinga.

- Noregs Mållag skal ha nynorskstafett kvar haust.

Nynorskstafetten har synt seg å vere eit godt og målretta tiltak for Noregs Mållag og Norsk Målungsdom. Vi får ny og oppdatert kunnskap om stoda og vilkåra for nynorsk i kommunane, skulane, barnehagane og lokalsamfunna vi reiser til. Det er også eit organisasjonsbyggjande tiltak for lokal- og yrkesmållaga våre, og eit byggjande tiltak for oss sjølve og Målungsdomen. Effekten av dette arbeidet ønskjer vi skal vere langsiktig, men realiteten er at det er ferskvare. Derfor er



Markus Lantto fekk utdelt Nynorsk barnelitteraturpris 2023 i Aasentunet. Prisen delte han med illustratøren Camilla Kuhn for boka Kåre og Marimba hjelper til. (Foto: Maria Fet)

det viktig at vi held fram med i hovudsak å prioritere at Nynorskstafetten reiser til kommunar der det er nynorskelevar i dag, og der det anten er potensial for å få fleire nynorskelevar eller halde på dei nynorskelevarane vi har. Noregs Mållag har lokallag og medlemer over heile landet, og det er viktig å halde organisasjonen som ei nasjonal rørsle.

Nynorskstafetten 2022 varte i tre veker og delte seg mellom Telemark, Hallingdal og Valdres. Vi vitja Midt-Telemark, Kviteseid, Tokke, Drangedal, Nissedal, Seljord og Hjartdal i Telemark. I Hallingdal var vi i Ål, Gol og Hemsedal. Siste veka vart det Valdres-veke med Sør-Aurdal, Etnedal, Vestre Slidre, Øystre Slidre og Vang. Vi skipa også ei motivasjonssamling saman med Telemark Mållag ein laurdag i Seljord.

Nynorskstafetten 2023 varte også i tre veker. Då valde styret å sende Nynorskstafetten ut av randsonene og nokre dagar til Trøndelag. Første veka reiste vi i Nord-Gudbrandsdalen: Sør-Fron, Nord-Fron, Vågå, Lom, Skjåk, Lesja og Dovre. I Trøndelag reiste Nynorskstafetten til Rennebu, Melhus, Skaun og Orkland, før ein køyrdje vidare til Nordmøre og vitja Tingvoll, Gjemnes, Sunndal og Surnadal. Til slutt reiste vi til tre av laga i Romsdal: Aukra, Hustadvika og Molde. I Trøndelag hadde vi med oss ein lærar frå ein bokmålsskule utanfor Oslo. Læraren hadde saman med Nynorsksenteret gjennomført eit prosjekt om ‘bruk av

nynorske læringsressursar tverrfagleg» på mellomstegnet. Fordi tiltaket var så vellukka, ville vi legge dette fram for skular i Trøndelag. Tiltaket vart veldig godt tatt mot, og vi møtte ingen negative haldningars hos lærarar og administrasjonen på skulane. Nytt i 2023 var at vi inviterte Nynorsksenteret og Landssamanslutninga av nynorskkommunar til å vere med i eit formelt samarbeid om stafetten der dei også var med på reisa nokre av dagane. Det var svært vellukka, og vi vil halde fram med det samarbeidet i åra som kjem.

- Noregs Mållag skal arbeide for at fylkeslaga og lokal-laga skipar til inspirasjonsdagar for lærarar i vidaregåande skule.

Tilbake i 2019 laga vi eit eige notat om korleis lage gode motivasjonsdagar eller inspirasjonsdagar for lærarar først og fremst i ungdomsskule og vidaregående skule, men også for lærarar i barneskulen. Dette notatet er oppdatert og sendt ut til fylkeslaga på nytt. Gjennom både 2022 og 2023 er det fleire fylkeslag og lokallag som har laga til slike samlingar. Inntrykket vårt er at dei er veldig populære, men ein må bruke ein del arbeidstid på direkte marknadsføring inn mot målgruppa ein har plukka ut. Når nokon har hatt bruk for gode råd, hjelp

eller innleiarar, prøver vi å strekkje oss langt for å gjere nyttig arbeid. Nokre av laga har også søkt og fått støtte til å lage seminar.

- Noregs Mållag skal ha motivasjonssamlingar for fylkeslag og NM i samarbeid med studieorganisasjonen vår (Kultur og tradisjon).

I etterkant av pandemien opplevde studieforbundet vårt at det var mindre aktivitet. For å motivere til å setje i gang studiearbeit vart det i ei avgrensa tid innført 20 000 kroner i støtte til kvar samling. I høve Nynorskstafetten i Telemark i november 2022 vart det laga ei motivasjonssamling saman med Telemark Mållag der vi arbeidde saman for å få laga programmet for dagsamlinga. Vi fekk også laga fleire motivasjonssamlingar sentralt før ordninga til Studieforbundet Kultur og tradisjon vart tatt vekk.

NYNORSKDAGEN 2022

I høve Frivilligåret 2022 vart vi som medlemsorganisasjon utfordra til å peike ut vår eigen dag der vi markerte saka vår og organisasjonen vår. Saman med Norsk Målungsdom peika vi ut Nynorskdagen 12. mai som «VÅR DAG». Vi markerer dagen fordi Stortingsdagen denne datoene i 1885 vedtok å jamstille nynorsk og bokmål, det såkalla «jamstillingssvedtaket». Mållaget oppmodar alle om å skrive nynorsk denne dagen. I 2022 gjekk oppmodinga spesielt til alle organisasjonar i Noreg om nettopp å bruke denne dagen til å skrive nynorsk. Vi laga eit eige profilmateriell for dagen og oppmoda lokallaga våre og lokallaga i Målungsdomen om å bruke dagen til å samarbeide med organisasjonar eller andre i nærmiljøet for å invitere fleire inn til språket vårt. Alle lag som bad om det, fekk tilsendt ei eiga materiellpakke. Det var 34 lag som tinga denne gratis materiellpakka. Vi tykte at vi verkeleg fekk til å markere dagen på ein fin måte. Vi hadde på førehand lova at vi skulle sende «skriv nynorsk»-penn til alle som brukte emneknaggen #nynorskdagen 12. mai. Det enda med at vi måtte sende ut 210 pennar. Gjennom dagen vart det etter kvart ei lang liste med aktørar og enkeltpersonar som skreiv på nynorsk, på nettsider og sosiale medium. Blant dei var Rema 1000, Telenor, Gjensidige, DNB og Tine. I tillegg var det ei lang rekke departement, direktorat og statlege etatar som skreiv nynorsk. Olje- og energidepartementet skreiv like gjerne alle pressemeldingane om revidert nasjonalbudsjett, som også vart lagt fram denne dagen, på nynorsk. Dessutan var det mange universitet, høgskular, kommunar, fylkeskommunar, forlag og organisasjonar som skreiv nynorsk. Foreningen FRI til dømes delte eit innlegg der dei skreiv: «Fridom kjem alle til gode. Ikkje ta han

for gitt.» Mange lokale mållag markerte også dagen på anna vis, både i sosiale medium, ved å stå på stand, skrive avisinnlegg, invitere til nynorskkafe og dele ut målpris.

NYNORSKDAGEN 2023

Alt peikar på at vi skal halde fram å markere Nynorskdagen 12. mai. I 2023 vart innsatsen prega av at vi hadde svært viktig og arbeidskrevjande arbeid med opplæringslova. Som året før sende vi ut e-postoppmoding til alle skular om å markere dagen, alle kommunar, og mange av dei same organisasjonane, statlege føretak, verksemndene og institusjonane som året før. Raudekrossen, Telenor, Rema 1000 og Vy var blant dei som brukte nynorsk på sosiale medium, og som ikkje gjør det like ofte. Vi sende også ut e-postoppmoding til eigne lag, og det er mange lokallag som finn på noko i høve dagen. Alle lag som bad om det, fekk tilsendt ei eiga materiellpakke. Dette året var det 38 lokale mållag som bad om å få tilsendt materiellpakka. Det var fire fleire enn året før, og alt i alt vart dagen om lag like «stor» som året før. Vi vil halde fram med å markere dagen i åra framover.

LANDSMØTET 2022

Landsmøtet vart lagt til Gardermoen helga 1. – 3. april, med formøte og såleis oppmøte for dei fleste torsdag 31. mars.

Det var god stemning gjennom tingenane, og ordskifta var prega av konstruktive innspel til politisk og organisatorisk utvikling. 71 utsendingar hadde ordet i ordskifta under møtet i tillegg til styrefolk, gjester og innleiarar. Til saman var det 158 innlegg som fordelte seg med 55 innlegg frå i alt 32 kvinner og 103 innlegg frå i alt 39 menn. Engasjementet var høgt og nokså jamt fordelt gjennom heile helga, men arbeidsprogrammet var det enkeltståande punktet som fekk flest fram på talarstolen etterpå, med 55 innlegg.

Det amputerte digitale møtet i 2020 var årsaka til at både arbeidsprogram og prinsipprogram no kom til handsaming på same landsmøtet. For å ha tilstrekkeleg rom for ordskifte til alle sakene, valde styret å starte landsmøtet fredag morgen i staden for til lunsj. Det gjorde at om lag 2/3 av utsendingane kom til Gardermoen torsdag kveld i staden for fredag. Det kan ha vore utslagsgivande for at engasjementet var stort alt frå start fredag. Ein annan faktor som kan ha verka positivt på engasjementet, var dei kjønnsdelte formøta torsdag kveld. Det har vore slike formøte i 2018 og i 2022. Delen kvinner på talarstolen var 45 % i 2022 og 45,5 % i 2018. I 2016, 2014 og 2012 var tala til samanlikning 33 %, 32,7 % og 33,7 %. Samtidig har det samla talet på utsendingar som har vore på talarstolen (både kvinner og menn), auka etter at vi byrja med formøte.

Organisasjonen

Den eksterne talen i år var ved kunnskapsminister Tone Brenna, som var utfordra på å snakke om den digitale skulekvardagen for nynorskelevane med særleg vekt på digitale læremiddel. Vi var noko skuffa over dei heller innhaldslause svara ho kom med i møtet. Elles var det arbeidsprogrammet og prinsipprogrammet som prega helga.

126 utsendingar møtte frå 58 lokallag og 15 fylkeslag, ein nedgang på 16 lokallag og 2 fylkeslag frå 2018. I tillegg møtte 8 utsendingar frå Norsk Målungdom og 8 frå styret, totalt 142 utsendingar med røysterett. Vi hadde dessutan 12 registrerte gjester og observatørar. Alle utsendingar fekk røysterett, og styret ser at fleire år med tett oppfølging har hjelpt. Nokre få lag går heilt inn i møteveka før alle papira er sende inn, men det store fleirtalet har orden i god tid.

Rekneskapen enda med eit netto underskot som var 100 000 større enn budsjettet. Den einskildkostnaden som mest tydeleg vart høgare enn først budsjettet, var lydfirma under møtet. Det var planlagt og ønskt, men avgjerda om proff strøyming av heile landsmøtet og såleis trong for 2 lydmenn heile helga, vart ikkje tatt før etter det første budsjettet var lagt. I tillegg landa vi på å leige inn fotograf delar av møtet i staden for å ta alle biletia sjølv.

Fram imot dette landsmøtet var det attval på veldig mange i styret, og ikkje skifte av politisk leiing. Det var heller ikkje kontroversielle saker eller andre saker som vekte mykje merksem. Plasseringa gjorde at vi ikkje hadde noka draghjelp frå lokale media, og vi greidde heller ikkje å få nokon journalistar til å kome på landsmøtet for å dekkje møtet. Samla sett vart det mindre pressedeckning på landsmøtet enn vi ønskte oss, og vi fekk heller ikkje til å få til eit større oppslag om ei politisk sak.

Knytt til landsmøtet var Peder Lofnes Hauge i Helgemorgen på søndagen, og lokalsendinga på NRK Vestland hadde samtale både med leiар og barnelitteratur-prisvinnar Tone E. Solheim. Det var mange klipp på litteraturprisvinnar Stein Torleif Bjella. Det var også fleire fine oppslag med målblom-mottakar Thor Gjermund Eriksen.

Vi hadde eigen fotograf på landsmøtet og det bidrog til veldig mange fine biletia. Vi hadde også god bemaning som gjorde at vi laga mange fine oppslag med desse biletia både i eigne sosiale medium-kanalar, i ulike lokalavisar, i Norsk Tidend og på eiga nettside.

NORSK MÅLUNGDOM

Noregs Mållag skal samarbeide tett med Norsk Målungdom. Organisasjonane skal halde kvarandre oppdaterte om kva dei arbeider med, og om aktuelle saker som

høyringar og røystingar. Dei skal ha god kontakt og fordele saker mellom kvarandre. Noregs Mållag og Norsk Målungdom skal samarbeide om politisk påverknad, der Norsk Målungdom har hovudansvaret for ungdomspartia.

Pandemien har fått store konsekvensar for Norsk Målungdom når det gjeld medlemstal og aktivitet. Difor har Noregs Mållag eit særskilt ansvar for å støtte opp om Norsk Målungdom både økonomisk og organisatorisk i tida som kjem. Utan Norsk Målungdom er framtida til Noregs Mållag usikker. Difor er det viktig å legge til rette for ny vekst og aktivitet i Norsk Målungdom.

NMU og NM reiser saman tre veker kvar haust på nynorskstafett etter ei reiserute vedtatt i styret i Noregs Mållag. Denne turen krev mykje førearbeid og litt etterarbeid, og er det største fellestiltaket i ordinære år.

Vi har også markert nynorskdagen (som er datoен for jamstillingsvedtaket i 1885) på ulike måtar i ganske mange år. Dei siste åra har planen og utfordringa vore at flest mogleg skal skrive nynorsk på digitale flater denne dagen. I denne perioden laga vi for første gong ei arbeidsgruppe mellom Mållaget og Målungsdomen som arbeidde fram eit skikkeleg aksjonsdagsopplegg for begge organisasjonane. Dette tiltaket ønskjer vi begge å halde fram med dei nærmaste åra.

Læremiddelsaka har alltid først og fremst vore ei NMU-sak, då det er deira medlemer det gjeld. Vi har likevel samarbeidd meir om desse sakene dei siste åra, etter kvart som det har vorte meir omfattande og utfordrande å halde tritt med utviklinga på feltet og ikkje minst å halde oversyn med kva som skjer i norsk skule og om elevane har nynorske læremiddel eller ikkje.

Unge vaksne-samlinga / seminaret er ein god og viktig møtestad der unge målfolk i Mållaget møter unge målfolk i NMU. Det er med på å skape gode band og motivasjon for aktivitet blant dei som skal overta Noregs Mållag med tid og stunder, og vi har gjennomført slike samlinger begge åra i perioden.

Vi samarbeider kvart år om at unge folk primært skal få tilbod om å vere tilknytte NMU og at «pensionerte» NMU-arar skal få tilbod om overgang til Noregs Mållag. Dette samarbeidet er ikkje minst viktig for Noregs Mållag som får påfyll av yngre, dyktige målfolk i vår egen organisasjon.

Høyringsfråsegner og andre større politiske saker krev i mange tilfelle mykje arbeidstid. I denne perioden når opplæringslova har vore i spel, har vi samarbeidd tett og mykje på feltet, og det er ei sams vurdering at vi samarbeider og frå begge hald legg inn dei ressursane vi har til rådvelde for å få best mogleg resultat for nynorskbrukarane i slike saker.



I september 2022 inviterte Odda Mållag til ope møte om Oddamodellen og mål om å få lovfesta rett til språkdeling også i ungdomsskuletrinnet. På biletet ser ein deltakarane i panelet, f.v. Synnøve Marie Sætre, Hege Bae Nyholt, Jeanette Syversen, Svein Olav Langåker og Terje Kollbotn. (Foto: Odda Mållag)

JUBILEUM

Noregs Mållag skal markere desse jubilea:

- Vedtaket om rett til lærebøker på begge målformer (i lov om vidaregåande opplæring) vart gjort i Odels tinget 20. mai 1974 og har såleis 50-årsjubileum i mai 2024.
- Utkastet til Nynorsk Salmebok var ferdig i 1925, og har såleis 100-årsjubileum i 2025.
- Vedtaket om å endre namn frå Kristiania til Oslo vart gjort 11. juli 1924 i Stortinget og var gjeldande frå 1. januar 1925. Vedtaket har såleis 100-årsjubileum i 2024.
- Fram til 2030 skal Noregs Mållag engasjere seg i Nasjonaljubileet for å markere målreisinga som ein vesentleg del av den norske fellesskapen.
- Norsk ordbok kom ut i 1873, og har såleis 150-årsjubileum.

Vi planlegg ei enkel markering av den lovfesta retten til lærermiddel i mai, der vi mest truleg konsentrerer oss om å skape merksemrd om saka i sosiale medium.

På initiativ frå Bondeungdomslaget i Oslo var vi i perioden 2022–2023 med på eit samarbeid mellom laga i Oslo for å få Oslo kommune med på ei feiring av namne-endringa frå Kristiania til Oslo. Det hadde vi ei tid tru på at vi skulle få til, men det stranda litt på den økonomiske innretninga og det kommunen elles streka opp som grunnlag for markeringar.

Økonomi

Den økonomiske stoda for Mållaget har vore stabil, med eit lite overskot i 2022 på 64 000. Ein viktig grunn til overskotet kjem av eit auka tilskot frå staten og frå gåver. I 2023 selde vi Schweigaards gate til 4 310 000. Det gjer at vi går med overskot på 3 461 000. Utan salet ville det vore underskot. Same året kjøpte Mållaget kontorlokale i Dronningens gate 22 til 15 909 000. Det førte til eit låneopptak på 8 000 000 og resten finansiert med eigenkapital. Lånet går over 25 år. Dei totale utgiftene for å eige lokale i staden for å leige, bør bli noko lågare i åra som kjem.

Denne investeringa har redusert den frie eigenkapitalet vår. Det er framleis slik at brorparten av inntektene våre kjem frå medlemene, gjennom medlemspengar og målgåver. Det gjer stillinga vår temmeleg fri, og framtida for organisasjonen ubunden av skiftande politiske fleirtal.

KOMMENTARAR TIL REKNESKAPEN

Rekneskapen for 2022 viser eit overskot på 64 000 kroner og 2023 eit overskot på 3 461 000 kroner, medrekna finansinntekter. Det var budsjettert med underskot i 2022 på 205 000 og underskot i 2023 på 259 000 kroner som styret i seinare revisjonsvedtak forandrar til underskot på 154 000 og 669 000 kroner. Eit høgt medlemstal hjelper også på inntektene, både på kort og lang sikt. Noregs Mållag har no ein positiv eigenkapital på 10 261 465. Inntektene til Noregs Mållag står i hovudsak på tre pilarar: årspengar, andre medlemsinntekter og statsstøtte.

Under nokre av postane under står 2023-talet først, deretter står 2022-talet i parentes.

SAL AV MATERIELL

Posten gjeld sal av tilfang (servise, bøker og anna profilingsmateriell).

NORSK TIDEND

Norsk Tidend kom ut med fem nummer både i 2022 og i 2023. Noregs Mållag stod sjølv for annonsesalet. Tingartalet har vore stabilt i fleire år, utan særlege framstøytar for å auke det.

JULEKALENDER

Kulturlotteriet har vore ei viktig inntektskjelde for Noregs Mållag, og eit godt høve for lokallaga til å skaffe seg inntekter. I 2023 kom det nye krav til sal av kalendrar. For å halde fram med sal av lukekalendrar vart vi nøydde til å redusere talet på kalendrar til 2 000 stk.

Laga har hatt høve til å tingje kalendrar til 50 kr per stk, og selje dei for 100 kr. Dette har gitt lokallaga høve til å spe på lagskassa.

Medlemer har også hatt høve til å tingje kalendrar direkte frå Krambua for 100 kr.

I 2022 selde laga 1 247 kalendrar, medan medlemene kjøpte 1 333 kalendrar direkte frå Krambua, i alt 2 790 kalendrar. I 2023 selde laga 1 330 kalendrar, medan medlemene kjøpte 315 kalendrar direkte frå Krambua, i alt 1 645 kalendrar.

MEDLEMSPENGAR

Talet på medlemer gjekk ned med 437 i 2022 og opp med 636 i 2023.

PRISAR OG STIPEND

100 000 kroner er løvvning frå Kulturdepartementet til utdeling av to stipend à 50 000 kroner. Ordinga er årvisse. 33 000 kroner er frå Samlaget og Det Norske Teatret for Nynorsk litteraturpris som vi står saman om å dele ut.

MØTE- OG SEMINARINNTEKTER

Denne posten inneheld haustseminar «Unge vaksne» og seminar for nye lokallagsleiarar i Oslo.

På våren 2023 vart det arrangert vårseminar i Ålesund og seminar for «Unge vaksne» og seminar for nye lokallagsleiarar på hausten 2022 og 2023 i Oslo.

TENESTESAL

Eventuelle inntekter på nynorskkurs som skrivarstova kan tilby. Dette er ikkje noko vi bruker tid på å skaffe oss inntekter på.

MÅLGÅVER

Innbetalingar over gåvegiroane som ligg ved Norsk Tidend.

STATSTILSKOT

Driftstilskot frå Kulturdept. på 6 275 000 kroner (6 290 000 kroner). 200 var auka løyve frå 2021 som vart innbetalt i 2022). I tillegg fekk vi i 2023 135 000 kroner frå departementet for å dekkje opp for noko av den uvanleg høge prisveksten. Ut over dette får vi kvar år 100 000 kroner frå Kulturdepartementet til å dele ut til stipend. Den inntekta er ført på eiga linje i rekneskapen.

PROSJEKT I FYLKESLAGA

Kostnadene med tilsette for Hordaland Mållag går gjennom sentrallekken. Inntektene her er innbetaling frå Hordaland, som svarer til dei kostnadene vi har hatt (synleg på eiga linje under kostnader).

LEIGEINNTEKTER

Leigeinntekter frå skrivarloftet (i Schweigaardsgt. 52, seld våren 2023) og kontorplass til Kringkastingsringen og Norsk Målungsdom.

UTTAK AV VARER

Gåver til innleiarar og andre.

YMSE

Posten inneholder m.a. refusjon som gjeld frikjøp av tilsette som har politiske verv, straumstøtte og tilbakeførte avsetningar.

OFFENTLEGE TILSKOT:

	2022	2023
Kultur- og likestillingsdep.	6 390 000	6 510 000
SUM	6 390 000	6 510 000

MATERIELL FOR SAL

Det meste av kostnadene her gjeld profiltilfang, aksjonsmateriell, bøker innkjøpte for vidaresal og endring i varelageret.

NORSK TIDEND

Om lag 505 000 (396 000) er utforming og trykk av Norsk Tidend. 449 000 (446 000) er adresserings- og portokostnader. Elles ligg det også kostnader som reiser og kjøp av artiklar og bilete i denne posten.

ANDRE TRYKKJEKOSTNADER

Kostnader med flygeblad og anna materiell til aksjonsbruk.

KALENDER

I hovudsak vinstar, porto og trykking av kalendrar. Elles kostnad for løyve i 2022 og for destruksjon av ikkje selde kalendrar.

REFUSJON MEDLEMPENGAR

Refusjon av medlempengar skal gjerast innan 1. mars kvart år. Refusjon medlempengar for 2023 er utrekna til totalt 1 244 000 kroner (1 175 000 kroner). Dei fleste fylkeslaga har ein sats på 20 eller 30 kroner per medlem og dei fleste lokallaga ein sats på 40 kroner.

LØN OG HONORAR

Lønskostnadene fordeler seg på løn til tilsette og engasjerte, arbeidsgivaravgift, sosiale kostnader, personalforsikringar, pensjonspremie, honorar til revisjon. Honorar til kursinnskular, skribentar i Norsk Tidend og prosjektarbeid er førte på dei respektive prosjekta. Refusjon av sjukepengar er ført her. Oversyn over stillingar og tilsette står på s. 62 under 'Skrivarstova'. Dagleg leiar er plassert i lønnssteg 77 i statsregulativet.

LØNSKOSTNADER OG GODTGJERSLER

LØNSKOSTNADER	2023	2022
Løn, feriepengar o.l.	5 451 237	5 194 746
Folketrygdavgift	890 988	854 046
Anna godtgjersle	187 017	177 881
Sum lønskostnader	6 529 242	6 226 673

GODTGJERSLE 2023	DAGLEG LEIAR	STYRET
Løn	818 544	737 831
Anna godtgjersle	95 831	33 848
Sum godtgjersle	914 375	771 679

GODTGJERSLE 2022	DAGLEG LEIAR	STYRET
Løn	781 612	690 296
Anna godtgjersle	206 373	29 844
Sum godtgjersle	987 985	720 140

Gjennomsnittleg tal på tilsette: 8

REVISOR

Kostnadsført revisjonshonorar for 2023 er kr 130 000,- og 179 375,- for 2022.

TENESTESAL

Kostnader med kurstilbod.

HUSLEIGE OG STRAUM

Posten inneholder husleige, straum, reinhald, forsikringar og ymse huskostnader. Husleige, straum og ymse kost-

Økonomi

nader til husværet i Schweigaardsg. 52 (selt 04/2023) er øg første her. Husleigeposten er bruttoført. Det vil seie at alle kostnader i samband med husvære kjem her, og alle inntektene kjem på leigeinntekter.

DRIFTS- OG KONTORUTGIFTER

Porto og telefon utgjer 491 986 kroner (487 000 kroner). Elles er det leige av kopimaskin og frankeringsmaskin med driftsavtale, IT-kostnader (mellan anna heimesida), rekvista som kopipapir, brevpapir, konvolutter og anna driftsmateriell.

PRESSEKLYPP

Noregs Mållag abоннерер på ei teneste som sender oss dei fleste presseoppslag om målsak kvar dag.

PRISAR OG STIPEND

Posten gjeld to arbeidsstipend å 50 000 kroner og litteraturprisane.

LANDSMØTE

Posten inneholder alle kostnader knytte til landsmøtet; leige av lokale, reise og opphold for styret, tilsette og gjester, og reiseutjamning til utsendingane.

MØTE- OG REISEUTGIFTER

Møte- og reiseutgifter i samband med landsrådsmøte, styremøte og andre møte og reiser.

LØYVINGAR, GÅVER

2023

Adeles, filmen Eg har ord	30 000
Sunndal Mållag, tre konserter	5 000
Molde Mållag, Bjørnsonfestivalen	4 000

2022

Fosse-stiftinga, gåvebrev	10 000
Vikværingen, Norsk Barneblad	7 000
Nynorsk Bedriftsforum	20 000
Vikværingen, inspirasjonsdag	5 000
Møre og Romsdal Mållag	25 000

LØYVING NMU

Driftstilskot til Norsk Målungdom.

MÅLPOLITISK SATSINGSOMRÅDE 2:

BARN OG UNGE

Kostnader til barnehagearbeid og arbeid med litteratur for barn og unge.

MÅLPOLITISK SATSINGSOMRÅDE 3:

OFFENTLEG MÅLBRUK

Kostnader til arbeid med offentleg målbruk.

ORGANISASJONSMIDLAR

2023

Sauda Mållag, Renberg	7 500
Juristmållaget, skrivekurs	35 000
Volda Mållag, tilskiping	4 000
Sotra Mållag, tilskiping	8 000
Mållaget Dag	8 100
Kvam Mållag	30 000
Vindafjord Mållag, oppattskiping	5 000
Buskerud Mållag/Hallingdal	17 500
Fylkesmållaget Vikværingen	20 000
Troms og Finnmark Mållag	25 000
Mållaget Ivar Kleiven	10 000
Sparbyggjen Mållag	10 000
Telemark Mållag	10 000
Fredrikstad Mållag	20 000
Nord-Aurdal Mållag	20 000
Sandefjord og Sandar Mållag	15 000
Ørsta Mållag	15 000
Bergen Mållag	30 000

2022

Kvam Mållag, kulturarrangement .	7 000
Tromsø Mållag, nynorsk samling	10 000
Nissedal Mållag, lagsarbeid	10 000
Kvam Mållag, Poesilarm	5 000
Ulstein Mållag, aktivitetshefte	25 000
Nord-Aurdal Mållag, skrivekonk.	6 000
Sandefjord og Sandane Mållag, opne møte	13 000
Troms og Finnmark Mållag, målseminar	12 000
Stranda Mållag, næringslivsarbeid	15 000
Kvam Mållag, barnehagearbeid	11 000
Balsfjord Mållag, kulturfeld	5 000
Førde Mållag, kulturfeld	10 000
Mållaget Sparbyggen, samarbeidsprosjekt	10 000
Ørsta Mållag, næringsliv	30 000
Indre Østfold Mållag, boklansering	7 000
Ål og Hol Mållag, dialektdag	20 000

FINANSPOSTAR

Finansposten inneholder renteinntekter frå ymse bankkontoar og tildeling frå Fondet for norsk målreising. Utbyte på aksjane i Orkla er også med her. Renteutgifte ne er gebyr.

INNTEKTER	2020 REK	2021 REK	2022 LM	2022 REK	2023 LM	2 023 Rev. Styret	2023 Rek
Sal av materiell	63	73	100	75	70	75	102
Norsk Tidend	57	29	70	71	50	80	77
Kulturlotteri	200	181	250	221	200	200	106
Medlemspengar	4 394	4 919	4 400	5 086	4 950	5 050	5 215
Prisar og stipend	120	120	120	133	133	133	133
Landsmøte	97	0	1030	1152	0	0	0
Møte-/seminarinntekter	0	11	40	74	60	60	84
Tenestesal	0	0	5	0	0	0	0
Målgåver	1 815	1 920	1 500	1 611	1 900	1 600	1 920
Statstilskot	5 640	5 970	5 860	6 290	6 200	6 275	6 410
Løyvingar og gåver	0	50	75	59	75	300	303
Prosjekt i fylkeslaga	235	460	550	303	550	425	422
Leigeinntekter kontor	226	226	230	236	230	132	132
Uttak av varer	0	0	10	0	5	5	0
Mva-refusjon	588	766	450	729	500	730	822
Sal Schweigaardsgate	0	0	0	0	0	0	3 821
Ymse	116	609	130	346	80	200	272
Sum inntekter	13 551	15 334	14 820	16 386	15 003	15 265	19 819

KOSTNADER	2020	2021	2022	2022	2023	2 023	2023
Materiell for sal	67	55	100	100	90	90	86
Norsk Tidend	781	788	850	860	860	990	996
Andre trykkjekostnader	87	130	110	170	90	170	339
Kulturlotteri	101	94	150	95	100	100	37
Ref.medlemspengar	976	1 143	930	1 175	1 160	1 160	1 245
Løn og honorar	5 734	6 588	6 300	6 563	6 720	7 065	6 831
Støtte til fylkeslaga	0	0	0	518	600	600	628
Husleige, straum	1 152	1 167	1 250	1 311	1 225	1 300	1 571
Presseklypp	85	88	85	94	92	100	100
Prisar og stipend	183	185	180	209	230	230	217
Drifts- og kontorutg.	1 870	1 665	1 500	1 620	1 650	1 620	1 695
Landsmøte	716	255	1300	1567	0	0	0
Seminar, konferansar og arr.	0	23	200	226	250	250	317
Styre-/landsrådsmøte	174	218	220	285	220	220	168
Andre møte/reiser	177	224	230	297	230	230	292
Prosjekt i fylkeslaga	235	460	550	303	550	425	422
Løyvingar, gåver	181	265	70	67	70	70	39
Løyving NMU	350	350	350	350	350	350	350
Satsing 1: Barn og unge	0	10	150	11	30	30	19
Satsing 2: Skulemålsarbeid	181	139	30	166	30	100	100
Satsing 3: Offentleg målbruk	0	0	30	0	150	30	0
Digitale lm/ Opplæringslova	4	75	30	0	20	320	288
Nynorskstafetten	0	369	150	128	180	180	193
Organisasjonsmidlar	173	357	300	191	300	300	290
Avskrivning fasr eigedom	0	0	0	0	0	0	145
Avskr., tap på krav	1	-30	5	0	0	0	5
Sum kostnader	13 228	14 618	15 070	16 306	15 197	15 930	16 373

FINANSPOSTAR	2020	2021	2022	2022	2023	2 023	2023
Utbyte	6	9	10	4	10	4	4
Aksjegevinst	0	0	0	85	15	0	0
Finansinntekter	34	14	75	-105	-90	100	273
Nedskriving av luter	0	0	0	0	0	-4	0
Finansutgifter	-53	-82	-40	0	0	-100	-337
Sum finanspostar	-13	-59	45	-16	-65	-60	
Ekstraord.inntekter	0	0	0	0	0	0	75
RESULTAT	310	657	-205	64	-259	-669	3 461

Balanse 2023/2022

ANLEGGSMIDLAR	Note	2023	2022
Varige driftsmidler			
Husvære	3	19 486 100	326 070
Driftslausøyre, inventar o.a. utstyr	3	131 894	0
Sum varige driftsmidler	3	19 617 994	326 070
 Finansielle anleggsmidler			
Investering i lutar	4	16 200	16 200
Investering i Fondet for Norsk Målreising		469 384	469 384
Mellomrekning fondet for Norsk Målreising		1 391 988	5 454 116
Depositum husleige Lilletorget 1		391 772	391 772
Langsiktige krav		0	48 534
Sum finansielle anleggsmidler		2 269 344	6 380 006
Sum anleggsmidler		2 188 7338	6 706 076
 OMLAUPSMIDLAR			
Varelager		111 000	111 000
Kundekrav		53 437	22 672
Andre krav		45 769	0
Sum krav		99 206	22 672
Bankinnskot, kontantar	5	5 322 944	9 030 151
Sum omlaupsmidler		5 533 150	9 163 823
SUM EIGE		27 420 488	15 869 899
 EIGENKAPITAL			
Eigenkapital		6 800 238	6 735 913
Resultat i perioden		3 461 227	64 325
Sum opptent eigenkapital		1 026 1465	6 800 238
 SKULD			
Langsiktig skuld			
Skuld til kreditinstitusjonar		8 000 000	0
<u>Anna langsiktig skuld</u>	6	6 014 622	6 089 622
Sum anna langsiktig skuld		14 014 622	6 089 622
 Kortsiktig skuld			
Leverandørgjeld		137 450	169 972
Skuldige medlemspengar		158 8026	1 455 923
Medlemspengar neste år		148 646	-3 257
Nedlagde/ sovande lag		152 662	152 662
Skuldige offentlege avgifter og feriepengar		447 382	414 637
Anna kortsiktig skuld		670 235	790 102
Sum kortsiktig skuld		3 144 400	2 980 039
SUM SKULD		1 7159 023	9 069 661
SUM EIGENKAPITAL OG SKULD		27 420 488	15 869 899

(Revisormeldingar side 90)

Notar

Note 1: Rekneskapsprinsipp

I årsrekneskapen er alle postane verdsette og periodiserte i samsvar med reglar og retningslinjer i rekneskapslova og NRS 8 - God rekneskapsskikk for små føretak.

Krava er første opp i balansen med pålydande verdi etter frådrag for konstaterde og medrekna tap.

Note 2: Lønskostnader og tal årsverk

	2023	2022
Løn	5 399 220	5 157 586
Arbeidsgivaravg.	833 374	854 047
Pensjonskost.	696 438	613 094
Andre ytingar	241 882	231 541
Sum	7 170 914	6 856 269

Selskapet har i 2023 sysselsett 8 årsverk.

Note 3: Anleggsmiddel

	BYGNINGAR, DRIFT OG TOMTER	LAUSØYRE, INVENTAR OL.	SUM
Anskaffingskost 01.01.23	326 070		326 070
+ Tilgang kjøpte driftsmiddel	19 631 000	136 394	19 767 394
- Avgang i året	326 070		326 070
= Anskaffingskost 31.12.23	19 631 000	136 394	19 767 394
Akkumulerte avskriv. 31.12.23	144 900	4 500	149 400
= Bokført verdi 31.12.23	19 486 100	131 894	19 617 994
Ordinære avskrivingar i året	144 900	4 500	149 400
Økonomisk levetid	50 år	5 år	

Laget har selt husværet i Schweigaardsgate 52A med ein vinst på kr 3 821 017.

Vinsten er vist som ei ekstraordinær inntekt i resultatrekneskapen.

Note 4: Luter

	TAL	KOSTPRIS	BOKFØRT VERDI
Dag og Tid	475	10 000	0
Det Norske Teatret	23	11 200	0
Orkla A-aksjar	1 380	16 200	16 200
Andre luter		46 976	0
Sum		68 449	16 200

Note 5: Bundne midlar

Av bankinnskot er kr 79 493 bundne til skattetrekk.

Skuldig skattetrekk per 31.12.2023 er kr 226 656.

Note 6: Anna langsiktig skuld

Mottatt gavé på kr 5 411 944 skal nyttast til spesielle føremål jf. avtale med givar.

Årsmelding for Fondet for norsk målreising 2022 og 2023

Fondet for norsk målreising er skipa for å sikre den økonomiske innkoma til Noregs Mållag. Etter vedtekten (sist endra i 2001) skal fondsmidelen plasserast på høgste rente i bank eller på annan sikker og rentebærande måte eller i aksjefond med god risikospreiing. Målet er at Noregs Mållag kvart år skal få overført ein pengesum tilsvarende om lag rente i pengemarknaden, rekna av verdien av fondet ved inngangen av året. Pengane kan brukast i den daglege drifta av samskipnaden. Fondet kan elles berre brukast til garanti for Noregs Mållag. Innskytarane kan teikna partar à 1000 kroner og må binde innsatsen sin i minst fem år.

Fondsstyret vedtok i 2001 desse retningslinjene for plassering av midlane i fondet: Om lag 40 prosent skal plasserast i bankinnskot, obligasjonar og pengemarknadsfond. Resten skal plasserast i norske og utanlandske aksjefond. Det skal ikkje plasserast midlar i enkeltaksjar eller i bransjfond.

Kapitalplasseringa blir tatt hand om av Formue as. I 2023 er den bokførte kostprisen minka med 435 259 kroner (2022 78 004 kroner), men urealisert, ikkje bokført avkastning for dei to åra er samla - 44 066 kroner. Det var ei negativ avkastning på 11 % i 2022 og ei positiv avkastning på 10,22 % i 2023. Pengemarknadsindeksen for 2022 og 2023 hadde ein vekst på 1,67 % og 4,71 %, det vil seie ei mindreavkastning i fondet på 162 269 kroner.

Fondsstyret har ikkje gjort vedtak om utdeling av avkastning til Noregs Mållag i perioden.

Fondet vert leidd av eit styre på tre personar, alle oppnemnde av styret i Noregs Mållag for to år om gongen. I meldingsperioden har desse sete i fondsstyret: Karl Peder Mork, leiar, Frida Pernille Mikkelsen og Eva Marie Mathisen. Dagleg leiar i Noregs Mållag er skrivar for fondsstyret.

Styret har hatt to møte i perioden. Etter at Noregs Mållag i 2023 vart eigar av kontorlokale i Oslo sentrum, har fondsstyret føreslege ei vedtektsendring som gjer at fondsmidlane kan plasserast i denne eigedomen. Endringa blir lagt fram for landsmøtet.

Det er ikkje teikna nye partar eller sagt opp partar i fondet i 2022 eller 2023.

Ved utgangen av 2022 hadde fondsmidelen ein urealisert verdi på 1 793 168 kroner mot 1 976 468 kroner ved utgangen av 2023. Fondet har 222 innskytarar og Noregs Mållag har 533 av i alt 936 partar à 1000 kroner.

Merk at gáve til Noregs Mållag på 5 600 000 kroner vart sett inn til forvaltning saman med målreisingsfondet sommaren 2019. Pengane er ikkje ein del av fondet, og avkastninga blir rekna ut særskilt for kvar av summane. Delar av denne gáva er no sett inn i fast eigedom for å gje avkastning der i staden. Rekneskapen for fondet vil likevel inkludere også gávesummen som står hos fondsforvaltaren, fordi pengane er plasserte saman.

OSLO, 14. MARS 2024

Karl Peder Mork (leiar), Frida Mikkelsen,
Eva Marie Mathisen

Gro Morken Endresen
skrivar

Balanserekneskap for Fondet for norsk målreising

EIGNELUTAR ANLEGGSMIDDEL			2 022
FINANSIELLE ANLEGGSMIDDEL			
Investeringar i Fondet	2 169 760	6 672 099	
Sum finansielle anleggsmidde	2 169 760	6 672 099	
Sum anleggsmidlar	2 169 760	6 672 099	
OMLAUPSMIDLAR			
Bankinnskot	2 076 349	101 179	
Sum omlaupsmiddel	2 076 349	101 179	
Sum eignelutar	4 246 109	6 773 278	

EIGENKAPITAL OG GJELD

EIGENKAPITAL			
INNSKOTEN EIGENKAPITAL			
Annan innskoten eigenkapital	936 000	936 000	
Sum innskoten eigenkapital	936 000	936 000	
OPPTENT EIGENKAPITAL			
Annan eigenkapital	383 162	358 662	
Resultat av året	1 571 228	24 500	
Sum opptent eigenkapital	1 954 390	383 162	
Sum eigenkapital	2 890 390	1 319 162	

GJELD

KORTSIKTIG GJELD			
Mellomrekning Noregs Mållag	1 355 719	5 454 116	
Sum kortsiktig gjeld	1 355 719	5 454 116	
Sum gjeld	1 355 719	5 454 116	
Sum eigenkapital og gjeld	4 246 109	6 773 278	

Rekneskap adventskalender

	2022	2023
INNTEKTER		
Loddsal	215 650	105 700
Porto	5 404	116
Sum inntekter	221 054	105 816
KOSTNADER		
Vinstar	54 625	8 337
Trykking	35 000	28 097
Porto	29	0
Administrasjon	3 000	0
Gebyr	2 016	0
Sum utgifter	94 670	36 634
Overskot	126 384	69 182

Rekneskap Inga og Gjøa Lutros legat

	2022	2023
INNTEKTER		
Renter 2022	5 218	15 108
Overført til Noregs Mållag	5 218	15 108
BALANSE		
<i>Aktiva</i>		
Bankinnskot	602 678	602 678
<i>Passiva</i>		
Legat	602 678	602 678

Tillitsvalde, tilsette og oppnemnde

HEIDERSMEDLEMER

Heidersmedlemer i Noregs Mållag er no:
Audun Heskstad, Guri Vesaas, Oddny Miljeteig og
Olaf Almenningen.

STYRET OG ARBEIDSUTVALET

Styret og arbeidsutvalet har i perioden vore:
Leiar: Peder Lofnes Hauge (AU)
Nestleiar: Synnøve Marie Sætre (AU)
Styremedlemer: Inger Johanne Sæterbakk (AU),
Anders Riise, May Britt Jensen, Kjetil Aasen, Tobias
Christensen Eikeland (NMU)
Varamedlemer: Espen Tørset, Tove Karina Eidhammer,
Reidun Ramse Sørensen og Bjørn Seljebotn

Styret har hatt 16 møte i perioden, og av desse har fem vore digitale og to reine e-postmøte. Om lag 200 saker har vore behandla, og den viktigaste har vore den nye opplæringslova som vart vedtatt før sommaren 2023.

Leiar Peder Lofnes Hauge har hatt frikjøp i 100 % i perioden. Nestleiar Synnøve Marie Sætre har vore frikjøpt delar av 2022, då leiaren har vore i foreldrepermisjon.

Arbeidsutvalet har hatt seks formelle møte i perioden, anten for å førebu meir omfattande styremøte eller for å ta unna noko som ikkje kan vente. Elles har AU og dagleg leiar telefon- eller e-postkontakt jamleg for å diskutere aktuelle arbeidsoppgåver.

LANDSRÅDET

Landsrådet har hatt to møte i perioden, i oktober 2022 og i november 2023. Rådet har behandla 8 saker. Den viktigaste saka har vore saka som skal behandles på landsmøtet 2024 om disponering av personalressursar i organisasjonen. Landsrådet drøftar elles den politiske situasjonen og har i tillegg ei lengre erfaringsutveksling fylkeslaga mellom om arbeidet dei gjer, på kvart møte.

VALNEMNDA

Valnemnda har i perioden vore:
Leiar fram til september 2023: Karl Peder Mork
Leiar fra september 2023: Øyvind Fenne
Medlemer: Birgitta Lim Ersland, Liv Eldegard Talle,
Hege Myklebust (opprykk frå varalista september
2023), Jens Håkon Birkeland (NMU)
Varamedlemer: Ola Haugen Havrevoll, Hilde Stave
Jonas Økland (NMU)

SKRIVARSTOVA

Tilsette i perioden har vore:
Dagleg leiar: Gro Morken Endresen (sjukmeld 100 % i 2023 frå 30. januar til 10. april, og deretter 50 % til 1. mai).
Organisasjons- og informasjonsrådgivar: Hege Lothe (fungerande dagleg leiar frå 30. januar til 24. april, og i permisjon totalt sju veker fordelt gjennom året)
Økonomirådgivar: Per Henning Arntsen
Politisk rådgivar: Marit Aakre Tennø (til 31. mai 2022)
Skulemålsskrivar: Ingar Arnøy
Organisasjonsrådgivar: Erik Grov
Redaktør og kommunikasjonsrådgivar: Anita Grønningsæter Digernes (15.09.2021– 30.06.2022)
Politiikk- og kommunikasjonsrådgivar: Frida Pernille Mikkelsen (8. august 2022–)
Politisk rådgivar og redaktør for Norsk Tidend: Vemund Norekvål Knudsen (8. august 2022–)

NEMNDER OG UTVAL

Lista gir eit oversyn over nemnder, utval og representasjon i Noregs Mållag for arbeidsåra 2022–2024. Funksjonsperioden står attom namnet. I dei tilfella der det har vore ny oppnemning i årsmeldingsperioden, står både den som har vore, og den som er representant no. Reine mellombelse arbeidsnemnder og uformell representasjon er ikkje ført opp. Lista har berre med dei representantane Noregs Mållag har oppnemnt. Oppnemningane er gjorde av styret, eventuelt av arbeidsutvalet eller dagleg leiar etter fullmakt frå styret.

Jury for Nynorsk barnelitteraturpris

Ingrid Rogne (2020–2023)
Roald Kaldestad (2021–2024)
Kristin Hatledal (2022–2025)
Isabella Pareliussen (2023–2026)

Jury for Nynorsk litteraturpris

Margit Walsø (2021–2024)

Styret for Norsk Barneblad

Inger Johanne Sæterbakk (2022–2024)
Vara: Geir Egil Eiksund (2022–2024)

Rådet for Norsk Barneblad

Magnus Bernhardsen (2018–2024)
Marianne Granheim Trøyflat (2020–2024)
1. vara: Ola Sørensen (2022–2024)
2. vara: Ellinor Bergli Bustad (2022–2024)

Nynorsk pressekontor

Tom Hetland (2015–2025)
Birgitta Lim Ersland (2022–2024)
Vara: Svein Olav Langåker (2016–2025)
Vara: Astrid Sverresdotter Dypvik (2022–2024)

Vestmannafondet

Haakon Aase (2015–2025)
Vara: Håkon Remøy (2021–2025)

Jury for Nynorsk næringslivspris

Øystein Skjæveland (2015–2023)
Monika Haanes Waagan (2022–2024)
Kristofer Olai Ravn Stavseng (2020–2024)
Marianne Granheim Trøyflat (2020–2024)
Anders Riise (2020–2025)
Jan Atle Stang (2023–2025)

Stiftinga Vener av Dag og Tid (før Riksfondet for nynorsk presse)

Birgitta Lim Ersland (2022–2024)
Fredrik Hope (2020–2024)

Fondet for Norsk målreising

Karl Peder Mork (2017–2025)
Frida Pernille Mikkelsen (2019–2025)
Eva Marie Meling Mathisen (2021–2025)

Rådet for Nynorsk kultursentrum

Karl Peder Mork (2020–2024)
Vara: Monika Haanes Waagan (2022–2024)

Valnemnda for Det Norske Teatret

Synnøve Marie Sætre (2022–2025)

Stiftinga Magasinett

Ingvild Aursøy Måseide (2021–2025)

Stiftinga Pirion

Ingvild Aursøy Måseide (2021–2025)

Halldor O. Opedals fond

Håkon Remøy (2017–2025)

Sandefjord og Sandars legat

Gro Morken Endresen (2021–2025)

Akademifondet i Rauland

Gro Morken Endresen (2017–2025)
Vara: Fredrik Hope (2021–2025)

Oslo Nye Sparebanks fond

Morten Søberg (2018–2024)
Vara: Karl Peder Mork (2018–2024)

Anne Røflo Longva og Alf Andre Longvas fond

Nina Berge Rudi (2019–2025)
Vara: Fredrik Hope (2019–2025)

Norsk Målungdom

Dei siste to åra har samfunnet gått tilbake til normalen, og organisasjonsdrifta til Norsk Målungdom (NMU) har gått tilbake mot ein ny normal. Organisasjonen har framleis ikkje like mykje aktivitet som før pandemien, men vi har hatt mange tilbod for medlemene våre, og har drive med mykje viktig politikk. Utetter har vi mellom anna arbeidd med språk i skulen og i høgare utdanning, og innetter har det gått i å få opp aktiviteten mot eit normalnivå.

UTETTER

Dei største politiske sakene i perioden har vore språk i skulen og i høgare utdanning. I tillegg har vi jobba for språkmangfaldet, og har mellom anna fått gjennomslag for samisk namn på Oslo.

Våren 2023 skipa NMU til kampanjen «Student på norsk», der målet var å gjøre politikarar, tilsette og studentar medvitne om rolla høgare utdanning spelar for det norske språket. Ikkje lenge etter fekk vi ein handlingsplan for norsk fagspråk i akademia, og vi har følgt opp med krav til statsrådane.

Den aller største politiske saka i perioden har vore opplæringslova. Denne vart vedtatt av Stortinget i 2023, og trer i kraft ved skulestart i august 2024. I førearbeidet til lova deltok vi i alle høyringane og innspelsrundane. I lova var det mykje positivt, og vi fekk mellom anna gjennomslag for språkdekt ungdomsskule. Men likevel mangla noko av det viktigaste – det vart ikkje noko krav for læringsressursar som er laga til bruk i opplæringa, og med det fell svært mange digitale læringsressursar utanom parallelkravet. For mange

ynynorskelevar kan det bli vanskelegare å få god nok opplæring i språket sitt framover.

NMU deler kvart år ut Dialektpisen, som går til dialektforedøme for ungdom. I 2022 gjekk prisen til friidrettsutøvar Karsten Warholm, og vart delt ut på Det Norske Teatret. I 2023 var det Ingebjørg Bratland og Odd Nordstoga som vart overraska med prisen i Operaen i Oslo, som ein del av konsertturneen deira.

I tillegg til politisk og organizatorisk aktivitet driv vi også opplysningsarbeid om den norske språkstoda. Då reiser vi rundt på målferd og held føredrag for elevar. Då snakkar vi om målsoga, språkvalsmekanismar og -konfliktar, om nynorsken og dialektane, og om oss sjølv. Vi har halde føredrag for over 2 000 elevar, mange av desse i samband med Nynorskstafetten, som Noregs Mållag og NMU skipar til i lag.

INNETTER

Norsk Målungdom har framleis jobba med å halde oppe medlemstalet og talet på aktive lokallag. I 2022 hadde vi 1 254 medlemer, og i 2023 hadde vi 1 319 medlemer. Av desse var 919 under 26 år i 2022, medan tilsvarande tal for 2023 var 856 medlemer. Delen medlemer under 26 år var med det lågare enn på ein del år. Organisasjonen hadde 11 lokallag i 2022, og 15 lokallag i 2023, gitt at laga leverer årsmelding for 2023.

Lokallagsaktiviteten har auka mykje etter pandemien, og mange lokallag driv med jamleg aktivitet og målarbeid. NMU må halde fram med å jobbe aktivt for å byggje organisasjonen vidare opp att for å nå eit aktivitetsnivå lik det før pandemien.



Topp stemning på landsmøtet i Sogndal i 2023! (Foto: NMU)

I 2023 var landsmøtet vårt i Sogndal, og i 2024 er det på Vinstra. Ut over dette har vi også skipa til vinterleirar på Eina og Fosser, og ein haustkonferanse i Stavanger.

Ut over tilsett skrivar og frikjøpt leiar har NMU ein politisk rådgivar i ei 50 prosent stilling. Denne stiltinga styrkjer kontoret til NMU og syter mellom anna for at medlemsbladet til NMU blir gitt ut tre gonger i året.

Økonomien til NMU gjekk godt før og under pandemien, og organisasjonen spa opp ein god eigenkapital. Dei siste to åra har bydd på mykje meir aktivitet enn under pandemien, som også speglar seg i utlogene, men ikkje så mykje i innkomene. Grunna lågare aktivitet i organisasjonen, har vi fått litt mindre i statsstøtte. Dei tilsette i NMU har løn som følgjer lønstrinna i staten, som opnar for betre vilkår for dei tilsette. Framover må ein planlegge godt for å halde på den økonomiske fridomen vi har no.

Medlemer per fylke

FYLKE	2020	2021	2022	2023	(+/-)
Agder	64	47	34	43	+9
Akershus	46	37	38	47	+9
Buskerud	28	17	19	23	+4
Finnmark	6	5	4	4	0
Innlandet	59	55	60	63	+3
Møre og Romsdal	144	114	99	97	-2
Nordland	13	8	11	10	-1
Oslo	237	181	179	195	+16
Rogaland	108	84	82	88	+6
Telemark	22	19	20	23	+3
Troms	23	34	50	48	-2
Trøndelag	143	158	167	161	-6
Vestfold	19	19	20	20	0
Vestland	528	512	451	468	+17
Østfold	9	7	12	15	+3
Utlandet	6	5	7	14	+7
SUM	1455	1302	1254	1319	+65

Viken, Troms og Finnmark, Vestland, Innlandet, Agder og Vestfold og Telemark var nye fylke etter samanslåingane 1. januar 2020. Tala for desse før 2020 er sett saman av tala for dei tidlegare fylka.

Nærskylde

DAG OG TID

Selskapet Dag og Tid AS gjev ut den frie og ubundne vekeavisa Dag og Tid, som særleg legg vekt på stoffområda kultur og politikk. Dag og Tid har vore i framgang gjennom mange år og nærmar seg no eit opplag på 15 000, det doble av opplaget for tjue år sidan. Selskapet gjev av og til også ut forlagsprodukt.

DET NORSKE SAMLAGET

Det Norske Samlaget er eit litteraturselskap, ein kulturnyttig interesseorganisasjon skipa i 1868, og eit forlag, Stiftinga Det Norske Samlaget. Forlaget gav i 2023 ut 60 nye titlar, i tillegg til nye utgåver av 93 tidlegare utgitte titlar, fordelt på skjønnlitteratur for vaksne og barn, sakprosa for eit allment publikum, ordbøker og pensumbøker for høgare utdanning. Tildelinga av Nobelprisen i litteratur til Jon Fosse gjorde at 2023 blei eit godt bokår for Samlaget. Vidare fekk Maria Parr Brageprisen for barneromanen Oscar og eg. Boksallet gjekk opp med 25 prosent og omsettinga totalt med 13 %. Forfattarskulen for skrivande med minoritets-erfaring som Samlaget driv i samarbeid med Minoten tok inn nye 10 studentar i 2023, og ytterlegare 10 er tekne opp for studieåret 2024. Litteraturselskapet Det Norske Samlaget gjev ut tidsskriftet Syn og Segn, som er av dei største allmennkulturelle tidsskrifta i Noreg. Tingartalet har dessverre gått ned til 1150 etter at tidskrift ikkje lenger blir innkjøpte over innkjøpsordninga til biblioteka.

DET NORSKE TEATRET

Det Norske Teatret er eit djervt, ope og engasjerande teater dit folk søker for refleksjon, oppleveling og underhaldning. Det Norske Teatret skal med nynorsk som scenespråk og eit breitt samfunnsengasjement skape nye uttrykk og nå eit stort publikum.

Ved inngangen til 2022 var kulturlivet framleis underlagt restriksjonar grunna pandemien, men 12. februar var 23 månader med restriksjonar historie og vi fekk lov til å fylle salane igjen. Og vi var spente på om koronakrisa hadde påverka kulturvanane og publikumsåtferda. Det Norske Teatret møtte denne spenninga med ei djerv satsing. Med årets første premiere på Hovudscenen trefte Det Norske Teatret tidsånda på eit vis ingen kunne ane med Arne Lygres nyskrivne stykke *Tid for glede*. *Tid for glede* vart eit omgrep som på mange vis oppsummerte 2022. Ikkje berre for Det Norske Teatret, men for eit samla teater-Noreg.

Vesaas-jubileet vart markert med *Fuglane, Into the Woods* presenterte eit songsterkt ensemble i toppform. Kristin Lavransdotter fekk eit stort publikum til å gløyme tid og lengd i ein over 8 timer lang maraton. Og ved årets slutt blåste *Snøsøstera* liv i teatermagien og samla fleire generasjoner i teatersalen – alt dette berre på Hovudscenen. I tillegg myldra av oppsetjingar på biscenane, i Bikuben og på Rommen Scene. Det var samtalerekker, publikumsarrangement, festpremierar, utstillingar og eit breiddfullt tilbod i nærmast alle sjangrar og for alle målgrupper. Det Norske Teatret markerte Skeivt kulturår og avstand frå russisk krigsagresjon gjennom fleire viktige og relevante kunstnarlege prosjekt, og er fornøgd med at 183 560 publikummarar fann vegen tilbake til Det Norske Teatret etter pandemien.

I 2023 var det andre utfordringar enn pandemi som påverka teaterdrifta. Høg inflasjon, auke i energiprisane og stagnasjon i den økonomiske veksten førte til nedgang i realløna og kjøpekrafta. 2023 vart eit økonomisk utfordrande år for teateret, men også eit år med fleire djerve satsingar. Det Norske Teatret fekk, som det første teateret i verda, høve til å sette opp Disney-sukssessen Frost i ny nordisk musicalversjon. 14. oktober kunne eit norsk publikum for første gong høyre den

nynorske versjonen Det må ut av Disneys store hit Let it go, i gjendiktinga til Runar Gudnason. Det Norske Teatret er stolt over produksjonen av Frost. Med over 52 000 publikummarar i 2023 og 2024 vil han plassere seg høgt på teateret si liste over mest sette framsynningar. Det har vore ei særskild glede å kjenne den breie anerkjenninga av at Frost er viktig for nynorsken.

I juni 2023 lanserte Det Norske Teatret Tett gapet, ein nasjonal aksjon for å løfte tilskotet til Det Norske Teatret. Bakgrunnen er at det over tid har utvikla seg ein urimeleg skilnad i løyvingane til Nationaltheatret og Det Norske Teatret, trass i at Stortinget tidlegare har understreka at dei to nasjonalteatera i hovudstaden skal ha like vilkår. Sidan 2021 har vi også hatt språklova som pålegg det offentlege å prioritere nynorsken som det minst brukta av dei to likestilte skriftspråka våre. Målet med aksjonen var både å samle inn pengar for å tette gapet og å setje spørsmålet om løyvingar på den politiske agendaen. Sentrale politikarar frå dei fleste partia i posisjon og opposisjon har uttrykt forståing for kravet. Ei auka offentleg løyving vil vere eit viktig bidrag til at Det Norske Teatret kan halde fram med full styrke som nasjonalteater og landets største nynorskinstitusjon. Det Norske Teatret set stor pris på engasjementet og dei økonomiske bidraga til aksjonen frå Noregs Mållag sentralt og lokalt.

Etter 14 år i stillinga som teatersjef ved Det Norske Teatret, gir Erik Ulfsby seg når 2024 er slutt. Teatersjefstillinga vartlyst ut våren 2023, og ti kvinner og sju menn søkte på jobben. I september kunne styret presentere Kjersti Horn som ny teatersjef i eit åremål på fem år frå 2025-2029.

Erik Ulfsby er teatersjef, Hans Antonsen er direktør og Hilde Barstad er styreleiar ved Det Norske Teatret.

FRAMTIDA.NO

Framtida.no er ein nynorsk nettstad med nytt for unge mellom 14 og 25 år som vart starta opp hausten 2010 av LNK og ABC Startsiden. I 2023 var over 800.000 brukarar innom Framtida.no. Journalistikken vert òg lagt merke til i andre medium.

Framtida.no-redaksjonen har kontor i Oslo. I snitt har Framtida.no hatt fire redaksjonelle årsverk dei siste åra. Økonomien kjem i stor grad frå prosjektstøtte. Etter at LNK klarte å få auka støtta frå Kulturdepartementet i 2018, har økonomien vore meir føreseieleg.

I september fekk Framtida.no nye nettsider. Oppdateringa er ein del av prosjektet «Nye måtar å kommunisera med fleire leserar». Prosjektet fekk innovasjonsstøtte av Medietilsynet og har resultert i ein ny debattportalen for innsending av meiningsinnlegg, meir tilgjengelege nettsider og nyhetsbrevet Vekas viktiga.

Viser elles til redaksjonelle rapportar her: <http://framtida.no/tags/framtida>

FRAMTIDAJUNIOR.NO OG FRAMTIDA JUNIOR

Landssamanslutninga av nynorskommunar driv Framtidajunior.no og papiravisa Framtida Junior. Nettstaden vart offisielt opna 17. oktober 2017. To journalistar jobbar dedikert med denne nettstaden, Janne Nerheim og Synne Ulltang. Svein Olav Langåker er redaktør. I 2023 blei Framtidajunior.no kåra til Årets nynorskbrukar på Festspela. Over 112.000 brukarar var innom nettstaden i løpet av året. Kvar år kjem det inn rundt 1000 bidrag i skrivekonkurransane som Framtida Junior har arrangert. Framtida Junior arrangerer òg bokbadarkurs og journalistkurs for barn på mellomstegget.

Framtida Junior fekk for første gong støtte av Fritt Ord i 2023. Støtta på 100.000 kroner gjekk til prosjektet «Unge stemmer i lokalvalet» om forskjellar i kommune-Noreg og korleis det påverkar skule-, kultur- og fritidstilbod. Avisa skreiv om barnefattigdom og forskjellar – og om korleis barn og unge kan vera med på å påverka og om unge som engasjerer seg.

I samarbeid med Hallingdølen, Hordaland, Os og Fusaposten, Sogn Avis, Sunnhordland og ABC Startsida starta LNK opp papiravisa Framtida junior i november 2017. Avisa kjem no ut kvar månad til abonnentar over heile landet. Målet er at inntektene frå abonnementssal vil gje eit bidrag til meir journalistikk på nynorsk for barn gjennom Framtida junior. Slik det er no går det akkurat rundt, men papiravisa er avhengig av auka tal på abonnement for å halda fram. Lokalavisene har allereie bidrege mykje inn i samarbeidet, med både gratis marknadsføring og produksjon av nesten halvparten av innhaldet til papiravisa. Hausten 2023 vart papiravisa sendt ut til 12.000 elevar i den nasjonale avisveka.

KRINGKASTINGSRINGEN

Kringkastingsringen er ein medlemsorganisasjon som arbeider for at nynorsk, dialekter og samisk skal ha sitt rettkomme rom i norske massemedium. Kva som er eit rettkomme rom, kan diskuterast, men det aller viktigaste er at NRK skal ha minst 25 % nynorsk i sendingsine og på nettsidene sine. Difor var det gledeleg at NRK greidde 25,1 % i 2022 og 25,2 % i 2023. Likevel er det store skilnader mellom medietypane, og for radiokanalane ligg nynorskdelene stabilt på eit for lågt nivå (22,0 % i 2023). Samstundes er det viktig å følgje med på dei store endringane i medieverda generelt, og korleis dei påverkar stoda for norsk som mediespråk.

I 2022 deltok Kringkastingsringen på møte med NRK-leiinga, som vanleg eit fellesmøte saman med Mållaget og NMU. Fram til hausten 2023 har dessutan organisasjonen delt kontor med desse to organisasjonane. Kringkastingsringen gjev ut medlemsbladet Kringom, som kom med to utgåver i 2022 og to i 2023. Organisasjonen deltek elles i høyringar og prøver etter



Mållaget i LO-administrasjonen hadde styreseminar på Sørmarka i slutten av august 2023. Her er dei med besøk av stortingsrepresentant Åse Kristin Ask Bakke helt til venstre, til høgre står leiar i laget Tommy Tverdal.



beste evne å markere seg i det offentlege ordskiftet. Kringkastingsprisen for 2021 (kunngjord og utdelt i 2022) gjekk til Magni Øvrebotten. Prisen vart ikkje utdelt i 2023.

Kringkastingsringen har om lag 600 medlemmer. Organisasjonen driv heilt utan offentleg støtte og er avhengig av medlemspengar og gåver.

Mone Celin Skrede var styreleiar i 2022 og Jógvan Helge Gardar i 2023. Kjartan Helleve var dagleg leiar fram til november 2022. Så var det ein periode der organisasjonen ikkje hadde tilsette, før Aksel Torsnes Mehlem starta som dagleg leiar 1.11.2023.

LANDSSAMANSLUTNINGA AV NYNORSK-KOMMUNAR

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) er ei samanslutning av kommunar, fylkeskommunar og interkommunale tiltak og har som føremål å fremja nynorsk språk og kultur i offentleg verksemd. På landsstinget i Sogndal i juni feira LNK 30-årsjubileum, der mellom anna kommunal- og distriktsminister Sigbjørn Gjelsvik heldt helsingstale. Per 31. desember var talet på medlemmar 85 kommunar, tre fylkeskommunar og 17 regionråd/andre IKS. Medlemstalet har seinare vore stabilt, men nye Ålesund og Vang har meldt seg ut.

LNK skal arbeida for å utvikla nynorsk språk innanfor alle sektorar i det offentlege. Medlemene har dei siste åra prioritert arbeidet med språkopplæring, nynorsk for barn og unge og det å visa samanhengar mellom språk, identitet, kultur og samfunnsutvikling. LNK arbeider elles mykje med informasjonstenester og omdømmebygging i kommunane.

LNK tilbydde i 2023 det nynorske klarspråkkurset «På saklista» og nynorskkurset for lærarar «På tavle og skjerm» gratis til medlemene. Kursa er utarbeidde av og utført av Fretland & Fretland og arrangerte i samarbeid med Fagforbundet. I vår lanserte LNK eit flunkande nytt digitalt nynorskkurs for lærarar – og berre to gonger før har LNK arrangert fleire fysiske På saklista-kurs.

LNK held kontakten med medlemene mellom anna gjennom e-brev og sosiale medium. I tillegg driv organisasjonen nettstadene LNK.no, Magasinett.no, Pirion.no, Startsida.no, Framtida.no og Framtidajunior.no (dei tre siste saman med ABC Startsida). LNK driv òg papiravisas Framtida Junior saman med fem lokalavisar,

Talet på medlemsbesök har tatt seg opp, og for første gong deltok LNK på Nynorskstafetten saman med Noregs Mållag. Dette var i Nord-Gudbrandsdalen.

LESEDIGG OG LESEDIGG-KLUBBEN

I 2023 har Framtida Junior samarbeidd med Nynorsk kultursentrums, Nynorsksenteret og seksjon for bibliotekutvikling i Vestland fylkeskommune om å vidareutvikla den digitale teneste som skal hjelpe barn å finna kjekke bøker å lesa.

Hausten 2023 starta Framtida Junior eit samarbeid med Høgskulen på Vestland og Stord folkebibliotek om ein lesekubb for barn frå 4.–6. trinn; Lesedigg-klubben. Klubben arrangerer fleire opne samlingar i biblioteket der det vert lese høgt, prata om bøkene med barna og ulike aktivitetar til bøkene.

MAGASINETT

Magasinett vart starta i 1997 av Landssamanslutninga av nynorskkommunar og Noregs Mållag.

LNK v/Framtida.no tok over den redaksjonelle drifta av nettidsskriftet i 2012. Magasinett.no og Framtida.no er framleis dei einaste ungdomsretta nettstadene som er redigerte på nynorsk.

Magasinett skal gje aktuelle og relevante nynorske tekstar til bruk i ungdomsskule og vidareutvikling, og arrangerer 3-4 skrivekonkurransar i året i lag med Framtida.no. Desse er svært populære og får fleire hundre bidrag.

LNK har i fleire år hatt ein avtale med Fagforbundet som sikrar midlar til marknadsføring og vidareutvikling av Magasinett. Stiftinga Magasinett er elles finansiert gjennom tilskot frå Utdanningsdirektoratet. Frå 2022 er prosjektstøtta erstatta med eit meir førseieleg grunntilskot, men frå 1. juli 2024 blir dette erstatta med ei søknadsbasert støtteordning.

STUDIEFORBUNDET KULTUR OG TRADISJON

Noregs Mållag er medlem i Studieforbundet kultur og tradisjon, saman med godt over 40 andre frivillige organisasjonar. Studieforbundet jobbar for at alle skal kunne bli kjent med og lære kulturuttrykk og folkelege tradisjonar, og legg til rette for utvikling og finansiering av eit mangfaldig og godt opplæringsstilbod.

Medlemsorganisasjonane og Studieforbundet held kurs over heile landet. Dei aller fleste kursa har eit lokallag som arrangør. Studieforbundet har ansvar for studieplanane som skal kvalitetssikre kursa, og deltek i opplæring av kursarrangørar, kurslærarar og anna organisasjonsutviklingsarbeid. For studieforbundet er det viktig å sikre eit tilbod som dekkjer alle nivå, og som er lett tilgjengeleg for deltakarane.

Studieforbundet kultur og tradisjon er ein stor kursarrangør, og har jamn vekst i kursaktivitet. Opplæringa blir organisert gjennom lokale lag og foreiningar i medlemsorganisasjonane våre. Attpå år prega av pandemi, har vi raskt reist kjerringa og opplever nå både medlemsvekst og kursvekst. Medlemsorganisasjonane arrangerte i 2023 7348 kurs med 217 133 kurstimar for over 62 000 deltakarar. Av desse stod Noregs Mållag for 29 kurs, i alt 545 timer og 390 deltakarar. Godt Jobba!

NORSK BARNEBLAD

Norsk Barneblad er eit av dei eldste barneblada i verda. Bladet kjem ut ein gong i månaden. Målgruppa er barn

Nærskyld til tak

i alderen 8–14 år. I 2020 fekk vi ny bladbunad og nytt format. Vi vann Norsk Tidsskriftforenings pris for beste bladbunad i 2021. Vi er minst like fine i dag.

Du finn oss på www.barneblad.no, vi har også eiga side på Facebook og er på Instagram.

Bladet inneholder teikneseriar, vitsar, kryssord, forteljingar, reportasjar og aktivitetsstoff. Kvart nummer tar opp eit tema, det kan vere vulkanar, framtida, kvifor vaskar vi oss?, skogen vår, piratar, dinosaurar, mat og fuglar. Det meste er interessant og pussig om vi ser nøyte etter. Vårt mål er at lesarane vår skal føle undring og glede over alt som er i verda.

Norsk Barneblad tilbyr lærerik og underhaldande sakprosa på nynorsk.

Mange lokallag i Noregs Mållag kjøper inn klassesett til skular. Dette er viktig målarbeid. Vi håper å få lærarvegleiingar til kvar utgåve til august 2024.

Kjersti Øvestad, Håland Skole, Sola kommune

Fire gonger i året blir Norsk Barneblad, med eit ekstra bilag, sendt ut som medlemsblad for barnemedlemmene i Noregs Ungdomslag.

I tillegg til bladet lagar også Norsk Barneblad julehefta Smørbusk og Tuss & Troll.

Styreleiar er Inger Johanne Sæterbakk, ansvarleg redaktør og dagleg leiar er Nana Rise-Lynum. Biletrедактор og bladbunad er Aina Griffin.

NRK NYNORSK MEDIESENTER

NRK Nynorsk mediesenter har runda 200 praktikanter!

NRK Nynorsk mediesenter er eit strategisk rekrutteringstiltak for å få fleire nynorskbrukande journalistar i NRK og elles i mediebransjen. Senteret rekrutterer og lærer kvart år opp ti praktikantar med nynorsk som arbeidsspråk til nett, TV og radio.

Våren 2024 har NRK Nynorsk mediesenter lært opp 40 kull og til saman 200 praktikantar sidan starten i 2004. Om lag 60 prosent av dei jobbar i media, og om lag 40 prosent er tilsett som journalistar i NRK. Det er og tidlegare praktikantar i VG, TV 2, regionaviser og mange lokalavisar.

Mediesenteret held i tillegg nynorskkurs for tilsette i NRK og andre mediehus. Mellom 400 og 500 NRK-journalistar har vore på slike kurs i løpet av dei siste seks åra. Også ei intern fadderordning for folk som vil prøve seg på nynorsk er kooordinert av mediesenteret. Fleire av deltakarane har byrja å skrive nynorsk etter å ha vore med på desse tiltaka.

NRK Nynorsk mediesenter er dessutan sekretariat for Kultur- og likestillingsdepartementets nynorskpris for journalistar. I 2023 vann speljournalisten Øystein Furevik prisen.

NYNORSK PRESSEKONTOR (NPK)

«Meir på nynorsk til fleire», er framleis visjonen i Nynorsk pressekontor. Og dette på ein slik måte og

med eit innhald som gjer at også dei som til vanleg ikkje les eller bryr seg om nynorsk, skal få lyst til å lesa sakene våre.

Stiftinga Nynorsk Pressekontor, i daglegtale Nynorsk pressekontor, leverer nyheter på nynorsk til media av alle slag, både på nett og papir, og me hadde mellom 35 og 40 faste abonnentar i 2023.

Me er framleis seks fast tilsette, og har vore i drift sidan 1969.

Stiftinga Nynorsk pressekontor har sidan 2007 valt å samarbeida med Norsk Telegrambyrå (NTB) for å best kunna arbeida for å auka bruken av nynorsk i media. Samarbeidet gjer oss i stand til å levera betre vilkår for nynorsk i media og styrker NPK i møtet med endra krav om utvikling og tilbod. For å sikra at nynorsk er eit velfungerande og fullverdig språk er det viktig at språket er synleg i media. Dette samarbeidet vart i 2023 utvida med 5 nye år.

Dei siste åra har me med solid støtte frå kulturdepartementet, Språkrådet og Nasjonalbiblioteket utvikla Nynorskroboten, eit verktøy som er bygd på den opne og fritt tilgjengelege kjeldekoden Apertium. Me brukar sjølv roboten kvar dag, når me omset artiklar frå NTB til nynorsk. Til saman produserte me over 40.000 saker NPK-NTB i 2021 mot knappe 35.000 saker i 2020 og vel 20.000 i 2019. Auken dei to siste åra handlar mest om roboten og dessutan at Nasjonalbiblioteket har bidrige med ei ekstra stilling for å auke tekstmengda inn i roboten. I dag er feilprosenten under 4 og i løpet av året og første halvdel av 2023 skal Nynorskroboten vera «ferdig» utvikla frå vår side. Deretter vil det handla om vedlikehald av språket i roboten for NPK sin del, medan Arkitekst, eit datterselskap i NTB – tek seg av det kommersielle og oppfølging av brukarane, noko NPK ikkje har eller skal ha kapasitet til.

Jan Inge Fardal har sidan 1. februar 2020 vore redaktør og dagleg leiar, medan Tom Hetland held fram som styreleiar.

I 2023 laga NPK for første gong eit videomagasin - eg hadde nær sagt - sjølv sagt i samband med nobelprisen i litteratur til Jon Fosse.

PIRION

I februar 2001 skipa LNK, saman med Noregs Mållag, stiftinga Pirion. Pirion har som formål å stimulera og inspirera kulturarbeidet i barnehagane. Pirion har særleg ansvar for nynorsk barnekultur og dialekt- og lokalkultur.

LNK v/Framtida.no tok over det redaksjonelle ansvaret for bladet i 2015. Redaktør er Svein Olav Langåker. I tillegg er fleire spaltistar inviterte for å gje eit spenn og ulike syn på språk, litteratur og barnekulturfremidling.

I 2021 utvikla Pirion, Janne Karin Støylen og Sunnfjord Kulturskule eit populært digitalt kursopplegg



Målprisvinnaren 2022 Kari Huus, saman med leiar i Noregs Mållag Peder Lofnes Hauge. Huus har vore manusredaktør i Samlaget gjennom fire tiår og fekk målprisen for å ha tryggja ein heil generasjon av forfattarar og gjort det enklare for dei å bli verande i nynorsken. (Foto: Noregs Mållag)

i formidling av nynorsk, nynorsk barnelitteratur og folkemusikk som blir brukt av fleire barnehagar.

Pirion mista prosjektilskotet sitt frå Utdanningsdirektoratet i 2021. Frå 2018 har Utdanningsdirektoratet sluttat å gje driftsstøtte, og har endra dette til prosjektstøtte. Og gjennom statsbudsjettet for 2022 blei høvet for å søkja prosjektstøtte fjerna. Den einaste inntekta til Pirion er no driftsstøtte frå LNK, og drifta er redusert på grunn av dette. Nynorsk Forum og LNK har tatt opp den økonomiske situasjonen til Pirion i budsjett-høyringa i utdanningskomiteen på Stortinget, men utan å bli høyrte førebels.

Styret til Pirion er sett saman av styreleiar Svein Olav Langåker (LNK), Ingvild Aursøy Måseide (Noregs Mållag) og Inger Johanne Sæterbakk (Norsk Barneblad).

STILLE STUNDER

Stille Stunder, bladet for heimen, skulen og kyrkja, kjem ut 6 gonger i året. Tingartalet var ved utgangen av 2023 3369. I 2023 fekk bladet 352 nye tingarar. Redaktør var Ivar Molde, forretningsførar var Rolf-Atle Rolfsnes og Knut O. Dale var leiar i styret.

NYNORSK BEDRIFTSFORUM

Nynorsk bedriftsforum vart stifta 15. november 2022 som eit landsdekkande kontaktnett av og for nynorskbedrifter. Forumet har som visjon at det skal vere like enkelt å vere nynorskbedrift som bokmålsbedrift. Vi skal fungere som eit talerøyr for nynorsk næringsliv, vere eit nettverk for medlemsbedriftene, og vi skal løfte fram nynorskbedrifter og bedrifter som tilbyr produkt og tenester på nynorsk. Fokuset sidan oppstarten har vore å rekruttere medlemmar og å vere synlege gjennom deltaking, innspel og uttalar i saker som gjeld språk i næringslivet. I 2023 har vi vore med på fleire samlingar og arrangement saman med andre gode nynorskvenner. Vi har halde presentasjonar på fleire av Noregs Mållag sine arrangement, både sentralt, lokalt og på fylkessamlingar. Vi var delaktige under landstinget til LNK i Sogndal i juni og på Det Norske Teatret sitt arrangement «Tett gapet» under Arendalsveka i august. I desember heldt vi innlegg for Språkrådet. Nynorsk bedriftsforum er teken opp som medlem av Nynorskfylket Vestland og sit no også i Nynorsk forum. Ved utgangen av 2023 hadde forumet 40 små og store bedrifter i medlemsbasen – frå seks ulike fylke og 15 ulike næringskategoriar.



Vinner av Nynorsk litteraturpris 2022, Brynjulf Jung Tjønn (t.h) og styremedlem i Noregs Mållag, Inger Johanne Sæterbakke. Tjønn fekk prisen for diktsamlinga *Kvit, norsk mann*. (Foto: Maria Fet)

NOREGS UNGDOMSLAG

Noregs Ungdomslag (NU) blei skipa i 1896 og er ein kulturorganisasjon med om lag 14000 medlemer i 350 lag over heile landet. 250 av laga har eige hus, gjerne kalla ungdomshus. Gjennom folkelege kulturaktivitetar skal NU skape engasjement og levande lokalmiljø. I ungdomslaga er det stort mangfald og ingen krav om å halde på med ein spesiell type aktivitet, men tradisjonelt har dei største aktivitetane vore teater, dans, musikk og bunadsarbeid. Eit fellestrekk for alle laga er at dei jobbar med å skape betre lokalsamfunn gjennom meiningsfylte kulturaktivitetar, både på bygda og i byane. Ungdomslaga skal vere frilynde - altså opne og inkluderande. Dei er òg tradisjonsberarar og demokratisk oppbygde.

STIFTINGA NYNORSK AVISSENTER

Praktikantar frå Nynorsk avissenter er etterspurde i ein mediebransje som treng nynorskskrivande journalistar med høg digital kompetanse. Fleirtalet av tidlegare praktikantar frå avissenteret arbeider i dag med journalistikk, medan mange også er kommunikasjonsrådgjevarar og lærarar. Til sommaren vil i alt 97 praktikantar ha fått si opplæring ved Nynorsk avissenter sidan starten i 2013.

To gonger i året tar Nynorsk avissenter inn 5 praktikantar, som på seks månader får ei intensiv og effektiv opplæring i journalistikk for avis, nett og sosiale medium. Firda i Førde er verstsavis i fire månader. Deretter ventar to månader praksis i sjølvváld avisredaksjon. Teori og praksis går hand i hand. Mange förelesingar er felles med NRK Nynorsk mediesenter, som har ei tilsvarande opplæring av nynorskbrukande journalistar for nett, radio, fjernsyn og sosiale medium.

Nokre kurs og førelesingar er også opne for etablerte journalistar. I tillegg samarbeider Nynorsk avissenter med NRK om språkkurs ute i avisredaksjonar.

Bak stiftinga står Mediebedriftenes Landsforening (MBL), Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) og Firda Media. Føremålet er å styrke rekruttering, nyskaping og utvikling i aviser og andre medium som publiserer på nynorsk. Drifta er finansiert av Kulturdepartementet og Firda Media. Søknadsfrist for nye praktikantar er 15. april og 15. oktober.

NYNORSK KULTURSENTRUM

I 2023 nådde Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur, ein viktig milepåle: For første gong er heile samlinga etter Ivar Aasen, inkludert om lag 2500 bøker, registrert, digitalisert og gjort tilgjengeleg på nett. No held arbeidet fram med som står att å registrere frå samlinga etter Olav H. Hauge. Nynorsk kultursentrum jobbar for meir og betre kunnskap og medvitne om nynorsk skriftkultur i heile Noreg og gler oss stort over alle innspela som har kome til arbeidet for ein nasjonal bevaringsplan for nynorskarkiv. Vi er framleis opptekne av formidling i heile landet og var tilstades i 104 kommunar i 2022 og 89 kommunar i 2023.

Nynorsk kultursentrum har fast verksemid i Aasentunet i Ørsta på Sunnmøre, Hauge-senteret i Ulvik i Hardanger og Vinjesenteret i Vinje i Telemark. Inngangspengar for medlemer i Noregs Mållag er 75 kr. 42 gratis vandreutstillingar er tilgjengelege til utlån for museum, bibliotek, ungdomslag, mållag og andre. Fleire produksjonar er på turné i Den kulturelle skulesekken og vi har faste formidlingstiltak gjennom pilotbibliotek og m.a. Litteraturhus Møre og Romsdal som er eit samarbeid mellom fylkeskommunen og Bjørnsonfestivalen og som no har fått fast tilskot.

Nynorskartiklane i Store norske leksikon blei lesne over 6 millionar gonger, og den nye venskapssongen vi har laga i samarbeid med Nynorskcenteret har fått mange tusen avspelingar på YouTube, medan over 800 barnehagebarn bidrog til barnekunstutstillingar inspirert av nynorsk barnelitteratur.

Det krevst både kløkt, kunst og kunnskap for å sikre eit språkleg mangfold og eit tolerant samfunn i framtidia. Nynorsk kultursentrum arbeider både politisk og kulturfagleg med å gjere det nynorske skriftspråket og dei norske dialektane til ein del av flest mogleg kvaradar – også i framtidia.

Nynorsk kultursentrum samla i 2021 det meste av eiga digital formidling på nynorsk.no. Nettstaden lurivar.no har songar og forteljingar for barnehage- og småskuleborn, og på handlenett.no driv vi ein eigen nynorsk nettbutikk.

Nynorsk kultursentrum deler ut to prisar og eitt stipend. I 2023 vart Framtida junior Årets nynorskbrukar. Årets Storegut 2023 var Fjord 1 og matkonpetet Ferdamat. Olav H. Hauge-stipendet for unge lyrikarar

blei i 2022 delt ut for tredje gong, og denne gongen gjekk stipendet til lyrikkdebutanten Priya Bains.

Nynorsk kultursentrum arrangerer tre festivalar. Festspela blir arrangert 6.–9. juni 2024 i Ørsta og Volda, Poesifestivalen er 13.–15. september 2024 i Ulvik og Litteraturdagane er 26.–29. september 2024 i Vinje.

Stiftinga Nynorsk kultursentrum er skipa av fem nynorskorganisasjonar, fire kommunar, fire fylkeskommunar, fire universitet, to høgskular, eit museum, ein folkehøgskule og eit forskingsinstitutt. Jan Olav Baarøy er styreleiar. Olav Øyehaug Opsvik er direktør. Hege Lothe er rådsordførar. Direktøren er sekretær for Nynorsk forum, som koordinerer politisk påverknadsarbeid mellom 20 nasjonale nynorskorganisasjonar.

DET VESTNORSKE TEATERET

Det Vestnorske Teateret er eit nynorskteater for alle som bur på Vestlandet. Sidan 2016 har teateret hatt fast scene i Bergen sentrum, og med det har Bergen fått eit etterlengta tilbod på nynorsk og dialekt for barn, ungdom og vaksne.

Teateret sin strategi er å vere ein leiande arena for nynorsk scenekunst, og gjennom det styrke nynorsk kultur, identitet og språk.

Vi har ei sterk satsing på ny dramatikk og skal lage rom for dei vestnorske stemmene. Ved sida av teaterrepertoaret driftar vi også eit kulturprogram støtta av Bergen kommune som har låg terskel og styrkar den nynorske identiteten.


Teateret er ombygd og utvida i perioden 2020–23. Sjølv om det no er modernisert, er det framleis eit særegne teaterhus med historie og ein unik identitet i veggane. Drifta har tilskott frå Staten og den største eigaren Vestland fylkeskommune.

Teatersjef frå hausten 2023 er Thomas Bye.

Vedlegg og statistikk

Nynorsk skulemål 1930-2024

For 1992, 1993 og 1994 ligg det ikke føre rette tal.



Skolemålet 2021–2024

Tabellen viser talet på kva hovudmål elevane i grunnskulen har og kor stor prosentdel som har nynorsk som hovudmål.

«Andre» er elevar på internasjonale skular i Noreg der undervisninga skjer på andre språk enn norsk og samisk.

Tal frå Grunnskolens Informasjonssystem (GSI).

	2021–2022	2022–2023	2023–2024
Bokmål	554 010	556 305	556 741
Nynorsk	73 493	73 117	72 498
Samisk	878	876	904
Andre	6 293	6 638	6 908
Samla	634 647	636 934	637 051
Nynorsk %	11,58	11,48 %	11,38

Nynorsk og bokmål i fylka 2022–2024

Tabellen viser talet på nynorskelevar og bokmålelevar i kvart fylke og kor stor prosentdel av norskelevene som har nynorsk som hovudmål. Tal frå Grunnskolens Informasjonssystem (GSI).

	2022–2023				2023–2024			
	BM	NN	SUM	%NN	BM	NN	SUM	%NN
Agder	37 749	1 326	39 075	3,4	37 754	1 331	39 085	3,4
Innlandet	36 356	2 922	39 278	7,44	36 417	2 831	39 248	7,21
Troms og Finnmark	25 334	4	25 338	0,01	25 072	3	25 075	0,01
Vestfold og Telemark	46 615	1 812	48 427	3,74	46 624	1 691	48 315	3,5
Vestland	39 895	37 024	76 919	48,13	39 868	36 864	77 332	46,67
Viken	155 365	524	155 889	0,37	155 663	490	156 153	0,31
Oslo	68 462	1	68 463	0,00	68 388	2	68 390	0
Rogaland	49 442	14 259	63 701	22,38	49 934	14 145	64 079	22,07
Møre og Romsdal	16 228	15 242	31 470	48,43	16 339	15 134	31 473	48,09
Trøndelag	54 306	2	54 308	0,00	54 316	6	54 322	0
Nordland	26 553	1	26 554	0,00	26 366	1	26 377	0
Sum	556 305	73 117	629 422	11,61	556 741	72 498	629 849	11,51

Lag og medlemstal Noregs Mållag

LAG	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	ENDRING
100 AUSTMANNALAGET	542	603	629	663	676	711	696	710	14 2 %
101 Nord-Østerdal dialekt- og mållag	22	23	22	39	44	37	36	37	1 2,8 %
102 Hadeland dialekt- og mållag	36	36	39	44	46	44	46	56	10 21,7 %
103 Elverum dialekt- og mållag*	11	11	15	16	16	17	14	22	8 57,1 %
104 Folldal Mållag	30	32	35	41	40	38	37	35	-2 -5,4 %
105 Lillehammer Mållag	39	47	52	52	53	68	67	71	4 6 %
106 Gjøvik og omland Mållag*	6	6	6	6	7	9	5	5	0 -
107 Hamar Dialekt- og Mållag	57	63	63	72	76	82	78	73	-5 -6,4 %
108 Mållaget Ivar Kleiven	110	108	118	118	114	119	120	119	-1 -0,8 %
111 Ringebu Mållag* (lagt ned 2022)	4	4	4	3	3	3	0	0	0 -
112 Gausdal Dialekt- og Mållag	40	46	49	48	51	51	48	49	1 2,1 %
113 Lom og Skjåk Dialekt- og Mållag	16	45	52	51	50	59	61	62	1 1,6 %
115 Toten dialekt- og mållag	29	32	32	29	31	33	33	32	-1 -3 %
116 Trysil Mållag*	8	7	6	6	6	8	8	8	0 -
118 Odal Mållag* (lagt ned 2022)	2	4	4	3	3	2	0	0	0 -
119 Lesja og Dovre Dialekt- og Mållag	36	38	39	36	37	42	38	42	4 10,5 %
120 Fron Mållag	89	94	87	91	91	91	96	90	-6 -6,3 %
121 Solør dialekt- og mållag (skipa -24)									
199 Direktemedl. Austmannalaget	7	7	6	8	8	8	9	9	0 -
200 VALDRES MÅLLAG	246	275	273	285	291	290	273	271	-2 -0,7 %
201 Etnedal Mållag	34	34	31	34	32	32	33	32	-1 -3 %
202 Nord-Aurdal Mållag	97	105	107	107	113	113	98	106	8 8,2 %
204 Sør-Aurdal dialekt- og mållag	28	28	26	24	26	29	27	26	-1 -3,7 %
205 Vang Mållag	32	44	50	50	50	49	50	45	-5 -10 %
206 Vestre Slidre Mållag	22	27	24	32	35	31	31	27	-4 -12,9 %
207 Øystre Slidre Dialekt- og Mållag	31	36	35	38	35	36	34	35	1 2,9 %
299 Direktemedl. Valdres Mållag	2	1	0	0	0	0	0	0	0 -
300 BUSKERUD MÅLLAG	399	429	394	416	422	423	403	419	16 4 %
301 Drammen og Eiker Mållag	49	56	53	56	61	73	67	71	4 6 %
302 Gol Mållag	46	45	48	48	51	49	47	47	0 -
303 Hemsedal Mållag	90	107	92	97	89	80	76	82	6 7,9 %
304 Hol Mållag (gått inn i Ål M.)	39	41	34						
307 Numedal Mållag	50	49	46	55	61	65	60	60	0 -
308 Ål og Hol Mållag (samanslegne 2019)	119	124	114	154	153	148	146	152	6 4,1 %
399 Direktemedl. Buskerud Mållag	6	7	7	6	7	8	7	7	0 -
400 FYLKESMÅLLAGET VIKVÆRINGEN	1427	1495	1492	1629	1689	1928	1894	2094	200 10,6 %
401 BUL Oslo	502	439	444	538	529	498	528	595	67 12,7 %
402 Bærum Mållag	86	94	92	118	122	138	138	158	20 14,5 %
405 Oslo mållag	456	556	562	565	623	812	761	851	90 11,8 %
406 Teatermållaget	45	44	43	40	29	34	30	29	-1 -3,3 %
407 Asker Mållag	34	37	33	40	41	53	58	68	10 17,2 %
409 Øvre Romerike Mållag*	34	34	32	33	34	40	38	43	5 13,2 %
410 Ås Mållag	66	69	65	64	64	65	63	69	6 9,5 %
412 Lørenskog Mållag*	14	13	14	15	16	16	16	16	0 -
413 Follo Mållag	43	51	50	47	50	66	62	66	4 6,5 %
414 Sandefjord og Sandar Mållag	85	91	90	99	104	119	119	112	-7 -5,9 %
415 Nøtterø Mållag* (lagt ned 2022)	1	1	1	1	0	0	0	0	0 -
416 Bakkenteigen Mållag*	14	14	15	13	13	13	11	12	1 9,1 %
499 Direktemedl. Fylkesm. Vikværingen	9	8	7	7	7	7	6	6	0 -
9807 Skedsmo Mållag	38	44	44	49	57	67	64	69	5 7,8 %

LAG		2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	ENDRING
500	TELEMARK MÅLLAG	479	495	502	516	533	523	521	544	23 4,4 %
501	Bø mållag*	77	84	79	81	81	85	74	77	3 4,1 %
502	Mållaget Dag	48	51	47	43	45	51	51	58	7 13,7 %
503	Drangedal Mållag*	21	23	22	21	18	17	17	17	0 -
504	Heddal/Notodden Mållag*	11	13	14	13	16	15	13	14	1 7,7 %
505	Hjartdal dialekt- og mållag	22	24	26	26	27	29	29	32	3 10,3 %
506	Kviteseid Mållag	34	32	35	38	39	39	40	41	1 2,5 %
507	Lunde Mållag	3	4	6	13	17	14	13	13	0 -
508	Nes Mållag*	34	31	32	31	29	27	25	23	-2 -8 %
511	Seljord Mållag	39	45	44	44	44	42	43	47	4 9,3 %
512	Vinje Mållag	90	93	95	102	110	103	112	117	5 4,5 %
513	Tokke Mållag	19	18	23	25	27	26	27	27	0 -
514	Tinn Dialekt- og Mållag*	30	28	27	26	27	24	21	19	-2 -9,5 %
515	Nissedal Mållag	43	41	44	45	45	43	48	51	3 6,3 %
516	Fyresdal Mållag*	5	5	5	5	5	5	5	5	0 -
599	Direktemedl. Telemark Mållag	3	3	3	3	3	3	3	3	0 -
600	AUST-AGDER MÅLLAG	288	301	293	294	294	304	290	290	0 -
601	Austegdelaget	37	48	48	49	48	46	43	37	-6 -14 %
602	Bygland Mållag	48	51	46	49	49	51	50	46	-4 -8 %
603	Gjerstad Mållag*	18	17	17	20	16	18	16	17	1 6,3 %
605	Grimstad dialekt- og mållag	50	65	65	66	65	65	64	66	2 3,1 %
606	Valle Mållag	43	39	36	35	38	39	37	45	8 21,6 %
607	Vegusdal dialekt- og mållag*	15	13	12	10	10	9	9	9	0 -
608	Åmli Mållag	33	29	25	22	22	24	22	22	0 -
609	Vegårshei Mållag	23	18	24	20	16	20	20	18	-2 -10 %
610	Bykle Mållag	19	19	18	19	19	17	14	15	1 7,1 %
699	Direktemedl. Aust-Agder Mållag	2	2	2	4	11	15	15	15	0 -
700	VEST-AGDER MÅLLAG	585	591	581	597	598	625	591	589	-2 -0,3 %
701	Lindesnes Ungdomslag	72	72	74	74	74	76	74	77	3 4,1 %
702	Evje og Hornnes Mållag	43	44	40	41	42	41	41	39	-2 -4,9 %
703	Flekkefjord U.lag og Mållag	38	36	35	35	35	36	35	28	-7 -20 %
705	Iveland Mållag	21	18	21	19	15	17	15	16	1 6,7 %
706	Mållaget i Kristiansand	127	129	123	122	131	153	135	133	-2 -1,5 %
707	Kvinesdal Mållag*	20	18	19	19	20	20	17	18	1 5,9 %
708	Marnar Mållag	61	66	63	58	58	55	49	44	-5 -10,2 %
709	Songdalen Mållag	24	23	22	20	27	26	24	24	0 -
710	Søgne Mållag	20	23	22	24	21	26	25	24	-1 -4 %
711	Vennesla Dialekt- og Mållag	22	26	23	26	25	23	24	29	5 20,8 %
712	Lista Mållag	42	45	52	59	50	48	55	58	3 5,5 %
713	Grindheim Mållag*	22	20	20	23	26	27	24	25	1 4,2 %
714	Åseral Mållag	17	15	16	20	17	17	17	17	0 -
715	Sirdal Mållag*	27	25	21	18	18	19	19	18	-1 -5,3 %
716	Tingvatin Mållag*	13	14	14	22	21	20	18	17	-1 -5,6 %
717	Kvås Mållag	13	14	13	15	16	19	17	20	3 17,6 %
799	Direktemedl. Vest-Agder Mållag	3	3	3	2	2	2	2	0 -	
800	ROGALAND MÅLLAG	1070	1160	1131	1187	1272	1333	1287	1288	1 0,1 %
801	BUL Stavanger	103	105	103	130	128	115	118	108	-10 -8,5 %
802	Dalane Mållag	33	38	39	36	40	41	42	44	2 4,8 %
803	Finnøy M.* (inn i Stavanger M. -22)	16	17	12	12	16	16	0	0	0 -
804	Forsand Mållag	21	21	19	18	18	19	19	18	-1 -5,3 %
805	Gjesdal Mållag	58	63	62	60	63	66	65	63	-2 -3,1 %

Vedlegg og statistikk

LAG		2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	ENDRING
806	Hjelmeland Mållag	54	75	87	79	72	74	67	64	-3 -4,5 %
807	Sandnes Mållag	107	115	106	101	107	114	108	109	1 0,9 %
808	Hå Mållag	47	52	49	43	54	61	63	64	1 1,6 %
809	Klepp Mållag (inn i Time M.)	64	67	65	66					
811	Sauda Mållag	44	43	42	53	62	65	66	69	3 4,5 %
812	Sjernarøy M. (inn i Stavanger M. -22)	12	12	11	10	10	10	0	0	
813	Stavanger Mållag	150	186	173	183	205	231	272	280	8 2,9 %
814	Strand Mållag	53	53	50	52	51	65	72	75	3 4,2 %
815	Suldal Mållag	91	99	90	114	129	128	113	106	-7 -6,2 %
816	Jæren Mållag (tidl. Time Mållag)	147	150	146	151	231	237	221	225	4 1,8 %
817	Randaberg M. (inn i Stavanger M.)	9								
818	Sola Mållag	40	46	49	50	55	61	59	61	2 3,4 %
819	Rennesøy M. (inn i Stavanger M. -22)	19	17	26	28	30	29	0	0	
899	Direktemedl. Rogaland Mållag	2	1	2	1	1	1	2	2	0 -
900	KARMSUND MÅLLAG	441	481	479	498	498	542	529	554	25 4,7 %
901	Etne Mållag	65	67	64	59	66	66	66	61	-5 -7,6 %
902	Haugesund Mållag og U. lag	85	77	77	84	81	94	90	88	-2 -2,2 %
903	Karmøy Dialekt- og Mållag	32	56	60	75	74	87	81	90	9 11,1 %
904	Sveio Mållag	61	65	64	61	61	61	65	67	2 3,1 %
907	Skånevik Mållag	46	42	40	40	40	44	40	47	7 17,5 %
909	Tysvær mållag	46	57	59	62	64	65	69	67	-2 -2,9 %
910	Vindafjord Mållag	88	89	86	84	75	85	82	94	12 14,6 %
911	Bokn Mållag	13	17	15	13	13	14	13	12	-1 -7,7 %
999	Direktemedl. Karmsund Mållag	5	11	14	20	24	26	23	28	5 21,7 %
1000	HORDALAND MÅLLAG	2984	3172	3075	3110	3258	3755	3596	3759	163 4,5 %
1001	Alversund Mållag	91	90	87	92	106	112	115	116	1 0,9 %
1002	Arna Mållag	67	66	62	66	76	89	79	78	-1 -1,3 %
1003	Bergen ungdomslag Ervingen	197	232	230	214	215	163	185	178	-7 -3,8 %
1005	Fana Mållag	96	105	100	101	101	128	123	113	-10 -8,1 %
1006	Kvinnherad Mållag	127	130	129	120	127	189	157	174	17 10,8 %
1007	Jondal Mållag	35	35	36	42	39	42	46	48	2 4,3 %
1008	Kvam Mållag	80	82	80	86	105	147	153	164	11 7,2 %
1009	Lindås Mållag	50	52	51	51	52	54	49	52	3 6,1 %
1010	Odda Mållag	145	149	141	140	137	141	142	142	0 -
1011	Bjørnafjorden Mållag	94	99	92	94	133	159	148	163	15 10,1 %
1012	Osterfjorden Mållag*	47	48	45	43	44	40	38	41	3 7,9 %
1013	Stord Mållag	258	282	262	262	264	322	323	313	-10 -3,1 %
1014	Ulvik Mållag	39	40	37	35	37	41	42	51	9 21,4 %
1015	Voss Mållag	249	261	251	260	275	296	296	311	15 5,1 %
1017	Meland Mållag	68	79	77	79	81	90	96	95	-1 -1 %
1018	Osterøy Mållag*	84	85	86	84	81	87	87	91	4 4,6 %
1019	Radøy Mållag	93	94	92	90	87	93	88	85	-3 -3,4 %
1020	Granvin Mållag*	7	8	7	7	6	9	5	4	-1 -20 %
1021	Ullensvang Mållag	146	145	142	146	153	151	148	157	9 6,1 %
1022	Austevoll Mållag	39	38	40	38	40	43	44	42	-2 -4,5 %
1023	Bømlo Mållag*	54	54	52	52	47	84	75	68	-7 -9,3 %
1024	Fitjar Mållag (inn i Stord M. 2022)	0	15	28	25	33	0	0	0	
1025	Sotra Mållag	137	150	148	141	139	153	146	154	8 5,5 %
1026	Askøy Mållag	41	52	46	52	59	64	60	67	7 11,7 %
1028	Bergen Mållag	471	529	506	527	601	782	730	840	110 15,1 %
1029	Masfjorden Mållag*	26	26	27	25	26	31	26	30	4 15,4 %
1030	Samnanger Mållag*	16	13	12	10	11	13	12	11	-1 -8,3 %

LAG	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	ENDRING
1031 Eidfjord Mållag* (lagt ned 2022)	4	4	3	4	4	4	0	0	
1032 Fusa Mållag* (inn i Bjørnafjorden M.)	30	31	31	30					
1033 Tysnes Mållag*	11	9	8	8	8	10	8	11	3 37,5 %
1034 Ølve Mållag*	103	99	96	93	91	90	84	79	-5 -6,0 %
1035 Vaksdal Mållag*	3	6	7	10	11	15	11	11	0 -
1036 Øygarden Mållag	27	28	30	26	28	30	37	39	2 5,4 %
1037 Ågotnes Mållag (lagt ned 2023)	0	2	11	9	11	9	0	-9	-100 %
1099 Direktemedl. Hordaland Mållag	49	51	45	43	40	39	34	31	-3 -8,8 %
1100 SØGN OG FJORDANE MÅLLAG	1063	1127	1111	1171	1249	1434	1390	1444	54 3,9 %
1101 Hyllestad Mållag*	15	14	14	13	13	13	13	13	0 -
1105 Kyrkjebø Mållag	54	53	55	56	56	61	64	69	5 7,8 %
1106 Sogndal Mållag	135	142	140	144	240	273	259	277	18 6,9 %
1107 Balestrand M. (inn i Sogndal M. -20)	34	37	34	34					
1108 Årdal Mållag*	25	26	21	22	22	25	25	25	0 -
1109 Lærdal Mållag	57	62	59	62	61	63	70	74	4 5,7 %
1110 Leikanger M. (inn i Sogndal M. -20)	43	42	42	40					
1111 Luster Mållag*	75	77	72	76	81	81	77	81	4 5,2 %
1112 Vik Mållag	36	36	42	67	73	71	75	75	0 -
1115 Davik Mållag* (lagt ned 2022)	2	3	3	3	3	4	0	0	
1116 Flora Mållag*	80	88	82	82	86	110	100	93	-7 -7 %
1117 Førde Mållag	126	127	128	133	146	192	186	199	13 7 %
1118 Nordfjordeid Mållag*	34	38	32	33	41	49	47	49	2 4,3 %
1119 Gloppe Mållag	101	116	116	115	126	152	149	158	9 6 %
1120 Stryn og Hornindal Mållag*	30	35	32	35	43	54	48	52	4 8,3 %
1121 Naustdal Mållag	56	57	62	66	68	71	69	70	1 1,4 %
1122 Ytre Nordfjord Mållag*	16	21	22	33	37	43	42	37	-5 -11,9 %
1123 Jølster Mållag	71	72	75	78	75	81	83	85	2 2,4 %
1124 Fjaler Mållag*	38	44	45	46	49	53	49	55	6 12,2 %
1125 Selje M.g* (inn i Ytre Nordfjord M.)	2	4	4						
1199 Direktemedl. Sogn og Fjordane M.	33	33	31	33	29	38	34	32	-2 -5,9 %
1300 SUNNMØRE MÅLLAG	964	1037	1012	1067	1133	1260	1274	1350	76 6 %
1301 Borgund Mållag	61	66	65	75	92	111	128	164	36 28,1 %
1302 Giske Mållag	32	34	38	36	35	40	52	52	0 -
1304 Hareid Mållag	112	122	121	125	127	142	134	138	4 3 %
1307 Ulstein Mållag	78	83	87	91	93	98	99	98	-1 -1 %
1309 Volda Mållag	129	138	126	135	154	175	173	184	11 6,4
1310 Skodje&Ørskog M. (til Borgund -23)	35	36	33	38	39	41	34	0	-34 -100 %
1311 Ørsta mållag	141	151	146	146	153	184	171	191	20 11,7 %
1312 Sykkylven Mållag	37	39	45	47	51	58	58	74	16 27,6 %
1313 Herøy Mållag	72	73	70	77	79	83	94	111	17 18,1 %
1314 Vanylven Mållag	29	43	42	43	45	51	50	51	1 2 %
1315 Indre Storfjord mållag	32	33	35	37	37	41	42	44	2 4,8 %
1316 Sula Mållag	44	42	42	45	46	43	44	44	0 -
1317 Haram Mållag*	51	62	59	56	62	71	71	71	0 -
1318 Sande Mållag*	56	57	48	50	48	47	47	44	-3 -6,4 %
1319 Stranda Mållag	43	48	46	57	62	66	70	77	7 10 %
1399 Direktemedl. Sunnmøre Mållag	12	10	9	9	10	9	7	7	0 -
1400 ROMSDAL MÅLLAG	178	218	236	256	265	279	272	281	9 3,3 %
1401 Molde Mållag	74	78	78	88	88	90	91	96	5 5,5 %
1403 Aukra Mållag*	8	8	8	16	17	17	16	17	1 6,3 %
1404 Vestnes Mållag	27	31	32	32	33	35	35	37	2 5,7 %

Vedlegg og statistikk

LAG	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	ENDRING
1406 Hustadvika Mållag	16	49	61	65	65	67	72	79	7 9,7 %
1408 Rauma Mållag	43	42	48	47	55	62	56	50	-6 -10,7 %
1411 Nerset Mållag* (lagt ned 2022)	7	8	7	7	6	6	0	0	
1499 Direktemedl. Romsdal Mållag	3	2	2	1	1	2	2	0	-
1500 NORDMØRE MÅLLAG	269	291	282	298	302	305	295	290	-5 -1,7 %
1501 Aure Mållag	27	27	26	26	24	27	29	27	-2 -6,9 %
1503 Fosna Mållag	19	24	23	25	24	30	29	32	3 10,3 %
1504 Gjemnes Mållag	48	53	51	53	51	47	45	49	4 8,9 %
1505 Surnadal Heimbygddlag	43	47	44	49	50	48	59	60	1 1,7 %
1508 Sunndal Mållag	66	70	68	74	77	77	79	74	-5 -6,3 %
1509 Rindal Heimbygddlag (lagt ned 2022)	19	22	20	21	20	20	0	0	
1510 Tingvoll Mållag	25	26	27	28	31	30	30	25	-5 -16,7 %
1511 Halsa Heimbygddlag	17	17	19	17	18	19	17	17	0 -
1599 Direktemedl. Nordmøre Mållag	5	5	4	5	7	7	7	6	-1 -14,3 %
1600 TRØNDERLAGET	471	492	481	488	499	578	566	582	16 2,8 %
1601 Levanger Mållag	53	61	58	57	59	67	66	64	-2 -3,0 %
1603 Hemne Mållag* (lagt ned 2022)	3	4	3	3	1	1	0	0	
1604 Inderøy Mållag	39	39	38	38	36	36	35	34	-1 -2,9 %
1609 Nidaros Mållag	155	166	167	167	183	235	230	242	12 5,2 %
1612 Rennebu Mållag*	15	15	15	17	17	19	19	19	0 -
1615 Skaun Mållag*	39	36	33	31	35	35	35	35	0 -
1617 Mållaget Snåsningen* (lagt ned 2022)	3	3	0	3	3	5	0	0	
1618 Mållaget Sparbyggjen	31	30	31	29	29	28	28	28	0 -
1619 Steinkjer Mållag	26	30	26	27	27	25	31	32	1 3,2 %
1620 Stjørdal Mållag	21	17	20	14	16	27	25	27	2 8 %
1622 Verdal Mållag	14	16	14	18	15	16	15	16	1 6,7 %
1625 Orkdal Mållag*	26	29	27	27	27	32	32	33	1 3,1 %
1627 Ogndal Mållag* (lagt ned 2022)	4	2	0	1	1	1	0	0	
1628 Melhus Mållag	13	14	20	26	23	24	26	28	2 7,7 %
1629 Sørøsene språk- og dialektlag*	6	7	7	8	7	7	7	6	-1 -14,3 %
1699 Direktemedl. Trønderlaget	23	23	22	22	20	20	17	18	1 5,9 %
1700 NAUMDØLA M. (lokallag frå -20)	42	47	47	41	0	0	0	0	
1701 Høylandet Mållag* (inn i 9813)	9	10	9	6	0	0	0	0	
1702 Ytre Namdal Mållag* (inn i 9813)	15	17	16	10	0	0	0	0	
1703 Overhalla Mållag* (inn i 9813)	12	13	13	13	0	0	0	0	
1799 Dir.medl. Naumdøla M. (inn i 9813)	6	7	9	12	0	0	0	0	
1800 NORDLAND MÅLLAG*	43	45	46	48	57	64	61	69	8 13,1 %
1802 Salten Mållag	25	29	29	29	38	39	36	43	7 19,4 %
1803 Bø Bygdelag* (lagt ned 2022)	4	3	4	3	4	4	0	0	
1809 Andøy Mållag* (lagt ned 2022)	1	1	1	1	1	1	0	0	
1810 Vesterålen Mållag				2	2	6	10	11	1 10 %
1899 Direktemedl. Nordland Mållag	13	12	12	13	12	14	15	15	0 -
1900 TROMS OG FINNMARK MÅLLAG	263	238	237	238	238	262	254	275	21 8,3 %
1902 Lenvik Mållag (lagt ned 2022)	1	1	1	1	1	1	0	0	
1903 Målselv Mållag	39	41	41	41	36	35	35	34	-1 -2,9 %
1904 Tromsø Mållag	89	97	95	96	104	122	118	132	14 11,9 %
1905 Balsfjord Mållag	17	18	18	19	18	18	18	20	2 11,1 %
1907 Nordreisa Mållag* (lagt ned 2022)	5	4	3	4	4	4	0	0	
1909 Alta Mållag*	8	7	8	8	6	7	9	11	2 22,2 %

LAG	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	ENDRING
1910 Varanger Mållag	31	41	41	38	37	42	40	41	1 2,5 %
1911 Harstad og omland Mållag	24	23	24	25	27	27	27	30	3 11,1 %
1912 Senjamållaget (til 9812)	37								
1999 Dir.medl. Troms og Finnmark M.	12	6	6	6	5	6	7	7	0 -
2200 ØSTFOLD MÅLLAG	139	154	163	174	167	189	184	189	5 2,7 %
2201 Fredrikstad Mållag	78	89	85	81	79	82	78	83	5 6,4 %
2202 Sarpsborg Mållag	18	19	21	27	25	31	29	31	2 6,9 %
2203 Indre Østfold Mållag	38	38	37	37	35	43	42	41	-1 -2,4 %
2204 Moss Mållag	0	19	28	27	33	35	34	34	-1 -2,9 %
2299 Direktemedl. Østfold Mållag	5	8	1	1	1	0	0	0	
9700 YRKESMÅLLAGA	462	494	490	501	507	502	504	522	18 3,6 %
9701 Løvebakken Mållag	13	11	12	13	24	33	33	32	-1 -3 %
9702 Medisinsk Mållag	104	107	109	105	104	99	96	99	3 3,1 %
9703 Juristmållaget	110	109	117	124	123	123	125	120	-5 -4 %
9706 Noregs Forretningsmållag*	4	4	4	4	3	3	3	3	0 -
9707 Noregs Lærarmållag	107	110	106	108	110	104	106	116	10 9,4 %
9710 Mediemållaget	110	111	107	111	110	107	107	111	4 3,7 %
9711 Teologisk Mållag*	1	1	1	1	1	1	1	1	0 -
9712 Landbruksmållaget*	12	11	9	10	10	10	9	10	1 11,1 %
9713 Trafikklærarm.* (lagt ned 2022)	1	1	1	1	1	1	0	0	
9714 Mållaget i LO-administrasjonen	3	29	24	24	21	21	24	30	6 25 %
9800 BEINVEGES INNMELDE LAG	44	81	79	82	133	141	134	123	-11 -8,2 %
9809 Vefsn Mållag	44	47	46	46	45	52	50	52	2 4 %
9812 Senjamållaget		34	33	36	41	43	41	32	-9 -22 %
9813 Naumdøla Mållag					47	46	43	39	-4 -9,3 %
9950 Direktemedl. i NM	12	14	17	22	23	35	32	39	7 21,9 %
9998 NOREGS MÅLLAG u/ NMU	12411	13240	13050	13581	14104	15483	15046	15682	636 4,2 %
9999 NOREGS MÅLLAG m/ NMU	13895	14744	14624	15051	15559	16785	16300	17002	702 4,3 %

* Desse laga er anten for små (under 10 medlemer) eller har ikke levert årsmelding dei tre siste åra.
Medlemstalet for laga som er med i både Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag gjeld berre medlemer over 14 år.

Møteverksemd

Lista viser dei møta som styremedlemer eller tilsette i Noregs Mållag har delteke på i arbeidsperioden. Styremøte og mindre møte er ikkje tekne med, heller ikkje interne arbeidsmøte og møte med NMU sentralt. Representantane for Noregs Mållag har halde innleiingar, talar, helsingar eller orienteringar på dei fleste møta som er oppførte.

DATO	STAD	TEMA	KVEN
2022			
06.04	Oslo	Årsmøte Løvebakken Mållag	Hauge, Endresen, Tennø
21.04	Suldal	Møte med ordførar, kommunedirektør og rektor ved vaksenopplæringa	Tennø, Lothe
03.05	digitalt	Møte om nettverk for nynorskbedrifter	Hauge
09.05	digitalt	Møte med Bergen kommune om nynorskklassen og klasselister	Endresen, Arnøy
02.06	Oslo	Styremøte i Oslo Mållag om aktuelle oppgåver	Ingar
03.06	Sandane	Elevprat om nynorsk og lærarmøte om Google chromebook	Hauge, Lothe
08.06	Ulsteinvik	Forspel til festspel med Herøy Mållag	Hauge, Sætre, Mikkelsen, Christensen, Endresen, Lothe
09.06	Ørsta	Møte i Nynorsk forum	Hauge, Endresen
09.–10.06	Ørsta/Volda	Dei nynorske festspela	Hauge, Sætre, Endresen, Lothe
20.06	digitalt	Om randsonearbeid i fylkeslaga	Arnøy
23.08	Oslo	Møte med statssekretær i Kulturdepartementet om boklov, språklov og tiltak for ein betre tospråkleg digital kvardag	Sætre, Endresen, Knudsen
24.08	digitalt	Møte med kommunaldirektør og skulebyråd i Bergen kommune om bruk av løvning til nynorsktiltak	Sætre, Endresen, Arnøy
24.08	digitalt	Møte med lokallaga i Nordhordland om at Alver vil arbeida for å bli Årets nynorskkommune	Endresen
25.08	Oslo	Panelsamtalen «Hvem eier språket?» i regi av Språkrådet	Sætre (i panelet), Endresen, Knudsen og Mikkelsen
29.08		Styremøte Valdres Mållag (Synnøve)	
05.09	Oslo	Hva betyr bokloven? Fellesarrangement mellom Mållaget og ei rekke andre organisasjonar Kulturminister Anette Trettebergstuen og nasjonalbibliotekar Aslak Sira Myhre om ny boklov	Endresen, Knudsen
07.09	Odda	Møte med Odda ungdomsskule og ope møte i Odda Mållag	Sætre
08.09	Ølen	Målferd på Ølen vidaregåande skule	Sætre
08.09	Etne og Ølen	Oppattskipingsmøte i Etne Mållag og Vindafjord Mållag	Sætre
22.09	Oslo	Møte i Forum for nynorsk i opplæringa	Hauge, Endresen
12.10	Oslo	Møte i Nynorsk forum	Hauge, Endresen
24.10	Oslo	Utdeling av Årets nynorskkommune	Endresen, Knudsen
25.10	Oslo	Møte med KS om digitaliseringa av Noreg	Hauge, Jensen, Endresen
25.10	Oslo	Høyring i kulturkomiteen om statsbudsjettet	Hauge, Endresen, Mikkelsen, Knudsen
25.10	Oslo	Høyring i utdanningskomiteen om statsbudsjettet	Hauge, Endresen, Mikkelsen, Knudsen
22.11	digitalt	Motivasjonsseminar om språkkafe som studiearbeid. Innleiing ved Nils Ulvund	
